



Mastergradsoppgåve i Samfunnsarbeid

# ”Det gir mykje – men det gir seg ikkje sjølv”

Ein kvalitativ studie om eldre i frivillige organisasjonar



Tove Vikanes Agdestein

Institutt for vernepleie og sosialt arbeid

Juni 2013

*Menneska bygger for mange murar  
og for få bruer.*

Isaac Newton

Framsidedfoto: K. Aasheim.

## Føreord

Denne oppgåva representerer slutten på ei reise i eit nytt og spanande landskap. Masterstudiet i samfunnsarbeid har gitt meg nye perspektiv og djupare forståing for tilhøvet mellom menneska og samfunnet. Denne kunnskapen har stor verdi for meg både som privatperson og som helsearbeidar. Eg håper at oppgåva mi kan bidra til å bygge nokre bruer, og kanskje rive nokre murar.

Eg vil takke dei ansvarlege for studiet for interessante føreløsingar, diskusjonar og ekskursjonar. Ein spesiell takk til veiledaren min, Kjell Underlid, for oppmuntring og konstruktive innspel. Takk også til medstudentar for lærerike gruppearbeid og inspirerende samtalar.

Tema for oppgåva har sprunge ut av mine erfaringar med frivillige organisasjonar. Takk til alle pensjonistar eg har fått lov å bli kjent med i dei ulike organisasjonane, både idrettslag, musikklag og andre. De er ei stor kjelde til inspirasjon!

Så til informantane i studien: Kvar og ein av dykk fortener ei stor takk for at de var villige til å delta, og for engasjementet og den positive innstillinga i fokusgruppa. Utan dykkar innsats hadde ikkje denne oppgåva blitt til.

Takk til gode kollegaer på jobben som har støtta og oppmuntra. Spesielt vil eg takka Trine som gav meg tru på at det var mulig, og Marte for gode råd og assistanse ved datainnsamlinga. Takk til *Fond til etter- og videreutdanning av fysioterapeuter* for økonomisk støtte.

Sist, men ikkje minst, ei stor takk til familien min som har gitt meg rom for å gjennomføre studiet. Takk til Torleiv for praktisk hjelp, støtte, oppmuntring og vilje til å lytte. Takk til Vegard for husrom, og Torbjørn for pusterom. Takk til Ane for omsorg og Caffè Latte når eg trong det som mest.

## INNHALD

1	Innleiing.....	8
1.1	Tema og bakgrunn for val av tema .....	8
1.2	Min posisjon i høve til tema.....	10
1.3	Problemstilling og avgrensing.....	11
1.4	Oppgåva sin struktur .....	12
2	Kunnskap om tema .....	12
2.1	Presentasjon av relevant forskning.....	12
2.2	Dei eldre .....	18
2.3	Helse og livskvalitet.....	20
2.4	Folkehelse .....	21
2.5	Livskraftige lokalsamfunn .....	22
2.6	Frivillige organisasjonar.....	23
3	Teori .....	26
3.1	Empowerment .....	27
3.2	Sosial kapital .....	29
3.3	Sosial deltaking – føresetnader og konsekvensar.....	30
3.4	Kollektiv handling.....	35
4	Metode.....	37
4.1	Vitskapsteoretisk ståstad .....	37
4.2	Val av forskingsdesign .....	38
4.2.1	Fenomenologi .....	38
4.2.2	Hermeneutikk .....	39
4.2.3	Sosialkonstruktivisme.....	39
4.3	Fokusgruppe .....	40
4.4	Tilgang til feltet.....	41

4.5	Utval.....	41
4.6	Gjennomføring av fokusgruppeintervjuet .....	43
4.7	Transkribering .....	44
4.8	Kategorisering og analyse av data.....	45
4.9	Etiske vurderingar .....	47
4.10	Drøfting av metode .....	48
5	Presentasjon og drøfting av funn .....	51
5.1	Samhandling og samfunnsarbeid i fokusgruppa .....	51
5.2	Kort presentasjon av sentrale funn.....	54
5.3	Faktorar som fremjar eller hemmar deltaking.....	56
5.3.1	Utval og tilgjenge .....	56
5.3.2	Verdiar, haldningar og oppfatningar .....	60
5.3.3	Dialog og støtte.....	63
5.3.4	Meining og vørdnad .....	63
5.3.5	Tru på eiga meistring (self-efficacy) .....	66
5.3.6	Bakgrunn og erfaring.....	67
5.3.7	Lyst og glede .....	70
5.4	Konsekvensar av deltaking for den einskilde.....	71
5.4.1	Identitet, tilhøyrse og sosial støtte.....	71
5.4.2	Sjølvkjensle og individuell empowerment .....	74
5.4.3	Livskvalitet og trivsel .....	76
5.4.4	Engasjement for saka.....	78
5.5	Konsekvensar av deltaking for eldre som gruppe .....	79
5.5.1	Kollektiv empowerment .....	80
5.5.2	Samanbindande sosial kapital.....	85
5.6	Konsekvensar for lokalsamfunnet.....	87
5.6.1	Sosial kapital .....	88

5.6.2	Demokrati .....	91
5.6.3	Folkehelse .....	93
5.6.4	Ressurs for fellesskapet .....	95
6	Oppsummering .....	96
7	Litteratur .....	102
8	Vedlegg.....	107

## Samandrag

Mastergradsoppgåve i samfunnsarbeid ved Høgskulen i Bergen 2013

Forfattar: Tove Vikanes Agdestein E-post: [tavagd@gmail.com](mailto:tavagd@gmail.com)

Tittel: *”Det gir mykje – men det gir seg ikkje sjølv”*

*Ein kvalitativ studie om eldre i frivillige organisasjonar*

Målet med studien er å undersøkje korleis deltaking i frivillige organisasjonar i Noreg påverkar dei eldre og samfunnet rundt dei. Bakgrunn er offentlege tilrådingar om å ta i bruk frivillige organisasjonar for å styrke folkehelse og berekrafta i samfunnet, samtidig som ein ser negative utviklingstrekk i frivillige sektor.

Det er lite forskning om eldre sine opplevingar knytt til deltaking i frivillige organisasjonar. Studien kan såleis vere eit nyttig bidrag til kunnskap om dei eldre sitt perspektiv.

Problemstillinga i oppgåva er: Kva kan deltaking i frivillige organisasjonar bety for eldre sin livskvalitet og for lokalsamfunnet si berekraft? Problemstillinga blir utforska gjennom 4 forskingsspørsmål knytt til barrierar for deltaking og konsekvensar av deltaking på individ, gruppe og samfunnsnivå.

Studien er ein kvalitativ samfunnsvitskapleg studie. Datainnsamling er gjort i fokusgruppe med eldre organisasjonsmedlemmer. Funna viser at eldre si organisasjonsdeltaking styrkar sjølvbilete og sosialt nettverk, synleggjer eldre sine ressursar og styrkjar sosial kapital, folkehelse og lokaldemokrati. Sosial utjamning i deltakinga, gode strukturelle vilkår og styrking av nivålenkande sosial kapital er strategiske område for individuell og kollektiv empowerment. Ein treng meir kunnskap om perspektiv til eldre som ikkje deltar.

Nøkkelord: Frivillige organisasjonar, eldre, empowerment, sosial kapital, folkehelse

## Abstract

Master's thesis in Community Work. Bergen University College 2013

Editor: Tove Vikanes Agdestein. E-mail: [tavagd@gmail.com](mailto:tavagd@gmail.com)

Title: "*It gives so much, but not by itself*". A qualitative study of elderly participants in Norwegian voluntary organizations (NGOs).

The intention of the study is to examine how participation in NGOs influence old citizens and the communities they are part of. The Norwegian government claims that participation in NGOs is important for sustainability and public health. At the same time one see that there is a decrease in participation among elderly people.

Little research has been done on the issue. This study might contribute to a better understanding of how old people themselves feel on this matter.

The topic of the thesis is: How can participation in NGOs contribute to quality of life for the elderly, and to the sustainability of the communities they are part of? This is examined through four research questions about barriers for participation, and consequences of participation for individuals, groups and community.

This is a qualitative study with data derived from focus group discussions with elderly members of organizations. The main findings are that being member of an organization improves old people's quality of life by strengthening their social network and pointing out their resources. Elderly people's participation yields social capital and public health. It also seems to benefit local democracy.

Social inequality in participation, structural strains and social capital are important focus for empowerment of the elderly. Further research is needed to examine the perspectives of elderly people that do not participate.

Keywords: *NGOs, elderly, empowerment, social capital, public health.*



## 1 INNLEIING

Dette kapittelet gir ei oversikt over bakgrunnen for studien, og kva som er målet med forskingsprosjektet. Først blir temaet og bakgrunn for dette presentert. Element frå min eigen bakgrunn som påverkar studien blir løfta fram i ein eigen del. Deretter følgjer oversikt over problemstilling, forskingsspørsmål og oppbygging av oppgåva.

### 1.1 TEMA OG BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA

Demografiske framstillingar viser at talet og andelen eldre vil auke kraftig i Noreg dei kommande tiåra. Den såkalla eldrebylgja blir framstilt som ei stor utfordring for dei offentlege tenestene, og ein trussel mot samfunnet si velferd og berekraft. Det er difor i det offentlege si interesse at dei eldre har god helse og med det mindre trong for tenester. Dette er sentralt i *Samhandlingsreformen* (St.meld. nr 47 (2008-2009)) som viser til førebyggjande og helsefremmande tiltak som ein sentral strategi for å oppretthalde eit berekraftig velferdssamfunn. Den nye *Folkehelsemeldinga* seier at det skal leggjast til rette for å fremje eldre si deltaking i samfunnet, m.a. ved å legge til rette for kulturelle og frivillige aktivitetar (Meld.St.34 (2012-2013)).

Å bli gamal treng ikkje bety tap av livskvalitet. Tvert imot finn ein at mange eldre er godt nøgde med livet (Loga 2010:52). Aldring medfører likevel endringar som kan ha innverknad på korleis ein har det. Nokre utfordringar er personlege opplevingar knytt til eigen kropp eller tilhøvet til dei næraste, medan andre handlar om samspelet med samfunnet ein lever i. Dette samspelet er tema for denne studien. I ei tid med fokus på produktivitet, vekst og utvikling, er dei eldre i aukande grad framstilt som ei belastning for storsamfunnet. Kjensla av mindreverd og avmakt er tydeleg i sitatet frå eit debattinnlegg i BT:

*”(..)å våkne opp som pensjonist av en bønne kaldt vann i fjeset, så bli samfengt plassert i gruppen ”gamlingene”, for deretter å bli sjøsatt som en trussel for dem som befinner seg på fast grunn og gjerne vil ha sitt på det tørre” (Grotle 2012).*

Forfatternen av dette innlegget opplever å bli plassert i ein kategori ho ikkje kjenner seg heime i, men som like fullt medfører ein ny, devaluert posisjon i samfunnet. Ho blir utsett for alderisme – som i fylgje Daatland betyr diskriminerande haldningar overfor eldre (2008). I fylgje Browne (2003), har diskursen om eldre vore fanga i nedsetjande alderisme, med bilete av eldre som uproduktive, fysisk og mentalt funksjonshemma menneske. Sentrale teoretikarar som Foucault, Gramsci og Habermas har synleggjort korleis maktstruktur og hegemoni påverkar autonomien til individ og grupper (Ledwith and Springett 2010). I tillegg til konsekvensar av undertrykking og urettferd, vil redusert råderett over eige liv i seg sjølv kunne gi redusert livskvalitet.

Dei eldre er ikkje ei homogen gruppe, det finns mange døme på ressurssterke eldre med mykje makt. Men eg finn det likevel rett å omtale eldre som ei marginalisert samfunnsgruppe, då det, som Daatland og Solem peikar på, er grunn til å tru at mange eldre opplever framandgjerjing og avmakt (2011:227). Eit mål for prosjektet mitt er å bidra til kunnskap om faktorar som kan motverke marginalisering av eldre.

Samfunnsarbeid kan definerast som ein prosess for å støtte menneske som ønskjer å gjere sine egne fellesskap betre gjennom kollektiv handling (Henriksbø and Sudmann 2011). Det handlar om å fremje livskraftige og inkluderande lokalsamfunn der alle kan trivast. Ledwith skriv at mål for all samfunnsutvikling bør vere å skape ei verd prega av fellesskap, mangfald og likeverd. Innbyggerane er sjølv dei viktigaste aktørane for endring, og samfunnsarbeidet handlar om å medverke til at dette skjer (Ledwith and Springett 2010:16).

Fleire nyare stortingsmeldingar og offentlege utgreiingar legg vekt på verdiar som mangfald, sosial rettferd, berekraft og livskvalitet (NOU 1998 ; St.meld. nr 10 (2011-2012) ; St.meld. nr 47 (2008-2009)). Men dei offentlege føringane synes å ha mindre fokus på at endring skal skje nedanfrå. Sjølv om brukarmedverknad ofte er nemnt, er mål og tiltak langt på veg bestemt. Samfunnsarbeid og den forståinga det byggjer på, kan difor etter mi meining vere verdifull i eit arbeid som elles står i fare for å medverke til å halde oppe undertrykking og marginalisering.

Eg har valt å fokusere på frivillig sektor. Denne sektoren har ein sentral plass i fleire offentlege strategiar, og blir trekt fram som ein viktig støttespelar til offentlege tilbod i arbeidet for eit betre samfunn for alle. Stortingsmeldinga *Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller* seier mellom anna: ”*Frivillige organisasjonar kan bidra til alternativ identitetstilhørighet og sosial inkludering av grupper som faller utenfor ordinære samfunnsfunksjonar som utdanning og arbeid*” (St.meld nr.20 2007). Deltaking i frivillige organisasjonar er sentralt i teori om sosial kapital (Sund 2009). Forskning om lykke og livskvalitet finn samanheng med frivillig deltaking både på individ- og samfunnsnivå. Størst positiv effekt finn ein hos dei eldre (Loga 2010).

Frivillige organisasjonar synast å ha potensiale både som arena for sosial deltaking og som knutepunkt mellom individ og samfunn. Utviklinga i frivillig sektor går derimot i retning av færre organisasjonar og medlemmer, større sosial skilnad i deltakinga, og svekka rolle som demokrati- og samfunnsaktør (Wollebæk and Selle 2002:67-69). Når det gjeld dei eldre, ser ein at kultur- og fritidsorganisasjonar i liten grad greier å tiltrekke seg pensjonistar (St.meld. nr.39 (2006-2007)). Det er usikkert kva dette skuldast. Framvekst av egne seniortilbod kan tyde på at frivillige organisasjonar generellt har utforma strukturane sine utifrå andre grupper sine behov.

Etter det eg kan finne, er det gjort lite forskning på kva norske eldre opplever påverkar deira deltaking i frivillige lag. Loga etterlyser i si kunnskapsoppsummering meir kunnskap om motivasjonsfaktorar for deltaking (Loga 2010:99). Eg ønskjer difor å undersøke eldre sine erfaringar, gjennom intervju av eldre. Målet er å få ei auka forståing for eldre si deltaking

i organisasjonar, og med det bidra til kunnskap om mulige samfunnsarbeidsstrategiar for å motverke undertrykking og fremje gode lokalsamfunn.

## 1.2 MIN POSISJON I HØVE TIL TEMA

Val av tema er også gjort på bakgrunn av egne erfaringar og interesser. Eg har erfaringar frå ulike områder, både i utdanning, yrkesliv og privat. Fire område er sentrale i utforminga av denne studien. Dei er mine erfaringar som:

- Kommunefysioterapeut
- Folkehelsekoordinator
- Masterstudent i samfunnsarbeid
- Mangeårig medlem i frivillige organisasjonar

Eg vil no utdjupe korleis kvar av desse erfaringane har innverknad.

Fysioterapi handlar om å bidra til at personar med redusert funksjonsevne tar i bruk egne ressursar for oppnå så normal funksjon og så høg livskvalitet som mulig. Kroppsleg funksjon er spesielt vektlagt, og ulike former for fysisk aktivitet er sentrale verkemiddel både for førebygging og rehabilitering. Frivillige organisasjonar er her viktige som tilretteleggarar for aktivitet med låg terskel. Som kommunefysioterapeut har arbeidet med eldre gitt erfaringar om at aktivitet og sosial deltaking er viktig for livskvaliteten. Samtidig ser eg at for mykje tilrettelegging og fokus på funksjonssvikten kan svekke engasjementet og redusere aktivitetsnivået. Slik kan offentlege tenester medverke til framandgjerding og marginalisering.

Folkehelsearbeid rettar seg både mot samfunnsstrukturar og helsefremjande tiltak. Det har eit salutogent perspektiv (Tellnes 2007:144), og fokuserer difor mest på faktorar som styrkjar helse og livskvalitet. I stillinga som folkehelsekoordinator samarbeider eg mykje med frivillig sektor. Eg opplever at lag og organisasjonar spelar ei viktig rolle som helsefremjande aktør for ulike aldersgrupper. Men det er og grupper som i liten grad tek del i denne aktiviteten. Eit mål med folkehelsearbeidet er å leggje til rette for at fleire blir inkludert i helsefremjande aktivitetstilbod.

Samfunnsarbeid har, slik eg ser det, mange av dei same perspektiva som folkehelsearbeid. I samfunnsarbeid er det eit tydelegare fokus på grupper som opplever marginalisering, og årsakssamanhengar knytt til dette. Som mastergradsstudent har eg fått klarare medvit om hegemoni og maktstrukturar sin innverknad på kvardagslivet. Spesielt har eg fått forståing for verdien av å ha eit nedanfrå-og-opp perspektiv i arbeidet for eit betre samfunn for alle.

Eg har sjølv erfaring som medlem i ulike frivillige organisasjonar heilt sidan barndomen. Deltakinga har vore, og er framleis, viktig for identitet og nettverk både for meg sjølv og for personar i familie og nær omgangskrets. Mine positive opplevingar pregar mitt syn på frivillige organisasjonar si rolle for livskvalitet og folkehelse.

Faglig forforståing dreier seg m.a. om kva for eksisterande kunnskap og hypotesar ein er eining eller ueinig i (Halkier and Gjerpe 2010:23). Mi forforståing i denne studien er, som vist over, samansett av ulike retningar og perspektiv. Desse perspektiva er nokon gonger samanfallande, andre gonger motstridande. Eg har difor få endelege standpunkt eller klare sanningar. Eg opplever at forforståinga mi er ein prosess under utvikling, der element frå dei ulike perspektiva gjer seg gjeldande utifrå den aktuelle problemstillinga.

### 1.3 PROBLEMSTILLING OG AVGRENSING

Mitt fokus for denne oppgåva, er frivillige organisasjonar sin funksjon for å fremje helse og livskvalitet hos eldre, og medverke til livskraftige lokalsamfunn. Eg søker kunnskap om kor tilgjengelege frivillige organisasjonar er for eldre, og kva som må til for å gjere dei meir tilgjengelege. I tillegg vil eg utforske kva verknader deltaking i frivillige organisasjonar har for dei eldre sin situasjon, og for heile lokalsamfunnet. Hovudproblemstillinga er som følgjer:

#### **Kva kan eldre si deltaking i frivillige organisasjonar bety for eldre sin livskvalitet og for lokalsamfunnet si berekraft?**

Problemstillinga er relativt omfattande, og inneheld både individ-, gruppe- og samfunnsperspektiv. Eg har difor konkretisert og avgrensa problemstillinga gjennom fire forskningsspørsmål:

1. Kva for faktorar opplever eldre fremjar eller hemmar deira deltaking i frivillige organisasjonar?
2. Kva innverknad opplever eldre at deira deltaking i frivillige organisasjonar har på korleis livet deira artar seg her og no?
3. Korleis verkar eldre si deltaking i frivillige organisasjonar inn på eldre sin situasjon generelt?
4. Korleis verkar eldre si deltaking i frivillige organisasjonar inn på lokalsamfunnet?

Omgrepet *eldre* blir her brukt om alderspensjonistar, dvs. personar over ca. 65 år. Med *deltaking* meiner eg aktivt medlemskap – at ein på ein eller annan måte deltar i dei aktivitetane organisasjonen driv. Dette inkluderer både frivillig arbeid<sup>1</sup> og andre former for medlemsaktivitet. *Frivillige organisasjonar* er i denne oppgåva avgrensa til lokale kultur- og fritidsorganisasjonar. Omgrepet *lokalsamfunnet* siktar hovudsakleg til heimstadkommunen, men kan også bety bygda/byen ein bur i.

---

<sup>1</sup> Frivillig arbeid blir definert som frivillig ulønna arbeidsinnsats for eller av frivillige organisasjonar (Wollebæk 2010).

## 1.4 OPPGÅVA SIN STRUKTUR

I teksten fram til no, har eg presentert tema for studien, bakgrunn for val av tema, min posisjon i høv til tema, problemstilling og forskingsspørsmål. Eg vil no gi ei kort oversikt over strukturen i resten av oppgåva.

Kapittel 2 inneheld oppdatert kunnskap om sentrale område innanfor temaet. Først blir eit utval nyare norske kunnskapsoppssummeringar og forskingsbidrag innanfor temaet presenterte kvar for seg. Deretter fylgjer ei avklaring og kunnskapsoversikt for kategoriane eldre, helse- og livskvalitet, folkehelse, livskraftige lokalsamfunn og frivillige organisasjonar.

Kapittel 3 presenterer teoriar som er studien sine sentrale perspektiv i analyse og drøfting av funn.

Kapittel 4 omhandlar metodiske val. Vitskapsteoretisk ståstad og bakgrunn for val av metode blir presentert først, deretter ei skildring av framgangsmåte ved innsamling av data. Til slutt blir etikk og metodebruk vurdert og drøfta.

I kapittel 5 blir funna presentert og drøfta. Først kjem ei drøfting av samhandling og samfunnsarbeid i gjennomføringa av fokusgruppeintervjuet. Så følgjer ein kort presentasjon av sentrale funn. Deretter fylgjer ei utfyllande framstilling og drøfting av funn knytt til kvart av forskingsspørsmåla.

Kapittel 6 er ei oppsummering som inneheld hovudkonklusjonar knytt til problemstilling og forskingsspørsmål, og refleksjonar rundt studien sin verdi for samfunnsarbeid.

Til slutt i oppgåva kjem oversikt over litteratur, og 4 vedlegg.

## 2 KUNNSKAP OM TEMA

Dette kapitlet presenterer kunnskapsstatus på områder som eg vurderer som sentrale for forskingsprosjektet. Først blir eit utval nyare forskning presentert. Deretter blir kunnskap om sentrale omgrep og fenomen omtala. Til slutt kjem ei kort oppsummering av dei viktigaste påstandane.

### 2.1 PRESENTASJON AV RELEVANT FORSKING

Frivillig sektor er eit område som har fått mykje fokus i forskingsmiljøa dei seinare åra, både i Noreg og internasjonalt. Også innanfor politikken har interessa for frivillig sektor auka, noko ein finn døme på i stortingsmeldingar og andre politiske dokument. Noreg

synes å ha svært aktive forskingsmiljø innanfor dette feltet. Fleire kunnskapsoppsummeringar gir, slik eg ser det, god oversikt over kunnskap som er relevant for norske tilhøve. For å avgrense omfanget av oppgåva har eg difor valt å ta utgangspunkt i norsk forskning. Eg er merksam på at mykje av den forskinga eg har valt ut har bindingar seg imellom. M.a. er fleire av forskarane tilsett ved same forskingsinstitusjon. Dette kan bety at perspektiva blir for like og at andre perspektiv er fråverande. Eg finn likevel at ulike perspektiv er tilstrekkeleg ivaretatt i høve mitt prosjekt.

Det meste av forskinga nyttar kvantitative metodar. Det har ikkje lukkast meg å finne relevante kvalitative studiar knytt til eldre si deltaking i frivillige organisasjonar. Fleire av dei presenterte studiane peikar på at det er for lite kunnskap om dette feltet, og difor behov for meir forskning. Her følgjer mitt utval av forskingsbidrag:

### **Loga: *Livskvalitet***

Jill Loga har utarbeidd ei kunnskapsoppsummering om samanhengen mellom frivillig sektor, kultur og livskvalitet. Ho finn at frivillig sektor sin verdi for livskvalitet er spesielt tydeleg hos eldre. Organisasjonslivet er ein arena for å skape sosiale relasjonar og demokratiske verdiar. Det finnes lite dokumentert kunnskap om samanhengen mellom deltaking i frivillige organisasjonar og livskvalitet på individnivå. På samfunnsnivå er det derimot lite tvil om at kultur og frivillig engasjement er svært viktig for folkehelsa og trivselen i eit samfunn, og at deltaking i frivillige organisasjonar er ei undervurdert kjelde til å auke livskvaliteten. Det er likevel vanskeleg å påvise vitskaplege årsakssamanhengar utifrå eksisterande forskning (Loga 2010).

### **Enjolras, Steen-Johnsen og Ødegård: *Deltagelse i frivillige organisasjonar***

Enjolras, Steen-Johnsen og Ødegård ved *Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor*, har utarbeidd ein rapport om vilkår for- og effekt av deltaking i frivillige organisasjonar i Noreg. Rapporten fokuserer særleg på barn og unge, og på sosioøkonomiske skilnader for deltaking. Idrett- og kulturorganisasjonar representerer viktige arenaer for fysisk, kulturell og sosial utfolding.

Funn i studien viser ein tydeleg sosial skilnad i deltaking. Skilnaden er ikkje berre knytt til privat økonomi, men og til sosial identitet og posisjon. I følgje forfattarane treng ein meir kunnskap om symbolsk makt og identitet sin innverknad på deltaking. Sosial forankring til nærmiljøet er ein faktor som kjem i tillegg til andre bakgrunnsvariablar som kjønn, alder, inntekt osv. God sosial forankring fører til større grad av deltaking i lokale organisasjonar. Enjolras et. al hevdar at å leggje til rette for nettverksbygging, auka sosial tillit og tilhøyrsløse i lokalsamfunnet kan vere ein god strategi for å auke deltakinga.

Barrierar for deltaking fins både på individnivå, organisasjonsnivå og strukturnivå. Lokale styresmakter har ei viktig rolle i arbeidet for sosial og politisk integrering av utsette

grupper. For å minske barrierane er det viktig med samhandling mellom lokale samfunnsaktørar for å fremje nettverksbygging og tillit. Det må utviklast gode integreringsstrategiar i organisasjonane, og frivillig sektor treng tydelege rammevilkår og rolleavklaringar (Enjolras, Steen-Johnsen, and Ødegård 2012).

### **Slagsvold og Daatland: *Eldre år, lokale variasjoner***

Slagsvold og Daatland står bak rapporten *Eldre år, lokale variasjoner*. Rapporten byggjer på data frå den norske studien av livsløp, aldring og generasjon (NorLAG). Det å bli eldre fører ikkje berre med seg negative endringar, men også positive trekk i form av personleg vekst. Fleirtalet kjenner seg yngre enn dei er, og ønskjer å vere enda yngre. I studien finn dei at subjektiv livskvalitet aukar med alderen, under føresetnad av at ein har god helse og eit godt sosialt nettverk. Eldre er meir knytt til staden dei bur enn yngre. Auka kjensle av tilhørsle til lokalmiljøet kan sjåast som ei aktiv tilpassing til reduksjon i ressursar. Tilpassing mellom behov på den eine sida og tilbod, muligheter og avgrensingar på den andre, kan vere spesielt viktig for livskvaliteten til eldre, fordi eldre er meir avhengig av omgjevnadane.

Studien viser samanheng mellom tilknytning til lokalsamfunnet og kor tilfreds ein er med livet. Samanhengen er størst for eldre. Både sosiale og fysiske faktorar er viktige for kjensle av tilhørsle. Tilknytning til fysiske stader er ein faktor som bør takast meir omsyn til i planlegging av tilbod for eldre.

Studien har mellom anna analysert utbreiing av, og årsakar til einsemd. Forfattarane finn ingen indikasjonar på at deltaking i organisasjonar aleine reduserer risiko for einsemd. Her er nære relasjonar som familie og vener avgjerande. Elles finn dei at den generelle livskvaliteten er særleg påverka av korleis ein ser seg sjølv i høve til majoriteten. Det er den relative opplevinga av avvik som er avgjerande. Forfattarane etterlyser meir forskning om eldre sine subjektive opplevingar knytt til aldring (Daatland and Slagsvold 2006).

### **Sivesind: *Seniorers deltagelse i frivillig arbeid***

Karl Henrik Sivesind arbeider ved Institutt for samfunnsforskning. Han har utført ein studie av seniorar si deltaking i frivillig arbeid. Studien analyserer statistiske data frå statistisk sentralbyrå. Formålet er å finne årsaker til at tidsbruk på frivillig arbeid i frivillige organisasjonar går ned etter fylte 60 år. Sidan frivillig arbeid kan vere viktig både for den einskilde og for samfunnet, er det verd å sjå nærare på kva ein kan gjere for å involvere seniorar i større grad.

Mangfaldet i frivillig sektor opnar for eit stort spekter i oppgåver som treng å fyllast, og det skulle såleis vere plass til dei fleste. Studien finn derimot at frivillige organisasjonar, på same måte som i arbeidslivet, er selektive i høve til kven som får delta. Deltakarane må oppfylle (uformelle) krav om kompetanse, erfaring, nettverk, personlege eigenskapar og at

ein er mest mulig lik dei dominerande personane i miljøet. Dette fører til utestenging av grupper som frå før er marginaliserte. Haldningar og manglande tilrettelegging i organisasjonane er mulige årsaker. Kanskje har fokus på effektivitet, mål og produksjon ført til fortrenging av andre verdiar, også i frivillig sektor? Manglande tilrettelegging av transport og tilkomst er ein annan faktor som kan spele inn. Sivesind etterlyser meir forskning om årsakssamanhengar (Sivesind 2005).

### **Sivesind og Wollebæk: *Fra folkebevegelse til filantropi?***

Sivesind har saman med Dag Wollebæk utarbeidd ein rapport over utviklinga i frivillig sektor i Noreg for tidsrommet 1997-2009. Rapporten tar utgangspunkt i kvantitative data frå befolkningsundersøkingar. Ein finn ei utvikling mot større sosial skilnad i deltaking, noko som er med på å forsterke ulikskapar i samfunnet. Andre sentrale funn er mindre stabilitet i medlemskap og lausare tilknytning til organisasjonane. Fokus for frivillig engasjement rører seg frå samfunnsnytte og fellesskap til meir individualistiske motiv. Medlemsskapa blir meir passive, og ei aukande gruppe av innbyggjarane står heilt utanfor. Dei eldre si deltaking er relativ stabil, men også her finn ein aukande skilnad mellom dei mest aktive og dei minst aktive.

Av årsaker til denne utviklinga, nemner dei at dagens organisasjonssamfunn kan vere vanskeleg å orientere seg i. Nye organisasjonar er meir selektive til kva for samfunnsgrupper dei rettar seg mot, noko som gjer at mange fell utanfor. Inkludering av fleire krev ein aktiv inkluderingspolitikk i organisasjonane. Svekking av kollektiv identitet fører til ei lausare og meir uforpliktande deltaking. Eldre deltakarar skil seg frå andre samfunnsgrupper ved at dei framleis har sterke solidariske verdiar, og er meir opptatt av deltakinga sin verdi for sjølvkjensle og trivsel enn for posisjon og status (Wollebæk and Sivesind 2010).

### **Gulbrandsen og Ødegård: *Frivillige organisasjoner i en ny tid***

Trygve Gulbrandsen og Guro Ødegård har i rapporten *Frivillige organisasjoner i en ny tid - Utfordringer og endringsprosesser* studert korleis endringsprosessar i samfunnet og offentleg politikk verkar inn på rammevilkåra til frivillige organisasjonar. Rapporten byggjer på kvalitative intervju med organisasjonsleiarar. Dei konkluderer med tre sentrale endringar som organisasjonane opplever: (1) Avideologisering (2) Individualisering og (3) Endringer i offentlig politikk. Avideologisering vil seie svekka interesse for ideologiske organisasjonar til fordel for aktiviteter som stettar personlege behov og interesser. Desse organisasjonane har andre verdifundament som er knytt til aktiviteten. Auka individualisering i samfunnet får konsekvensar for kva individa forventar av frivillige organisasjonar. Motiva for deltaking er meir samansett, der ønske om å fremje overordna verdiar ikkje kan skiljast frå ønske om å ivareta personlege behov. Mange organisasjonar



opplever redusert interesse for medlemsdemokratiet. Også tilhøve til politiske styresmakter er endra, med betre rammevilkår, men samtidig meir føringar og byråkrati.

Organisasjonane prøver å tilpasse seg endringane ved m.a. profesjonalisering, effektivisering av organisasjonsstrukturen og meir kompetanse hos leiarar og tilsette. Nokre organisasjonar har også tona ned verdien av medlemsdemokratiet (Gulbrandsen and Ødegård 2011).

### **Wollebæk, Selle og Strømsnes: *Endringsprosesser i norsk frivillighet***

Dag Wollebæk, Per Selle og Kristin Strømsnes ved Rokkansenteret i Bergen har utarbeida ein Rapport til Kultur- og kirke departementet i samband med kunnskapsoppsummering knytt til frivillig arbeid. Samfunnsendringar har innverknad på organisering av frivillig sektor, og på deltaking og engasjement i frivillige organisasjonar. Rapporten gir ei oppsummering og tolking av eksisterande kunnskap om frivillig sektor i Noreg, med vekt på desse endringsprosessane. Fire ulike teoretiske perspektiv blir presentert. Oversikt over dei ulike perspektiva i Figur 1 under:

	<b>Medlemsretta</b>	<b>Samfunnsretta</b>
<b>Konfliktorientert</b>	Interesseorganisasjon. Frivillig organisering som interessekamp (pluralisme, korporatisme) Eksempler: Fagforeningar, organisasjonar for syke og funksjonshemmede	Kritisk organisasjon. Frivillig organisering som politisk sfære (folkebevegelsestradisjonen, sosiale bevegelser, deliberativt demokrati). Eksempler: Avholdsbevegelsen, miljøbevegelsen, politiske partier
<b>Konsensusorientert</b>	Serviceorganisasjon. Frivillig organisering som sosial møteplass (sosial kapital). Eksempler: Sangkor, idrettslag, kooperativer	Kommunitær organisasjon. Frivillig organisering som lokalt basert fellesskap (kommunitarismen). Eksempler: Bygdelag, Røde Kors, ungdomslag


Figur 1: *Fire perspektiv på frivillige organisasjonar si rolle i sivilsamfunnet (Wollebæk, Selle and Strømsnes 2008).*

Rapporten skildrar deretter endringsprosessane i frivillig sektor i Noreg. Her finn dei at det norske organisasjonssamfunnet er i ferd med å bli mindre unikt. Det har skjedd ei langsam

historisk endring frå kritikk og opposisjon til service og medlemsinteresser. Dette betyr at me ikkje kan forvente den same funksjonen i høve til sivilsamfunn og demokrati som me kunne før.

Vilja til å gjere frivillig arbeid er derimot, i følge forfatarane, minst like stor som før, så lenge oppgåvene er tilrettelagt og avgrensa i tid. Det blir færre aktive medlemmer i alle aldersgrupper unntatt dei eldste. Eldre ser frivillige organisasjonar først og fremst som eit kollektivt prosjekt, medan yngre ser dei som arena for individuell utfolding. Organisasjonane i Noreg fungerer i aukande grad som ein arena for sosial aktivitet og personlege interesser, og i minkande grad som bindeledd mellom borgar og politiske system.

Wollebæk, Selle og Strømsnes finn at dei horisontale banda innanfor lokale grupper framleis er sterke. Folk deltar i frivillig organisert verksemd, om enn på andre måtar enn før. Når det gjeld organisasjonane som demokratisk aktør, viser data frå undersøkingar at eldre i større grad enn yngre trur på organisasjonen si rolle for medverknad i avgjersler (Wollebæk et al. 2008). Samanhengen er vist grafisk i Figur 2:



Figur 2: *Innbyggjarane si oppfatning av rolla til frivillige organisasjonar i sivilsamfunnet, etter kjønn og alder (data fra Medborgerundersøkelsen 2001)(Wollebæk 2008)*

## Sund: Sosial kapital

Sund har på oppdrag frå Helsedirektoratet, utarbeida ein kunnskapsoversikt over samanhengen mellom sosial kapital og helse. Studien består av ein gjennomgang av internasjonal forskning som er relevant. Alle inkluderte studiar er kvantitative, hovudsakleg tverrsnittstudiar. To av studiane er norske. Oppsummeringa finn lite støtte for hypotesen om at sosial kapital har noko eintydig effekt eller innverknad på helsetilstanden. For marginaliserte grupper kan det likevel vere ein samheng mellom sosial kapital i storsamfunnet og helsa til individa. Men funna er så sprikande at det er vanskeleg å gi sikre konklusjonar (Sund 2009).

### 2.2 DEI ELDRE

Dei eldre, kven er det egentleg? Daatland og Solem finn at det ikkje er noko klar grense for når ein kan reknast som eldre. Kategorien eldre menneske omfattar i dag minst to generasjonar og eit aldersspenn på meir enn 40 år. Det er vanleg å dele alderdommen i to grupper som blir omtala som tredje og fjerde alder. Tredje alder er perioden etter pensjonsalder då helsa framleis er god, medan fjerde alder er prega av skrøpeleg helse og redusert funksjon (Daatland and Solem 2011:27).

Daatland reknar den tredje alderen som perioden frå ca. 65 til 80 år. Ein blir då rekna som eldre, men ikkje gammal. Denne alderen er prega av mangel på formelle oppgåver. Kva ein skal fylle tida med er opp til ein sjølv. Ein blir sett på sidelina i samfunnet, som ein tilskodar, og også som ein byrde (ibid:26).

Seinmoderne samfunn er preget av alderssegregering. Når den sosiale avstanden aukar, søker folk saman med likestilte (Daatland 2008:43). Daatland og Solem skildrar eldre som ”immigrantar i tid” som opplever framandgjering i det moderne samfunnet (2011:232).

Alderisme blir av Daatland skildra som fordommar og diskriminerande haldningar overfor eldre. Ved ein viss alder blir ein ikkje lengre sett på som folk flest, men blir til *dei eldre*. Daatland forklarar dette med ein angst for å miste identiteten og brytast ned, som ein prøver å skjule ved å skape distanse og kjensle av forakt. Ein klyngar seg til eit ungdommeleg ideal, der alder og erfaring er utan verdi. Dette gjeld også for samfunnet generelt. Den moderne tida sine verdiar om rasjonalitet, utvikling og kontroll har styrka forakta for alderdommen. Dei eldre blir mest av alt sett på som eit økonomisk problem, ei trugande eldrebylgje. Ein har redusert eldre sin status ved å gjere kompetansen og erfaringa deira verdiløse (2008:10,14).

I følgje Daatland er *Eldrebølge* ein metafor for alderisme. Ein ser gruppa eldre som eit framandelement, ein trussel mot ”oss andre”. Framstillinga er einsidig og samsvarar ikkje med realitetane (Daatland 2008:10,21). Alderisme omfattar også eldre sine egne fordommar i høve til eigen posisjon. Levy finn at stereotypiske oppfatningar om aldring og eldre, kan påverke eiga åtferd (2003). I følgje Daatland og Solem blir stereotypiar kring

eldre danna tidleg i livet (2011:19). Regjeringa si folkehelsemelding nemner spesielt nedkjemping av aldersdiskriminering og alderisme som eit samfunns mål (Meld.St.34 (2012-2013)).

Å vere marginalisert er å stå utanfor fellesskapet (Martinussen 2008:84). Tesoriero skriv at fenomenet undertrykte eller marginaliserte grupper kan forklarast utifrå dei fire perspektiva; Individuelt, institusjonelt, strukturelt og poststrukturelt. Individuelt perspektiv legg vekt på faktorar hos individet som årsak til marginalisering. I det institusjonelle perspektivet er det samfunnet sine institusjonar som fører til undertrykking. Strukturelt perspektiv handlar om verdisyn og korleis dei kjem til uttrykk i politikk og maktfordeling. I det poststrukturelle perspektivet finn ein årsakar til marginalisering i språk, diskurs og gjeldande forståing. Kvar av perspektiva identifiserer faktorar som må ha fokus i arbeidet med å motverke undertrykking, og det er viktig at alle perspektiva blir tatt omsyn til. Endringar hos individ og organisasjonar har liten generell verknad dersom ein ikkje samtidig påverkar undertrykkande strukturar og diskursar (Tesoriero 2010:55-57).

Per Solvang tar utgangspunkt i det poststrukturelle perspektivet i sin artikkel om marginalisering. Han skriv at for å forstå meininga til sosiale kategoriar, er det hensiktsmessig å sjå kategorien i lys av ulike relevante diskursar. Fleire diskursar kan vere viktige for ei meir heilskapleg forståing. Slik kan kategoriseringa ikkje berre medføre undertrykking, men og opne for nye, styrkande forståingar. I artikkelen, som omhandlar kategorien funksjonshemma, konkluderer han med at diskurs-teorien er nyttig i arbeidet med å motverke marginalisering (Solvang 2000).

Nilssen har samanlikna EU og WHO<sup>2</sup> sine diskursar omkring aukande tal eldre. Han finn at EU omtalar eldrebølgja som ein økonomisk trussel, og aktiv aldring handlar om produktiv aldring. WHO ser derimot eldrebølgja som eit positivt resultat av vellykka helsepolitikk, og der aktiv aldring som eit samfunns mål er retta mot deltaking på ulike område, og mot den generelle livskvaliteten (Nilssen 2011). Eit døme på WHO sin diskurs omkring eldre, finn ein hos Bliss Browne. Ho møter dei demografiske endringane med følgjande spørsmål: *"We've been given a whole extra generation of life to use in a new way. How shall we take advantage of this gift of nature to evolve the human species?"* (Browne 2003:69).

Marginalisering som kjelde til utvikling og ny orientering blir omtala av Sudmann og Henriksbø. Dei skriv at sosial marginalitet kan være sjølvvalt og ønska, eller påtvinge og uønskt, men kan uansett romme unike muligheiter for livsutfalding som ikkje er tilgjengelige i andre posisjoner (Henriksbø and Sudmann 2011).

Daatland og Solem skriv at eldre sitt frivillige arbeid ofte er lite synleg, men at ein truleg etterkvart vil inkludere eldre meir i det som blir rekna som samfunnsressursar (Daatland and Solem 2011:256). Dette er noko styresmaktene og er opptatt av. I regjeringa si

---

<sup>2</sup> World Health Organization (Verdas helseorganisasjon)

Folkehelsemelding står det m.a. ”Vi må skape et samfunn som drar nytte av den store ressursen som seniorer og eldre mennesker representerer” (Meld.St.34 (2012-2013):114).

### 2.3 HELSE OG LIVSKVALITET

Kva er eit godt liv? Når ein snakkar om det gode livet, er ofte helse og livskvalitet sentrale ingrediensar. Omgrepet helse har endra seg frå å tyde fråvere av sjukdom, til WHO sin noko utopiske definisjon ”(..) a state of complete physical, psychological, and social well-being”<sup>3</sup>, og vidare til meir jordnære variantar som definisjonen til Hjort: *Helse er å ha et overskudd i forhold til hverdagens krav* (2010:181).

Helsestatistikk inneheld hovudsakleg objektive faktorar som relativt enkelt kan definerast og målast. Det kan vere levealder, utdanning, diagnoser, vekt og mykje meir. Måling av subjektiv helse er vanskelegare. Kva betyr det at sjølvopplevd helse er god? Fugelli og Ingstad har prøvd å gripe folk i Noreg si oppfatning av helse gjennom *Helse på norsk-studien*. I boka som byggjer på studien skriv dei: ”*Helse er trivsel, sier våre folk. Og helse er helhet*” (Fugelli and Ingstad 2009 :104). Dei finn at den folkelige oppfatninga av helse rommar meir enn fråvere av sjukdom, det handlar om korleis personen har det – både med seg sjølv og med omgjevnadane rundt.

Det utvida helseomgrepet og omgrepet livskvalitet har mykje til felles. I boka *Livskvalitet* blir livskvalitet definert slik: ”*En persons livskvalitet er høy i den grad personens bevisst kognitive og affektive opplevelser er positive, og lav i den grad personens bevisst kognitive og affektive opplevelser er negative*”. God livskvalitet vil seie at ein har ei oppleving av å ha det godt, av å ha ei grunnstemning av glede (Næss 2011:18).

Næss et al. si kunnskapsoppsummering viser den nære samanhengen mellom helse og livskvalitet. God fysisk eller psykisk helse aukar livskvaliteten, og kjensle av velverer betrar helsetilstanden. Helse kan også knytast til evne til meistring og ressursar til å møte utfordringar som livet byr på (Næss, Moum and Eriksen 2011). Nes viser til filosofen Nordenfelt som ser helse som ein føresetnad for livskvalitet, gjennom å skape meistring (Nes 2011).

Salutogenese er læra om kva som skaper helse. Aaron Antonovsky har i sin teori introdusert *Oppleving Av Samanheng* (OAS) som kjernen i salutogenesen. OAS kan forklarast som ei kjensle av tillit til at tilveret er strukturerte og føreseielege, at ein har dei resursar ein treng for å møte livet sine utfordringar, og at innsatsen for å møte desse utfordringane blir opplevd som meningsfull (Antonovsky and Lev 2000:37). I følgje Slade, inneheld salutogenese også eit strukturelt perspektiv. Han løfter fram stigmatisering og diskriminering som truslar mot helsa, og sosial deltaking som ein viktig helsefremjande faktor (Slade 2010).

---

<sup>3</sup> <http://www.who.int/suggestions/faq/en>

Det finns mange teoriar om kva som påverkar livskvaliteten. Næss trekk fram m.a. behovsteoriar, som knyter livskvalitet til tilgang på ressursar som tilfredsstillar behova våre. Døme på behov er fysiologiske behov, behov for tryggleik, for kjærleik og venskap, for respekt, meistring og kontroll (Næss 2011:69-80).

Pitchford og Henderson hevdar at gode relasjonar til personar rundt deg er viktig for livskvaliteten. Nærleik til andre fører til eit lykkelegare og friskare liv med større kjensle av tryggleik og tilhørsle. Ein vil få betre takling av kollektivt stress, og betre evne til å utvikle positive strategiar i møte med utfordringar (Pitchford and Henderson 2008).

Når det gjeld eldre sin livskvalitet, har Peter Hjort fylgjande mål for ”Den gode alderdommen” (2010:67):

- Aktivitet
- Uavhengighet
- Sjølvstendighet
- Vyrndnad og respekt
- Tette familieband
- Fridom

I følgje Kaasa (2012), er sjølvstendighet og uavhengighet spesielt viktige dimensjonar for eldre si velferd.

Daatland trekk fram den normative karakteren i omgrep som blir brukt om ”den gode alderdommen”. Døme på slike omgrep er vital aldring, optimal aldring, aktiv aldring, produktiv aldring osv. Desse omgrepa byggjer på verdiar som særleg er knytt til midtlivsfasen. Han stiller spørsmål om ikkje alderdomen i seg sjølv inneheld verdiar som er kvalitativt ulikt frå andre livsfasar. Og kva betyr dette i så fall for idealet om god alderdom? I følgje Daatland betyr god alderdom at ein kan kjenne seg integrert og heime i eige liv og i samfunnet ein lever i (Daatland 2008:39-43).

## 2.4 FOLKEHELSE

Folkehelse er det kollektive omgrepet for helse. Folkehelselova definerer folkehelse som ”*Befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i en befolkning*”(LOV-2011-06-24). Folkehelsa er altså ein variabel på samfunnsnivå, bestemt av summen av individ si helse.

Folkehelsearbeid blir også kalla helsefremjande og førebyggjande arbeid. Verdens helseorganisasjon har i *Ottawa Charteret* definert helsefremjande arbeid som ”*the process of enabling people to increase control over, and to improve, their health*” (WHO 1986). I følgje den norske Folkehelselova er definisjonen på folkehelsearbeid: ”*Samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel,*

*forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen” (LOV-2011-06-24:§3).*

Paulssen og Moltumyr (2012) har laga ei kortfatta oversikt over utfordringane for folkehelsa i Noreg i dag. Ei av dei største utfordringane både nasjonalt og globalt, er sosial skilnad i helse. Denne sosiale gradienten i helse er sosialt skapt. Dei systematiske skilnadane i helse mellom ulike sosioøkonomiske grupper viser at helse og helseåtfærd heng saman med levekår, muligheiter, forventningar og normer i ulike samfunnsgrupper. Forklaringa på skilnadane er mangfaldig og kompleks. Både økonomi, oppvekst- og levekår, helseåtfærd og helsetenester spelar inn.

Ei anna stor utfordring for folkehelsa i Noreg, er livsstilssjukdommar. Fysisk aktivitet, kosthald, tobakk og rusmidlar har innverknad på ei rekkje ikkje-smittsame sjukdomar. Som det vart påpeika over, er levevanar påverka av det sosiale miljøet, og den sosiale gradienten gjeld også for desse sjukdommane. Det same gjeld psykiske plagar og lidingar som og er ei stor utfordring. Ein ser særleg ein auke i lettare psykiske lidingar, noko som fører til redusert livskvalitet for ei stor gruppe (Paulssen and Moltumyr 2012).

Utfordringane for folkehelsa er generelle og gjeld for alle innbyggjarane sett under eitt. Men konsekvensane rammar dei eldre ekstra hardt. Redusert helse og sjukdom gjer seg gjeldande når summen av risikofaktorar kjem i tillegg til aldersendringane. Ulikskap m.o.t. levevanar, levekår og anna, hopar seg opp gjennom livsløpet, og gjer at nokre kjem dårlegare ut enn andre (Daatland and Solem 2011:29).

## 2.5 LIVSKRAFTIGE LOKALSAMFUNN

På same måte som ein snakkar om helsa til ein person, kan ein og snakka om helsa til eit samfunn. Livskraftige samfunn er samfunn med god ”helse” - der alle ”organa” har det bra og bidrar til at samfunnet når sine mål. Eit tilsvarande engelsk omgrep er *Healthy cities*. Verdas helseorganisasjon omtalar *Healthy cities* slik: *“Where people live affects their health and chances of leading flourishing lives. Communities and neighbourhoods that ensure access to basic goods, that are socially cohesive, that are designed to promote good physical and psychological wellbeing, and that are protective of the natural environment are essential for health equity”* (WHO 2008). Omgrepet livskraftige lokalsamfunn kan, slik eg forstår det, også vise til det engelske omgrepet *sustainable communities*. Det vil då tilsvare det norske omgrepet berekraftige lokalsamfunn, der berekraft har ein sosial dimensjon, i tillegg til økonomi og miljø.

Bliss Browne gir eit bilete på eit berekraftig samfunn som ein stad der ingenting og ingen er bortkasta, men alle blir verdsett og bruker talenta sine for å skape ei positiv framtid for seg sjølv og samfunnet (Browne 2003).

Colantonio og Dixon presenterer i si bok ulike tilnærmingar til omgrepa berekraft og berekraftige (lokal-)samfunn. Berekraft kviler på tre pillarar: Sosiale faktorar, økonomiske faktorar og miljømessige faktorar. Dei sosiale faktorane har i seinare tid endra seg frå basale behov og menneskerettar til ”mjukare faktorar” som demografiske endringar, mangfald, identitet, tilhøyrse, empowerment, deltaking, sosial kapital og livskvalitet. Deltaking i form av medverknad i avgjersleprosessar blir rekna som fundamentale element for sosial berekraft.

Ein definisjon av berekraftige lokalsamfunn, utarbeidd av den engelske regjeringa, seier at berekraftige lokalsamfunn er stader der menneska ynskjer å leve og arbeide, no og i framtida. Dei møter mangfaldet av behov hos noverande og framtidige innbyggjarar, tek omsyn til miljøet og medverkar til høg livskvalitet. Dei er trygge og inkluderande, med god planlegging, utvikling og drift, og tilbyr likeverdige mulegheiter og tenester for alle (Colantonio and Dixon 2010:25-33).

I følge Tesoriero, er berekraft avhengig av at ein utviklar strukturar som kan fungere over lang tid og som er minst mulig avhengig av eksterne ressursar. Berekraftige lokalsamfunn byggjer hovudsakleg på sine egne ressursar, heller enn å vere avhengig av støtte utanfrå (Tesoriero 2010).

Lokalsamfunnet som kjelde til gode liv for alle, er sentralt i Ledwith si bok *Community development*. Ledwith viser til Wilkinson og Pickett som skriv at for å betre levekåra er det ikkje lengre økonomisk vekst som må til. Ein må fokusere på samfunna vi lever i og relasjonane mellom oss (2011:2). I følge Ledwith, må målet vere å skape samfunn med større sosial- og miljørelatert rettferd, ei berekraftig verd i balanse, eit økosystem der alt og alle blomstrar, og eit demokrati basert på deltaking og kollektiv livskvalitet (2011:197).

Desse tankane kan ein finne igjen i offentlege føringar her i Noreg. I St. Meld. 39 *Frivillighet for alle*, er styrking av sosial kapital og demokrati, og utvikling av levande sivilsamfunn, sentrale verkemiddel i arbeidet for gode levekår (St.meld. nr.39 (2006-2007)). *Folkehelsemeldinga* seier at helsefremjande lokalsamfunn er kjenneteikna av tilgang på sosiale møteplassar som bidrar til tryggleik, identitet, tilhøyrse, sosial støtte og berekraft (Meld.St.34 (2012-2013)).

## 2.6 FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

Martinussen skriv at frivillige organisasjonar er eit av dei viktigaste bindeledda mellom den enkelte og storsamfunnet. Dei er med og sosialiserer og overfører rådande verdiar og normer, og bidrar slik til sosial integrasjon og forståing av røyndomen. Dei er og med og mobiliserer medlemmane sine felles interesser i kampen om knappe ressursar. Individ og grupper som er tilknytte fleire ulike organisasjonar vil kunne dempe motsetningar og konflikhtar i samfunnet (Martinussen 2008:180-181).



Organisasjonar kan sjåast på som sosiale einingar i ei kjede av einingar som har til føremål å oppnå felles mål i samfunnet. Identitetsskaping innanfor organisasjonen er å etablere ein emosjonell tilknytning mellom individ og organisasjon. Organisasjonen blir oppfatta som eit gode i seg sjølv som den enkelte har del i og vil forsvare. Identitetsskaping er saman med legitimering og likedanning viktige prosessar for å ta vare på stabiliteten i organisasjonen (Martinussen 2008:225-237). Bauman og May skriv at innanfor eit interessefellesskap, er ulikskap mellom medlemmane underordna likskapen (2004:59).

Kategorien frivillige organisasjonar famnar om eit stort spekter av organisasjonar med ulike mål og aktivitetsformer. For å betre oversikta, blir det nytta underkategoriar basert på aktivitetsområde. Ei vanleg inndeling er henta frå stortingsmeldinga *Frivillighet for alle* (St.meld. nr.39 (2006-2007)):

- Kultur og fritid
- Velferd
- Politikk, miljø og humanitære føremål
- Bustad og økonomi
- Religion og livssyn


Denne oppgåva omhandlar kategorien kultur- og fritidsorganisasjonar. I følge Folkehelsemeldinga, skjer over halvparten av den frivillige aktiviteten i denne typen organisasjonar (Meld.St.34 (2012-2013)).

Frivillige organisasjonar blir trekt fram som ein viktig støttespelar til offentlege tilbod i arbeidet for eit betre samfunn for alle. Stortingsmeldinga *Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller* seier mellom anna: ”*Frivillige organisasjoner kan bidra til alternativ identitetstilhørighet og sosial inkludering av grupper som faller utenfor ordinære samfunnsfunksjoner som utdanning og arbeid*” (St.meld nr.20 2007).

Stortingsmeldingane *Frivillighet for alle* og *Nasjonal helse- og omsorgsplan*, omtalar frivillige organisasjonar som sentrale aktørar i folkehelsearbeidet, blant anna ved å tilby meningsfylt aktivitet, sosiale fellesskap og tilhøyrsløse (Meld.St. 16 (2010-2011) ; St.meld. nr.39 (2006-2007)). *Folkehelsemeldinga* løfter fram at menneske som deltar i frivillige organisasjonar er meir tilfreds og opplever betre kjensle av meistring enn dei som ikkje deltar. Meldinga omtalar spesielt deltaking i frivillige organisasjonar sin verdi for dei eldre: ”*Det skal legges til rette for deltagelse i frivillige aktiviteter som del av aktiv aldring. Moderat organisasjonsaktivitet er helsefremmende for eldre mennesker*” (Meld.St.34 (2012-2013)). Loga si forskning om lykke og livskvalitet byggjer opp under samanhengen mellom livskvalitet og frivillig deltaking både på individ- og samfunnsnivå. Størst positiv effekt finn ein hos dei eldre(Loga 2010).

Trass i denne kunnskapen, viser statistikk at den frivillige sektoren er i tilbakegang. I følge Wollebæk og Selle går utviklinga i frivillig sektor i retning av færre organisasjonar og

medlemmer, og større sosial skilnad i deltakinga (2002:67-69). Oversikter over medlemsmassen i dag, viser m.a. overvekt av medlemmer frå høgare sosioøkonomiske grupper og redusert deltaking etter avslutta arbeidsliv (Wollebæk and Sivesind 2010:63-73). Utviklinga av eldre sin medlemsaktivitet i perioden 1997-2009 er vist i Figur 3:



Figur 3: *Timer til medlemsaktivitet siste år (gruppert). Prosent av innbyggjarane over 67 år (Wollebæk and Sivesind 2010:66)*

Fokuset for engasjementet og deltakinga er og i endring. Stortingsmeldinga *Frivillighet for alle*, løftar fram frivillige organisasjonar som viktige demokratiske aktørar både ut frå kva dei er og kva dei gjer. Opplæring i demokratiske dugleikar og innsikt i demokratiske spelereglar er viktige element (St.meld. nr.39 (2006-2007)). Også demokratisk teori, reknar frivillige organisasjonar som sentrale institusjonar i demokratiet (Wollebæk and Selle 2002:12). I følgje Wollebæk og Selle har det etter tusenårsskiftet skjedd ei endring i den sivile sektoren. Medan talet på organisasjonar innan humanitært og sosialt arbeid var på topp i etterkrigstida, er det kultur- og fritidsorienterte organisasjonar som har auka mest i nyare tid. Meir fokus på nærmiljø, kultur og fritid, større fragmentering, mindre tilknytning og større tidspress blant medlemmene gjer at frivillig sektor har fått eit meir avgrensa rolle som demokratiagent (2002:67-69,226-230).

Ei forklaring på dette er, i følgje Gulbrandsen og Ødegård, at frivillig sektor i dag er prega av ei samfunnsutvikling mot svakare kollektive verdiar og auka individualisme. Ein annan faktor er at rammevilkåra fører til eit dilemma mellom å tilpasse seg offentlege krav og å halde fast ved organisasjonen sitt særpreg (Gulbrandsen and Ødegård 2011). Det offentlege engasjementet i frivillig sektor i form av t.d. lokale partnarskap har, i følgje Purcell, fleire sider. Offentleg støtte kan auke engasjementet og kjensla av å bidra til fellesskapet. Men vilkår for samarbeidet kan svekke fridomen til organisasjonane og føre til avgrensing i dei

frivillige aktivitetane og meir profesjonalisering av drifta (Purcell 2011). Wollebæk og Selle(2002) nemner aukande profesjonalisering der medlemmane har mindre innverknad på organisasjonen sine avgjersler, som medverkande til svekking av demokratiske verdier.

### 3 TEORI

Dette kapitlet presenterer utvalet av teori eg har nytta for å forstå og forklare dei fenomena som oppgåva handlar om. Val av teori er hovudsakleg gjort utifrå eit samfunnsarbeidsfagleg perspektiv. To sentrale omgrep, *empowerment* og *sosial kapital*, blir særskilt omtala. Underkapitla *Sosial deltaking* og *Kollektiv handling* presenterer handlingsteori, og knyter dei ulike omgrepa saman.

Empowerment, sosial kapital, sosial deltaking og kollektiv handling er sentrale omgrep i endringsprosessar for å gjere samfunnet til ein god plass å leve for alle. Samfunnsarbeid handlar om å initiere og stimulere desse endringsprosessane. Samfunnsarbeid kan definerast som ein prosess for å støtte menneske som ønskjer å gjere sine eigne fellesskap betre gjennom kollektiv handling (Henriksbø and Sudmann 2011). Sudmann og Henriksbø skriv vidare at samfunnsarbeid er å identifisere handlingsrom og undersøke vilkår for sosial deltaking i samspel med dei det gjeld.

Minkler og Wallerstein omtalar samfunnsarbeid som ein prosess der fellesskap/grupper får hjelp til å identifisere felles problem eller mål, og til å mobilisere ressursar og utvikle og implementere strategiar for å nå sine felles mål. Ein fokuserer på vekst og endring frå innsida gjennom å styrke felles identitet og å utvikle kritisk medvit (Minkler and Wallerstein 2005)

Samfunnsarbeid har eit spesielt fokus på grupper som opplever redusert høve til sosial deltaking. I følgje Ledwith og Springett må innsatsen for eit mangfaldig og likeverdig samfunn rettast mot tre sentrale dimensjonar: sosial rettferd, berekraftig miljø og den kollektive livskvaliteten. Innbyggjarane er sjølv dei viktigaste aktørane for endring, og samfunnsarbeidet handlar om å medverke til at dette skjer (2010:16).

Freire er opptatt av frigjerande intervensjonar for undertrykte grupper. Bevisstgjerung av eigne behov, og evne til å identifisere hemmande strukturar, er i følgje Freire nødvendig for å initiere handling som kan føre til endring (Freire and Nordland 1999). Dette er Ledwith sin innfallspor til samfunnsarbeid. Ho skildrar samfunnsarbeid som medverkande praksis som søker kunnskap i kvardagslivet. I ein prosess av refleksjon – dialog – handling stiller ein spørsmål ved korleis livsvilkåra er utvida eller avgrensa utifrå kven me er. Føremålet er ikkje berre å forstå verda, men å bruke denne kunnskapen til å skape endring (Ledwith and Springett 2010:33,157; Ledwith and Campling 2011:32).


Tesoriero peikar på at samfunnsarbeid ikkje berre er opptatt av målet, men ser prosessen i seg sjølv som verdifull. Grunnleggande prinsipp for samfunnsarbeid er auka berekraft og sosial rettferd. Det er viktig at prosessen inkluderer dei same prinsippa som gjeld for det ein vil oppnå. Ei målsetjing ved alt samfunnsarbeid bør vere å byggje sosial kapital, styrke sosial samhandling og dialog, som vidare kan fremje kollektiv handling (Tesoriero 2010:163-176).

### 3.1 EMPOWERMENT

Empowerment blir definert som ein prosess der menneske, enkeltvis eller i fellesskap, reduserer si avmakt og får større kontroll over sitt daglegliv og høve til å endre sine livsvilkår (Slettebø 2000). Tesoriero skriv at empowerment fører til at folk blir i stand til å påverke strukturar og avgjersler som påverkar liva deira og formar tilhøva dei lever i (2010:155). Empowerment kan ikkje bli gitt til nokon, men kjem av prosessar der personane "empower" seg sjølv. Oppgåva til eksterne aktørar er å skape rom for læring og leggje til rette for handling

Individ, grupper, organisasjonar og lokalsamfunn kan gjennom empowermentprosessar fremje likeverd og livskvalitet (Wallerstein 2006). Tesoriero nemner politikk, planlegging, kompetansebygging og kollektiv handling som sentrale element i empowermentprosessane (2010:74). Butterfoss omtalar empowerment som ein sosial handlingsprosess der menneska får kontroll over sine liv, sine organisasjonar og sine lokalsamfunn. Gjennom organisering og mobilisering, kan innbyggjarane få makt til å nå sosiale og politiske mål (Butterfoss 2006).

Bracht m.fl. argumenterer for å skilje mellom psykologisk empowerment og empowerment av fellesskap/lokalsamfunn. Psykologisk empowerment er knytt til individ, og blir definert som ei subjektiv oppleving av større kontroll over eige liv. Empowerment av fellesskap kan bli definert som deltaking i kollektive handling som fører til både auka psykologisk empowerment og at ein oppnår fordeling av ressursar eller avgjersler (Bracht 1999:87-89). Samanhengen mellom psykologisk og kollektiv empowerment er vist i Figur 4 på neste side:



Figur 4: *Modell over kritiske faktorar for individuell (psykologisk) og kollektiv (community) empowerment (Bracht 1999:90)*

Bindinga mellom psykologisk empowerment og empowerment av fellesskap/samfunn blir i følgje Minkler og Wallerstein styrka gjennom kritisk bevisstgjerung (Minkler og Wallerstein). Denne tenkinga er henta frå Freire sine teoriar. I følgje Freire er ei årsak til undertrykking og avmakt at ein er prega av falskt medvit, dvs. skapte førestillingar som, i motsetnad til kritisk medvit, ikkje byggjer på kritisk refleksjon over kva som er reelt her og no. For å frigjere seg frå undertrykking, trengs det ein kritisk dialog som fører til kollektiv handling (Freire and Nordland 1999).

I følgje Dominelli, kan felles identitet danne grunnlag for sterke maktrelasjonar og føre til sosial mobilisering. Undertrykte grupper som dannar organisasjon rundt sin felles identitet, står sterkare i arbeidet med å skape eit mindre diskriminerande samfunn. Felles identitet og felles interesser kan skape eit eige "samfunn" av personar, som fungerer som ein motor for å skape og takle samfunnsendringar (Dominelli 2002:111).

Rønning er kritisk til å sjå empowerment av marginaliserte grupper som strategi mot diskriminering. Han hevdar at ein då neglisjerer overordna strukturar som årsak til ulikskap. I følgje Rønning er slike strategiar ei form for "blaming the victim"- at dei som blir råka får skulda for fenomen som strukturane har skapt. Målet blir ikkje nådd så lenge dei strukturelle tilhøva er uendra (Rønning 2007:45).

Dette synet blir støtta av Ledwith som skriv at empowerment er eit transformativt omgrep, men at det krev kritisk analyse av bakgrunnen til at nokon opplever avmakt. Å rette fokuset mot individ og grupper og ignorere strukturelle, overordna årsaker til ulikhet, kan forsterke heller enn hemme ulikskapen (2011:13).

Askheim peikar på at omgrepet empowerment blir brukt av ulike aktørar med ulike ideologiske verdigrunnlag. Han deler bruken i tre posisjonar: *Etablering av motmakt*, *marknadsorientert tilnærming* og *terapeutisk posisjon* (Askheim 2007). Å sjå empowerment som etablering av motmakt er i tråd med den opprinnelege radikale forståinga av omgrepet,

og samsvarar med definisjonen til Slettebø som er presentert tidlegare i teksten. I ei marknadsorientert tilnærming blir empowerment, i følgje Askheim, sett i samanheng med individa sin rett til å bestemme over eige liv. Ein ynskjer at individ eller lokalsamfunn skal ha makt til å ta avgjersler som vedkjem dei sjølv, utan at overformyndarar, som t.d. staten, blandar seg for mykje inn. Empowerment som terapeutisk posisjon viser til at empowerment bli forstått som å styrke individa, utan at ein påverkar strukturelle maktrelasjonane som fører til undertrykking (Askheim 2007).

### 3.2 SOSIAL KAPITAL

Sosial kapital blir av Sund definert som ressursar, skapt av sosiale relasjonar, som kjem både individ og samfunn til gode (Sund 2009). Teori om sosial kapital deler omgrepet i tre kategoriar: 1. *Samanbindande (Bonding)*, 2. *Overbyggande (Bridging)*, 3. *Nivålenkande (Linking)*. Samanbindande sosial kapital viser til band mellom medlemmane i ei gruppe. Desse relativt lukka nettverka er prega av støtte og solidaritet, og fører til styrking av felles identitet. Overbyggande sosial kapital er utoverretta nettverk som byggjer bruer og skaper tillit mellom grupper. Denne typen sosial kapital er viktig for å auke generalisert tillit og støtte i samfunnet, og medverke til effektive transaksjoner og eit robust og funksjonsdyktig samfunn. Nivålenkande sosial kapital er samband mellom individa og samfunnet sine formelle institusjonar. Desse vertikale bindingane handlar om normer, tillit og maktfordeling mellom individa og staten (Sund 2009).

Minkler and Wallerstein skriv at sosial kapital er eit omgrep som i seinare tid har blitt knytt til folkehelseområdet. Det blir definert av Putnam og Coleman som struktur og relasjonar innanfor sosial organisering som fasiliterer koordinering og samarbeid til det beste for alle. Sosial kapital er ein eigenskap ved fellesskapet, ikkje ved individa. Ein fare ved bruk av omgrepet er at det kan skyggelegge strukturelle vilkår utanfor det aktuelle fellesskapet. Denne faren blir redusert ved også å inkludere ”linking sosial kapital” forstått som vertikale bindingar til maktstruktur på andre samfunnsnivå. Sosial kapital er eit teoretisk omgrep som skil seg frå meir praktisk retta omgrep som t.d. samfunnsarbeid ved at det manglar verktøy eller teoriar om korleis ein kan få til endring. Dette gjer det uklårt om sosial kapital har ein analytisk verdi innanfor område som folkehelse og livskraftige lokalsamfunn (Minkler and Wallerstein 2005).

Cannuscio, Block og Kawachi har studert kva sosial kapital i lokalsamfunnet betyr for eldre innbyggjarar. Dei konkluderer med at tilgang til sosial kapital gjer eldre betre i stand til å oppretthalde eit produktivt, uavhengig og fullverdig liv. I ei aldrande befolkning med stadig fleire einslege eldre, vil tilgjengeleg sosial kapital i lokalsamfunna vere ein viktig faktor for vellykka aldring. Som andre samfunnsgrupper, er eldre både bidragsytarar til - og forbrukarar av - sosial kapital. Investering i sosial kapital i dag kan gjere lokalsamfunna betre i stand til å møte dei demografiske utfordringane som kjem (Cannuscio, Block and Kawachi 2003). Ein annan studie har sett på samanhengen mellom sosial kapital og sjølvopplevd helse. Her finn ein at personar som lever i lokalsamfunn med låg grad av

sosial kapital, rapporterer dårlegare helse enn personar frå områder med høgare sosial kapital (Kawachi, Kennedy and Glass 1999).

Putnam har lagt stor vekt på sivilsamfunnet og frivillige organisasjonar si rolle for sosial kapital. Han hevdar at frivillige organisasjonar er sentrale for danning av sosial kapital. Samfunn der mange er medlemmer i organisasjonar, er meir effektive, har meir generalisert tillit, og er betre å leve i (Putnam 1995). Wollebæk og Seegård finn og at organisasjonane er viktige, men dei konkluderer med at den viktigaste funksjonen til eit aktivt organisasjonssamfunn er å ta vare på sosial kapital, heller enn å skape sosial kapital (2011). I følgje Wollebæk, Selle og Strømsnes er det ikkje den sosiale samhandlinga mellom medlemmene, men kjennskapen om at det finns sterke organisasjonar i lokalsamfunnet, som held ved like den sosial kapitalen (Wollebæk et al. 2008).

Organisasjonane skapar og held ved like generell tillit og nettverk. Slik blir frivillige organisasjonar ein ressurs også for personar som ikkje deltek. Ein veit at dei finns, og kan brukast om ein får behov for det (Loga 2010; Seggaard and Wollebæk 2011). Strømsnes skriv at organisasjonane tilbyr ”et mulighetsrom”. Eit anna moment er den positive effekten frivillig engasjement gir for alle i lokalmiljøet (Strømsnes 2012). Regjeringa si Folkehelsemelding slår fast at det er ein sterk samheng mellom organisasjonsdeltaking og sosial kapital. Meldinga løfter også fram frivillige organisasjonar som arena for kollektiv handling: ”Organisasjonene kan forstås som en infrastruktur for det sivile samfunnet, som interesser og synspunkter kan fremmes gjennom. Frivillige organisasjoner er eksempler på at samarbeid for felles sak er rasjonelt og gir resultater” (Meld.St.34 (2012-2013):56).

I følgje Wollebæk og Seegård er den sosial kapitalen i Norge truga av aukande klasseskilje og kulturskilje som kan føre til redusert generell tillit. For å ivareta sosial kapital er det difor viktig at organisasjonane ikkje berre steller med sitt, men er synlege og aktive i den offentlege debatten (Seggaard and Wollebæk 2011:44).

### 3.3 SOSIAL DELTAKING – FØRESETNADER OG KONSEKVEN SAR

I følge Bracht er sosial deltaking og empowerment tett vevd saman. Sosial deltaking blir sett på som den viktigaste faktoren for styrking av individ og grupper med mål om å fremje meir livskraftige individ, samfunn og miljø. Deltaking fremjar individuell og kollektiv empowerment ved å utvikle tru på eiga meistring (self-efficacy), ved å skape meiningsfellesskap, ved å utvikle kritisk forståing av maktrelasjonar og ved å fremje vilje til kollektiv handling (Bracht 1999:87).

Sudmann og Henriksbø skriv at Sosial deltaking er ein føresetnad for å skape fellesskap, innverknad og endring. Sosial deltaking byggjer på nokre individuelle vilkår, nokre strukturelle vilkår, ei sosial orientering og ei oppleving av tilhøyrslø og vørdnad (Henriksbø and Sudmann 2011).

Kva for vilkår er sentrale for sosial deltaking? Å delta er ei menneskeleg handling. Martinussen skriv at for å forklare handling, må ein leite etter meininga bak handlinga og motiva deltakarane har (fortolkande sosiologi). Vilkår for handling, kan analyserast utifrå både individuelle, strukturelle og kulturelle faktorar. Ofte er alle tre typene vilkår til stades. Eit realistisk svar på kvifor menneska handlar slik dei gjer, er at det skjer eit samvirke mellom kulturelle tilhøve, strukturelle avgrensingar og individuelle faktorar, som kjem til uttrykk i dei sosiale relasjonane (Martinussen 2008:183-184).

Mykje av teorien om vilkår for sosial deltaking handlar om tilhøve mellom individuelle vilkår og strukturelle vilkår. Shilling (1999) hevdar at for å forklare handling, må ein studere samanhengen mellom aktøren og strukturen . I følgje Fuchs (2001) er tilhøvet mellom aktør og struktur ikkje ein dikotomi, men må sjåast som eit kontinuum. Kva ein forklarar handlinga med heng mellom anna saman med perspektivet til den som forklarar .


Bandura er opptatt av dei individuelle vilkåra for handling. Han løfter fram tru på eiga evne til meistring (self-efficacy) som ein sentral individuell faktor som påverkar sosial deltaking. Personar med tru på eiga meistring har større fridom i val av handling (Bandura 2006). Tilsvarande finn Cornwall at manglande sjølvtilitt og redsel for å ikkje ha nok å bidra med, kan føre til at ein vel å ikkje delta (Cornwall 2008).

Andre sentrale individuelle faktorar, er personen sine verdiar, normer og haldningar. Underlid skriv at verdiar er stabile, varige og objektive standardar for korleis noko bør vere. Verdiane fungerer som navigasjonspunkt som handling kan gå ut ifrå, og utgjer ein grunnleggande dimensjon i den einskilde sitt liv (Underlid 1997:63-64).

Normer er meir konkrete køyrereglar for åtferd i sosial samhandling (Underlid 1997:65-66). I følgje Martinussen er normer varige og stabile forventningar om åtferd i bestemte situasjonar. Dei kan vere formelle (lover, reglar) eller uformelle (tradisjon, sedvane). (Martinussen 2008:82).

Haldningar er bestemte handlemåtar som gjennom sosialiseringssprossar er internalisert i individa. Haldningar fungerer som mentale kart som fortel kva vi kan vente og kva vi bør unngå. Haldningar som skil seg frå den rådande fellesforståinga blir kalla avvik (Martinussen 2008:83,184-185). Daatland og Solem omtalar haldning som det at ein reagerer på ein bestemt måte overfor ting, personer eller grupper. Haldningar kan vere individuelle (personlege) eller kollektive. Omgrepet haldningar kan definerast ved trekomponentmodellen:





Figur 5: *Rosenberg og Hovland sin trekomponent-modell for haldning (Daatland and Solem 2011:118).*

Modellen viser at det må vere samsvar mellom dei tre komponentane, sidan dei uttrykker same haldning. Dersom ein komponent endrar seg, t.d. ved tileigning av kunnskap, vil det difor krevje justering av dei andre komponentane - kjensler og åtferd.

Verdiar, normer og haldningar er styrande for all menneskeleg handling. Doyal og Gough skriv at individet sin autonomi er avgrensa av kollektivt bestemte rammer. Personane blir sosialiserte inn i desse rammene, og får stadfesta si sosiale rolle, ved å delta i sosiale fellesskap (Doyal and Gough 1991:76-79, 185). I følgje Bauman og May, går sosialiseringssprosessen føre seg heile livet, og medfører komplekse former for samspel mellom fridom og avhengighet. Endringar i livet som t.d. å bli pensjonist, krev omstilling av forventningar og normer (2004:116-117).

Tesoriero fokuserer på praktiske strategiar for å fremje deltaking. Han ser motivasjon som ein viktig nøkkel. Av individuell faktorar som motiverer til deltaking nemner han:

- Saka/aktiviteten må opplevast som viktig
- Oppleving av at deltakinga vil gjere ein skilnad
- Deltakinga må bli anerkjent og verdsett
- Oppleving av støtte frå andre
- Strukturane og organiseringa blir opplevd like tilgjengeleg for alle
- Ein får ta i bruk egne ressursar og oppleve meistring (2010:140-154).

Deltaking og samhandling kan også forståast som resultat av rasjonelle val. Kollektive ordningar er basert på rasjonelle avgjersler om fordelar og risiko. Deltaking blir forstått som utveksling eller byte av gode og vonde. Viktige individuelle gode er sosial tilhøyrslø og støtte, og det å bli verdsett og oppleve meistring. I tillegg kjem kollektive gode som kjem heile samfunnet til nytte. Handlinga treng ikkje vere styrt av egne behov, også omtanke for fellesskapet/andre grupper kan ligge bak (Tesoriero 2010:123-128).

Underlid skriv at motivasjon kan forståast som anten tiltrekkingskraft frå ”framtidutsikter av handlinga”, eller drivkraft frå opplevde behov. Motivasjonen kan vere å oppnå noko ein likar (positiv motivasjon) eller å unngå noko ein mislikar (negativ motivasjon)(1997:87-88). For medlemskap i grupper, er positiv motivasjon fordelar ved å vere medlem, medan

negativ motivasjon er å unngå konsekvensar av ikkje-medlemsskap. Gruppemedlemsskap kan tilfredsstillje ulike behov, m.a. behov for relasjonar og vekst (Ibid:103).

Wollebæk og Sivesind deler grunnar for deltaking i organisert frivillig aktivitet inn i tre: *Instrumentelle grunnar, ekspressive motiv og saksorienterte motiv*. Ved å samanlikne undersøkingar gjort i 1997 og 2009, finn dei at det har skjedd ei dreining frå saksorientert motivasjon mot individorienterte instrumentelle og ekspressive motiv (2010:83-89). Enjolras et al. (2012) finn at personar som har sterk tilknytning til lokalsamfunnet, deltek i større grad i frivillige organisasjonar enn dei med svakare tilknytning. Ein konklusjon er at tiltak som fremjar tilhøyrslø og nettverksbygging vil føre til meir deltaking .

I handlingsteori har også strukturelle vilkår sin plass. Ledwith og Springett (2010) viser til sentrale teoretikarar som Foucault, Gramsci og Habermas som har synleggjort korleis maktstrukturar og hegemoni påverkar autonomien til individ og grupper. I følgje Martinussen, dannar samfunnsstrukturen med sine kontekstar og klassar, vilkår for kva mulige handlingsval som fins. Den enkelte sin plass i den sosiale strukturen avgjer kva for barrierar og ressursar som er til stades. Aldersgrupperingar har til dømes sine bestemte handlingsmønster, både utifrå felles situasjon m.o.t. ressurstilgang og plikter, og utifrå aldersroller med sine forventningar og normer. Den sosial forankringa set rammer for handling og samhandling, men er også viktig for å gi tilveret mening (Martinussen 2008:175-187).

Freire understrekar at bevisstgjerjing av undertrykkande strukturar er ein føresetnad for frigjerande handling. Diskriminerande strukturar er nedfelt i kulturen og ”går i arv” mellom generasjonane. Saman med hegemoniske oppfatningar skapar dei eit ”falskt medvit” om samfunnet som ramme for livet vårt. Me tek desse ”sanningane” inn i oss som umedvitne stengslar for handling (Freire and Nordland 1999).

Tesoriero omtalar spesifikt deltaking i organisasjonar. Han deler strukturelle barrierar for deltaking inn i indre og ytre barrierar. Indre barrierar er tilknytte organisasjonen, og handlar om reglar og vedtekter, organisering, målsetjingar, fysisk tilgjenge, kultur og maktfordeling. Ytre barrierar er hemmande strukturar i den sosiale, økonomiske eller politiske konteksten i samfunnet generelt (Tesoriero 2010:140-154).

Eljoras et al. peikar på at å redusere barrierar i organisasjonane handlar om å skape ein organisasjonskultur som legg til rette for gode inkluderingsstrategiar. Viktige ressursar her er kompetanse, økonomi og nettverk til lokalmiljøet. På systemnivå er koordinering, gode rammevilkår og tydeleg rollefordeling mellom frivillige, offentlege aktørar og lokale styresmakter viktig. Nivålenkande sosial kapital har her ei sentral rolle (2012:97).

Martinussen omtalar omgrepet diskurs, som er knytt til utvikling av delkulturar i samfunnet basert på felles forståing, språk og symbolbruk. Diskursar avgrensar det sosiale livet, og dannar meningsfellesskap. Individ og grupper som gjennom samhandling og konstruksjon av sosial røyndom blir skuba til utkanten av fellesskapet, blir kalla marginaliserte (Martinussen 2008:77-86). Gieryn påpeikar staden/lokalet sin innverknad

på kven som har tilgang og kjenner seg velkommen (2000). I følgje Lefebvre, sitert i Purcell (2011), er stad/rom eit sosialt produkt som blir kontrollert av dominante interesser .

Kva for konsekvensar har sosial deltaking for deltakarane og samfunnet? Eit grunnleggande syn er mennesket som sosialt vesen. Daatland og Solem skriv at menneska har behov både for tilhøyrslø og for individualitet. Behova er gjensidig avhengige, noko som betyr at privatliv utan fellesskap gir kjensle av einsemd. Vil ein vere ven med seg sjølv, treng ein venskap med andre (2011:116-117). Samtidig må det vere rom for å velje å ikkje delta. Henriksbø og Sudmann skriv at om det ikkje finns alternativ, blir deltaking eit imperativ skapt av andre sine preferansar (2011).

Martinussen peikar på at den sosiale identiteten kan vere knytt til fleire kontekstar med ulik verdi. Inn-grupper er sosiale kontekstar der medlemmene har ein sterk tilhøyrslø og solidaritetskjennele. Personar ein har sosiale relasjonar til, inngår i det sosiale nettverket. Slike nettverk er ein ressurs for den enkelte, der han/ho kan hente støtte for sine ønskjer og handlingar (Martinussen 2008:175-180). I følgje Sørensen (2011), er sosial støtte eit samansett omgrep som handlar om å få uformell hjelp frå andre til ulike behov som kan oppstå. Dette kan vere både behov knytt til kjensler, materielle behov, trong for praktisk hjelp, informasjon og anna. Sørensen skriv at sosial støtte er ein viktig faktor for meistring og livskvalitet i møte med belastande livshendingar og psykisk eller somatisk sjukdom .

Tesoriero argumenterer for eit samfunn bygd på verdiar om sosial rettferd og berekraft, og der lokalsamfunna har eit større ansvar for å imøtekomme innbyggjarane sine behov. Endring og utvikling skal skje nedanfrå ved deltakande demokrati. Slik eg forstår det, legg Tesoriero vekt på deltaking, i tydinga medverknad i politiske prosessar, som ein viktig del av bevisstgjeri og empowerment. Han nyttar omgrepet ”borgardeltaking” for å understreke at deltaking er knytt til rolla som samfunnsborgar. Deltaking kan og vere undertrykkande og forsterke urettferd. Det er difor viktig å sjå til at deltakinga fremjar prinsippa om berekraft, menneskerett og sosial rettferd (Tesoriero 2010:140-154).

Sosial deltaking er ein viktig strategi for å motverke marginalisering og diskriminering. Ledwith og Springett kallar deltaking eit transformativt omgrep, det er antitesen til isolasjon, marginalisering, eksklusjon, avmakt og framandgjeri (2010:57). I følgje Bauman og May er menneska sin identitet knytt til ei inndeling av verda som skil mellom ”oss” og ”dei”. Inngruppa treng utgruppa for å sikre sin identitet, samhörigheit og kjenslemessig tryggleik. Tilhøve som står i strid med gruppa sine ideal, blir undertrykt eller avvist (2004:38-45). Diskriminering kjem av ein trong til å favorisere inn-gruppa. Dei diskriminerte står fram som ei stereotyp masse med kjenneteikn som tener til å viske ut skilnader i gruppa og likskapar mellom dei og oss (Daatland 2008:16).

Sosial deltaking gir høve til refleksjon og dialog, slik at ein kan utfordre undertrykkande strukturar, etablere kollektivt medvit og fremje kollektiv handling (Freire and Nordland 1999). Forståing av samanhengen mellom måten me ser verda og handlingsrommet me opplever, legg grunnlag for endringsstrategiar (Ledwith and Springett 2010:220).


### 3.4 KOLLEKTIV HANDLING

Wallerstein hevdar at for å motverke marginalisering, er deltaking aleine utilstrekkeleg dersom ein ikkje også styrkar organisasjonen eller individa sin innverknad på politikk og avgjersler (2006). Frigjerung er praksis, seier Freire. Det er menneske som tenkjer og handlar utifrå eit mål om å endre tilveret sitt (Freire and Nordland 1999).

Sudmann og Henriksbø skriv at å få hjelp til å komme saman med andre, legg til rette for ei kjensle av fellesskap. Dette kan føre til at ein over tid utviklar kritisk medvit om sin situasjon, og felles visjonar om korleis vilkåra for sosial deltaking kan endrast (Henriksbø and Sudmann 2011). I følgje Starrin, kan kollektivt medvit gi ein emosjonell energi som kjem til uttrykk som entusiasme, solidaritet, sjølvtrillit og handlekraft (Starrin 2007). Det kollektive engasjementet er spesielt viktig for å få til handling (Tesoriero 2010:169).

Skilnaden mellom deltaking og kollektiv handling er, i følgje Bracht et al., fokuset for aktiviteten. I organisasjonar som ikkje har fokus på å auke medlemmene sine ressursar, vil deltakinga sjeldan føre til sosial eller politisk kollektiv handling. Denne situasjonen er ikkje statisk, men kan endre seg dersom organisasjonen opplever behov for å kunne påverke. (Bracht 1999:86-87).

Ledwith og Springett hevdar at sivilsamfunnet er ein god arena for å få dette til å skje. Sivilsamfunnet gir høve til frigjerande intervensjonar gjennom å fremje kritisk refleksjon. Kritisk refleksjon styrker autonomien, som igjen kan føre til kollektiv empowerment og kollektiv handling (2010 :13-34). Samanhengen mellom individuell bevisstgjerung og kollektiv handling er vist i ein modell:



Figur 6: *Modell over samanhengen mellom individuell bevisstgjerung og kollektiv handling (Ledwith and Campling 2011:67).*

Ledwith skriv at kollektiv handling for sosial endring må inkludere og balansere fire nivå:

1. Individet
2. Små fellesskap/ grupper
3. Institusjonar/samfunnsstrukturer
4. Samfunnet i seg sjølv

Grupper i lokalsamfunna er basis for kollektive prosessar (Ledwith and Campling 2011:98).

Dominelli skriv at undertrykkande strukturar finns på alle nivå; individ, gruppe, lokalt, nasjonalt og globalt. Ved å ha fokus på fleire nivå kan ein oppdage interaksjonar mellom nivåa, og unngå at ein oppfattar generell diskriminering som eit ”gruppeproblem”. I arbeidet med å motverke marginalisering, løfter Dominelli fram felles identitet som grunnlag for sterke maktrelasjonar og sosial mobilisering. Undertrykte grupper eller fellesskap som dannar organisasjon rundt sin felles identitet, står sterkare i arbeidet med å skape eit mindre diskriminerande samfunn. Felles identitet og felles interesser kan skape eit eige ”samfunn” av personar, som fungerer som ein motor for å skape og takle samfunnsendringar (2002:81,111).

I følgje Purcell er kritisk refleksjon hos innbyggjarane utilstrekkeleg for å skape sosial endring, ein treng også ei betre forståing av krefter som formar samfunnsutviklinga. Denne kunnskapen kan deretter leie til meir strukturerte prosessar for kritisk refleksjon og kollektiv handling (Purcell 2011). Institusjonell, politisk, økonomisk og statleg kontekst er blant dei viktigaste strukturane som påverkar handling (Wallerstein 2006).

Tesoriero skriv at mykje av årsakene til ulikskap og undertrykking finns innan ideologi og politikk. Andre sentrale strukturar er byråkratiet og organisering (2010:153-155). Ledwith viser til Foucault som hevdar at for å utfordre makt og undertrykking, må ein fokusere på dominans og hersketeknikkar – inkludert kontor og funksjonar som utøvar makta - så vel som maktstrukturane (Ledwith and Springett 2010:100).

Deltaking/medverknad i politiske og administrative prosessar er ein viktig del av kollektiv handling for endring. Arnstein har i modellen *A ladder of participation* skildra ulike former for medverknad og kva reell innverknad dei har i prosessen. For organisasjonar, er høyring den vanlegast forma for medverknad. Dette svarar til det Arnstein kallar konsultasjon. I følgje Arnstein, er konsultasjon sjeldan reell medverknad, fordi det er opp til makthavarane om dei vil ta omsyn til innspela eller ikkje. (Arnstein 1969). Som Cornwall påpeikar, må ein vurdere medverknad i samheng med konteksten. Medverknad kan sjåast som ein prosess der maktbalansen mellom ulike aktørar, med kvar sin agenda, formar rammene og måla for handling. (Cornwall 2008).

Metodekapittelet er ei framstilling av metodiske val og bakgrunnen for desse. Først blir det vitskapsteoretiske fundamentet og forskingsdesignet presentert. Deretter kjem ein gjennomgang av dei ulike fasane i datainnsamling og bearbeiding av data. Til slutt blir etiske og metodiske val kommentert.

### 4.1 VITSKAPSTEORETISK STÅSTAD

I følge Creswell, vil all forskning byggje på paradigme eller ”perspektiv på verda” som inneheld grunnleggjande ontologiske og epistemologiske val (Creswell 2007:19). Eg vil difor starte med å gjere greie for min vitskapsteoretiske ståstad i denne studien.

Samfunnsarbeid byggjer på analyse av vilkår for handling. Ved hjelp av analytisk tenking prøver ein å forstå m.a. kva som skjer, kvifor det skjer, korleis det skjer og kven som er involvert. Dei svar ein finn, dannar grunnlag for endringsstrategiar.

Å få heilskapleg kunnskap er ikkje det same som å finne den eine, heile sanninga. Min ståstad byggjer på ei erkjenning av at sosiale fenomen ikkje har ei endeleg forklaring, men har ulik mening for ulike individ og grupper og i ulike kontekstar. Ulike svar på same spørsmål kan difor vere like gyldige. Ei slik ontologiske forståing er grunnlaget for kvalitativ forskning (Creswell 2007:16). Kunnskap om mening får ein gjennom skildring og fortolking. Creswell skriv at epistemologi i kvalitativ forskning er å skildre og tolke deltakarane si oppleving frå ein ståstad som ligg så nær deltakarane si livsverd som mulig(2007:18).

Kva for svar ein får, er avhengig av ståstaden til den som spør. Ingen kan sjå alt frå ein ståstad. For å få heilskapleg kunnskap om verda, treng ein ulike perspektiv. I min studie betyr dette at eg prøver både å tolke utsegn frå informantane sitt perspektiv, og å tolke det som blir sagt utifrå ulike teoretiske perspektiv. Samsvar eller motsetnader mellom dei ulike perspektiva kan gi ei utvida forståing av dei aktuelle fenomena.

Eit mål med denne oppgåva er å utvide kunnskapen om faktorar som påverkar deltaking, og om konsekvensar deltakinga har for individ og samfunn. Oppgåva har ei perspektivistisk tilnærming i form av ei erkjenning om at ein treng både innsideperspektivet og utsideperspektivet for å finne svar på problemstillinga. Gjennomgang av kunnskapsstatus viser at kunnskapen i dag hovudsakleg har eit utsideperspektiv. Trong for meir erfaringsnær kunnskap er difor utgangspunktet for datainnsamlinga. I analyse og tolking av funn blir også data frå andre studiar trekt inn. Brinkmann, Tanggaard og Hansen skriv at eit perspektiv på kvalitativ forskning er å sjå det som ein fase i forskningsprosessen. Skildrande og fortolkande kvalitativ tilnærming blir forstått som ein nødvendig del av forskinga, og ikkje som motsetnad til objektive kvantitative studiar (Brinkmann, Tanggaard and Hansen 2012:14-15).

Bruk av kvalitative metodar er ein balansegang mellom forteljing og tolking. Ein vanlig framgangsmåte er at ein under datainnsamling legg hovudvekt på open og ”naiv” registrering av det som skjer og kva for meining aktørane legg i det som skjer. Deretter kan forskaren kople inn sine omgrep og perspektiv i tolkingsfasen (Repstad 1998:95). Denne oppgåva følgjer ein slik framgangsmåte. I analyse og drøfting blir studien sine kvalitative data sett i samanheng med eksisterande kunnskap. Her har oppgåva ei pragmatisk tilnærming, då ulike perspektiv blir brukt for å forstå og forklare dei fenomena som datamaterialet omtalar. I følgje Repstad, kan det å kombinere ulike metodar gi ein sikrere basis for tolking (1998:24). Menneska sine handlingar er komplekse fenomen som er resultat av mange ulike påverknader, både bevisste og umedvitne. Repstad skriv at menneska sine subjektive opplevingar ikkje alltid er tilstrekkeleg informasjon om eit fenomen (1998:23). Dette gjer det relevant å trekkje inn ulike forståingsmåtar og andre kunnskapskjelder for å tolke informantane sine utsegn.

## 4.2 VAL AV FORSKINGSDESIGN

Den vitskapsteoretiske ståstaden er grunnlaget for ein kvalitativ studie. Utifrå denne ståstaden har eg valt meir spesifikke teoretiske perspektiv som skal forme studien (Creswell 2007:42). Metodiske val må også gjerast utifrå problemstillinga og forforståinga til studien (Halkier and Gjerpe 2010:23). Forskingsdesignet for denne oppgåva inneheld tre sentrale tilnærmingar: Fenomenologi, sosialkonstruktivisme og herneutikk. I tillegg er nokre element frå diskursanalyse presentert. Eg vil no kort gjere greie for hovudperspektiva, og kvifor eg finn dei relevante.

### 4.2.1 FENOMENOLOGI

Eg ønskjer i denne studien å finne fram til korleis dei eldre sjølv opplever fenomen knytt til problemstillinga. Kvale, Brinkmann, Anderssen og Rygge definerer fenomenologi som ”en interesse for å forstå sosiale fenomen ut fra aktørenes egne perspektiver og beskrive verden slik den oppleveres av informantene ut fra den forståelse at den virkelige virkelighet er den menneskene oppfatter” (Kvale, Brinkmann, Anderssen and Rygge 2009:45). Ingenting eksisterer før det er opplevd. Det er dei bevisste opplevingane til menneska, og den meininga opplevinga har, som utgjer røyndomen. Røyndomen blir til i menneska si livsverd; den verda me kjenner og møter i kvardagen. Brinkmann et al. skriv at fenomenologi handlar om å få tilgang til personar si oppleving av si livsverd. Dette er primære opplevingar, som ennå ikkje er utsatt for refleksjon og teoretisering (2012:19). For å finne fram til den primære essensen i fenomenet, tar ein i bruk fenomenologisk reduksjon. Dette vil seie at ein prøver å sjå vekk frå all førehandskunnskap om fenomenet i skildringa av informantane sine opplevingar (Kvale et al. 2009:46). Summen av felles opplevingar dannar grunnlag for utvikling av teori. I følgje Creswell, er fenomenologiske studiar skildringar av ei gruppe personar sine opplevingar av eit fenomen. Målet er å finne

fram til fellestrekk i opplevingane som kan føre til ei generalisert forståing av fenomenet (2007:57-58).

---

#### 4.2.2 HERMENEUTIKK

Problemstillinga for studien rettar seg mot individa sine erfaringar, og kva desse erfaringane betyr for individa og for omgjevningane. Ei objektiv gjengjeving av informantane sine utsegn gir berre delvis svar på dei spørsmåla som blir stilt. For å få ei djupare forståing, blir informantane sine utsegn sett i samanheng med teori og tolka utifrå ulike perspektiv. Kvale et al. definerer hermeneutikk som læra om tolking av tekstar. Alle tekstar, t.d. skildringar av utsegn, handlingar og fenomen, får ei meining på bakgrunn av ein kontekst. Målet med hermeneutisk tolking er å finne fram til ei gyldig og allmenn forståing av teksten. Dette betyr at ein ser innhaldet i teksten i ein større samanheng, utover intervjusituasjonen. På bakgrunn av førehandskunnskap om temaet, stiller forskaren spørsmål til teksten og søker etter ulike former for meining (2009:69-70).

Tolkingsprosessen vekslar mellom å studere einskilde deler og å sjå heilskapen, og trekk bindingar mellom forforståinga, fenomenet som blir studert, og konteksten ein har valt. Prosessen gjentar seg sjølv gjennom heile forskingsforløpet, og blir omtala som den hermeneutiske sirkel (Gilje and Grimen 1993:153). Hermeneutisk fenomenologi tar i bruk både fenomenologisk og hermeneutisk tilnærming. Creswell omtalar hermeneutisk fenomenologi som studiar der ein skildrar livserfaringar, og deretter tolkar desse skildringane. I tolkinga finn forskaren fram til ulike meiningar/forståingar av livserfaringane (Creswell 2007:59).

---

#### 4.2.3 SOSIALKONSTRUKTIVISME

I tillegg til eit fenomenologisk perspektiv, har eg valt ei sosialkonstruktivistisk forståing som bakgrunn for innsamling av data. Dette er i tråd med perspektiv innan samfunnsarbeid, der dialog og samhandling er sentrale element. I følgje Creswell, legg sosialkonstruktivismen vekt på at menneska si forståing av verda blir forma gjennom samhandling med andre (2007:20). Samspelet mellom deltakarane i studien gjer at det blir skapt nye erfaringar knytt til fenomena ein utforskar. Forskaren si oppgåve er å finne fram til meining og forståing som oppstår og blir forma i denne samhandlinga.

Sosialkonstruktivisme blir rekna som ei postmoderne tilnærming, der ein ser på samtalen som ein stad der kunnskap blir produsert (Kvale et al. 2009:72).



Forskningsdesignet legg føringar for kva for metodar som er aktuelle. Kombinasjonen mellom fenomenologi og sosialkonstruktivisme peikar ut fokusgruppe som ein relevant metode. Halkier skriv at fokusgruppe er eigna til å produsere data om sosiale grupper sine tolkingar, samhandlingar og normer (2010:13). Dette passar med problemstillinga for oppgåva, som søker etter fellestrekk i opplevingane, meir enn den einskilde si erfaring. Fokusgruppe som metode er også i tråd med sentrale verdiar i samfunnsarbeid. M.a. vil ei fokusgruppe leggje til rette for dialog og kritisk refleksjon, som er viktige kjelder for handlingsmakt og empowerment. Barbour skriv at fokusgruppe som metode kan i seg sjølv føre til styrking av deltakarane (Barbour 2007:20). Ein annan grunn til å velje fokusgruppe, er at denne metoden kan gi tilgang på relevant data med relativt lite ressursbruk. Halkier hevdar at fokusgrupper kan produsere konsentrerte data om eit fenomen på ein relativt lett tilgjengeleg måte, og utan å krevje mykje tid verken av deltakarane eller forskaren (Halkier and Gjerpe 2010:15).

Ei fare ved bruk av fokusgrupper, er at det kan oppstå tendensar til konformitet eller polarisering som avgrensar deltakarane sine utsegn (Halkier and Gjerpe 2010:15). Underlid skriv at konformitet kan bety at ein gir etter for eit opplevd gruppepress utan at dette er eit direkte krav. Det kan også skje at eit mindretalssyn kan få stor påverknad på gruppa si forståing (1997:150-152).

Det kan oftast vere tenleg med fleire fokusgrupper for tilstrekkeleg breidde i datamaterialet. Samtidig er det viktig med grundig analytisk bearbeiding slik at ein kjem i djupna av empirien (Halkier and Gjerpe 2010:41). Etter å ha gjennomført eit fokusgruppeintervju, hadde eg eit datamateriale som eg vurderte som svært rikt og omfattande. På bakgrunn av avgrensa ressursar og tid, valte eg difor å konsentrere meg om desse funna framfor å gjennomføre fleire fokusgruppeintervju. Dette har gitt høve til meir inngående bearbeiding av data.

Fokusgruppeintervju skil seg frå andre intervjuformer ved at ein, i tillegg til kunnskap hos individa, også får tilgang til kunnskap som blir produsert i gruppeprosessen. Barbour definerer fokusgruppe som ein gruppediskusjon der forskaren stimulerer til, og er merksam på, samhandlinga i gruppa. Fokusgruppeintervju har ein friare regi, og eignar seg for å utforske opplevingar, meiningar, ynskjer og utfordringar, uttrykt med personane sine egne ord (Barbour 2007:5,20). Kollektive ordvekslingar kan bringe fram spontane ekspressive og emosjonelle synspunkt som ein ikkje får i individuelle intervju (Kvale et al. 2009:162). Ved å stille spørsmål til kvarandre og kommentere andre sine erfaringar produserer fokusgruppa meir komplekse data. I tillegg får ein gjennom gruppeprosessen kunnskap om meiningsdanning og sosiale praksisar (Halkier and Gjerpe 2010:14-15). Det er samtalen mellom informantane som er viktig, og forskaren si rolle som intervjuar kjem meir i bakgrunnen. Barbour skriv at å leie ei fokusgruppe handlar om å stimulere til samtale mellom deltakarane innanfor det temaet som er valt. Forskaren skal og vere merksam på gruppeprosessen og eventuelle følgjer av denne (Barbour:3). Målet med fokusgruppe er

ikkje å komme fram til svar eller konsensus, men først og fremst å få innsikt i perspektiva til deltakarane (Barbour 2007:3).

#### 4.4 TILGANG TIL FELTET

Målgruppa for studiet er eldre innbyggjarar i min heimkommune. I høve til problemstillinga er eg interessert i alderspensjonistar, og eg har difor valt ei nedre aldersgrense på 65 år. Studien handlar om eldre si deltaking i frivillige organisasjonar, og målgruppa er difor avgrensa til eldre som er aktive medlemmer av kultur- og fritidsorganisasjonar. For å få kunnskap om barrierar for deltaking er det naturleg å utforske erfaringar også til eldre som ikkje deltek. Dette vart likevel vurdert som altfor ressurskrevjande i denne samanheng.

Gjennom mi stilling som folkehelsekoordinator, har eg mykje samarbeid med frivillig sektor i kommunen. Eg har også personleg erfaring frå medlemskap i ulike organisasjonar. For å finne fram til aktuelle informantar, nytta eg kommunen si oversikt over organisasjonar, og eigen kunnskap. Eg laga ei liste over organisasjonar der eg fann det sannsynleg at nokre av medlemmene var over 65 år. Eg gjorde så eit utval på 16 organisasjonar basert på størst mulig mangfald, både i høve til geografi og interessefelt.

For å lette tilgangen til feltet, nytta eg meg av døropnarar i organisasjonane. Creswell definerer døropnar (gatekeeper) som ein person som er medlem eller har innanfor-status, og kan gi forskaren tilgang til gruppa (2007:125). I dei fleste av dei aktuelle organisasjonane hadde eg relasjonar til eit medlem. Eg valte å nærme meg organisasjonen ved først å ta kontakt med denne personen, og fortelje om prosjektet mitt. Alle personane eg nytta som døropnarar var positive, og viste velvilje til å informere styret og andre medlemmer om mine intensjonar.

Neste steg var å sende ein formell førespurnad til styret i organisasjonen. Dette vart sendt som vedlegg til e-post, eventuelt som brev, til leiaren. Skrivet, som er vedlegg i denne oppgåva, inneheldt informasjon om prosjektet, eit skjema der personar som var interessert i å delta kunne skrive seg på, og ein frankert returkonvolutt. 10 av organisasjonane svarte på førespurnaden. Av desse var det 3 organisasjonar der ingen av medlemmene var interesserte /aktuelle. 7 organisasjonar hadde ein eller fleire interesserte deltakarar innanfor målgruppa. Dette utgjorde til saman 28 personar, 4 kvinner og 24 menn.

#### 4.5 UTVAL

Fokusgruppeintervju er krevjande både å leie og å analysere. Størrelsen på gruppa bør difor ikkje vere meir enn 8 deltakarar (Barbour 2007:60). I følgje Creswell, er tilrådd deltakartal for eit fenomenologisk studie mellom 3 og 10 (2007:126). Eg hadde ønskje om at gruppa

skulle vere så stor som mulig utifrå det som er tilrådd, for å skape breidde i datamaterialet. Utgangspunktet var difor ei gruppe med 9 deltakarar.

Innanfor kvalitative design, er utvala for små til at ein kan nytte tilfeldig utveljing. Ein må i staden sikre at deltakarane har dei nødvendige eigenskapane i høve til problemstillinga (Halkier and Gjerpe 2010:30). Crewell hevdar at det viktigaste kriteriet i ein fenomenologisk studie, er at alle har opplevd fenomenet som blir utforska, og kan uttrykke kva dei har opplevd (2007:123). Med eit sosialkonstruktivistisk utgangspunkt, bør ein også ta omsyn til likskapar og skilnader mellom deltakarane i fokusgruppa. Barbour skriv at deltakarane bør ha nok til felles til å skape ein fruktbar diskusjon, men samtidig ha ulike perspektiv slik at diskusjon er mulig (2007:2-3). Eg ønskjer at gruppa skal spegle dei eldre innbyggjarane best mulig, for å kunne gi allmenne erfaringar som er gyldige for dei fleste. Det betyr at gruppa skal ha mest mulig lik representasjon m.o.t. kjønn, alder, sosial bakgrunn, og sivil status. I tillegg er det ønskjeleg med representasjon frå ulike typar organisasjonar. På bakgrunn av desse kriteria vart det utifrå tilgjengeleg kunnskap om deltakarane plukka ut 9 deltakarar, 4 kvinner og 5 menn, med bakgrunn frå 7 ulike organisasjonar.

Dei utvalte deltakarane fekk tilsendt brev med invitasjon, og blei deretter kontakta på telefon. Dei fekk informasjon om praktisk gjennomføring, etiske retningslinjer og informasjon om samtykke. Brevet til deltakarane er vedlegg i denne oppgåva.

2 av deltakarane melde avbod rett før datainnsamlinga . Samansetninga av fokusgruppa vart då 2 kvinner og 5 menn frå 6 ulike organisasjonar. Her fylgjer ei oversikt over fokusgruppa sine deltakarar (fleire var medlem i meir enn ein organisasjon, her er brukt den organisasjonen som vart kontakta for rekruttering av deltakarar):

Tabell I: *Oversikt over fokusgruppa*

<b>Namn i studien</b>	<b>Alder</b>	<b>Organisasjon</b>
Arne	I slutten av 60-åra	Jeger og Fisk
Anne	I slutten av 70-åra	Skigruppa
Jan	I byrjinga av 70-åra	Turlaget
Tor	Midt i 70-åra	Mannskoret
Einar	Midt i 70-åra	Mannskoret
Randi	I byrjing av 70-åra	Husflidlaget
Jonas	I slutten av 70-åra	Gutta på tur

Samtalen i fokusgruppa vart i nokon grad gjennomført som eit semistrukturert intervju. I følgje Kvale og Brinkmann blir semistrukturert livsverdsintervju nytta når ein vil forstå tema frå dagleglivet utifrå personen sine egne perspektiv (2009:47). Føremålet med intervjuguiden var å knytte samtalen i fokusgruppa til forskningsspørsmåla i studien. Guiden vart nytta til å introdusere tema for samtale i gruppa, men utan å gripe for mykje inn i samtalan. Barbour skriv at intervjuguiden skal vere fleksibel, og ikkje ein fast strukturert protokoll (2007:84).

Fokusgruppeintervjuet fann stad i eit møterom på det kommunale Rehabiliteringssenteret. Dette er eit lokale som ofte blir nytta av lag og foreningar. I val av lokale vart det lagt vekt på enkel tilkomst og universell utforming, og at lokalet er ope og inkluderande og ikkje signaliserer tilknytning til makt eller hierarki. Møtetidspunkt var ettermiddag rett etter arbeidstid, då møterommet var uforstyrret av tilsette ved senteret. Møterommet har eit ovalt bord som eignar seg godt for gruppesamtalar.

Det vart lagt vekt på å skape ei trygg og god ramme for samtalen. Deltakarane fekk ei personleg mottaking, og det var sett av tid for litt småprat før datainnsamlinga starta. Det blei servert kaffi/te, tebrød og frukt. Barbour skriv at å servere forfriskingar fremjar ei avslappa atmosfære, og er ein måte å vise at ein set pris på deltakinga (2007:75).

Til opptak av samtalen blei nytta ein liten 2-kanals opptakar (bordmodell) med minnekort. Det var ein medhjelpar til stades som hadde ansvar for opptak og andre praktiske gjeremål, skrive notat undervegs, samt å følgje med tida. Datainnsamlinga gjekk føre seg i to periodar, kvar på 45-50 min., med 15 minutt pause mellom.

Mi rolle i samtaleprosessen, var å fungere som moderator og fasilitator for samtalen. Halkier skriv at ein moderator i fokusgrupper skal få deltakarane til å snakke saman, og ta hand om den sosiale dynamikken mellom deltakarane (2010:57). Dette omfattar både å skape ei uformell stemning, introdusere tema og stimulere diskusjonen, og sørge for at alle får delta.

Gruppesamtalen starta med ei kort innleiing der eg gjekk gjennom målet med intervjuet. Eitiske retningsliner og krav om konfidensialitet blei også omtala, saman med enkle retningsliner for samtalen. Introduksjonen skaper rammene for det sosiale rommet omkring intervjuet (Halkier and Gjerpe 2010:60). Deretter fekk kvar av deltakarane presentere seg, før eg introduserte første tema.

Alle deltakarane var aktive i samtalen, og det var lite trong for styring. Samtalen var innom dei fleste punkta i intervjuguiden, om enn i ulik grad. Det vart lagt vekt på deltakarane sine val og prioriteringar innanfor tema. Eg hadde ei aktivt lyttande rolle, og gav korte stadfestingar eller tilbakemeldingar for å stimulere samtalen. Enkelte gonger blei deltakarane bedt om å utdjupe eit utsegn, for å få ei betre forståing for den meininga dei formidla. I siste del av intervjuet vart regien stramma noko inn, ved at eg stilte fleire

spørsmål og greip meir inn i samtalen for å rette fokuset på område som var lite omtala, eller som eg opplevde trong meir utdjuping. I følgje Halkier gir ein slik strategi, som blir kalla *traktmodell*, høve til både å gi plass til deltakarane sine perspektiv og samspel med kvarandre, og samtidig vere sikker på å få kunnskap om eigne forskningsinteresser (Halkier and Gjerpe 2010:47).

Det kom fram fleire døme på at gruppeprosessen førte til nye perspektiv. Deltakarane stilte spørsmål til kvarandre, følgde opp andre sine utsegn, og gav uttrykk for at dei fekk utvida forståing og såg ting på nye måtar. Dei utveksla også erfaringar og idear, og knytte nye kontaktar innanfor felles interessefelt. Sjølv om det kom fram ulike perspektiv mellom deltakarane, var det ikkje teikn til sterke motsetnader. Samtalen var prega av støtte og gjensidig respekt for kvarandre. Samtidig synest det som at det for fleire av deltakarane var viktig å markere ein posisjon som ”aktiv, ressurssterk pensjonist”, og at dette prega deler av samtalen.

Fleire av deltakarane var med i styret til sin organisasjon, eller identifiserte seg sterkt med organisasjonen. I løpet av samtalen veksle dei mellom å representere seg sjølv som person og å uttale seg på vegne av organisasjonen. Slik gav samtalen kjennskap også til organisasjonane sine perspektiv.

#### 4.7 TRANSKRIBERING

Fokusgruppeintervjuet vart lagra som lydfiler. For å gjere datamaterialet lettare tilgjengeleg for analyse, blir det transkribert til skriftleg form. Dette gjer materialet meir strukturert og oversiktleg. Prosessen med transkribering er i seg sjølv ei start på analysen (Kvale et al. 2009:188). Eg utførte sjølv transkriberinga kort tid etter at intervjuet var gjennomført. Dette gjorde at eg lettare kunne hugse kva som skjedde.

Transkribering vil seie å setje over talespråk til skiftspråk. Uansett korleis dette skjer, vil ei mengd informasjon gå tapt (Halkier and Gjerpe 2010:82). Sidan datainnsamlinga vart gjort som opptak av lyd, vil informasjon om mimikk, blick og kroppsspråk lett forsvinne. Noko av denne informasjonen vart notert av meg og assistenten, og inngår såleis i data som grunnlag for tolking og analyse. Ein del informasjon om samhandlinga deltakarane imellom har eg registrert umedvite. Denne informasjonen kjem tilbake når eg lyttar til opptaka eller les transkriberinga, og innverkar såleis på tolkinga av samtalen.

Transkriberinga er forsøkt gjort så nært opp til talespråk som mulig. Tenkjepausar, opphald i samtalen, latter, avbryting og andre språklege fenomen er notert så utfyllande som det let seg gjere. Notat om mimikk, samhandling o.l. er inkludert i transkripsjonen. Det vart heile tida spesifisert kven som snakka. Av omsyn til personvern, vart data gjort anonymt ved at ein nytta fiktive namn. Enkelte utsegn som kunne identifisere personar vart utelatne.

Transkripsjonen av intervjuet gir store mengder tekst som rommar eit breitt spekter av funn. I følgje Barbour, medfører rikdomen i data frå fokusgruppeintervju at det er føremålstenleg å bruke ei systematisk tilnærming til analysen. Ein søker å gjere teksten meir oversiktleg ved å utvikle omgrep/påstandar som inkluderer alle relevante funn i data (2007:151). Brinkmann et al. skriv at målet med analysen er å ende med overblikk og at ein veit å å sjå nye samanhengar eller motsetningar. Slik skildring og fortolking av meningsinnhald er sentralt i fenomenologisk og hermeneutisk tilnærming (2012:37).

Min framgangsmåte i analysen er m.a. bygd på teoriane til Kvale m/fl. Dei omtalar koding, fortetting og fortolking som metode for å organisere data, konsentrere meningsinnhald og hente fram implisitte meiningar. Koding og fortetting gir struktur og overblikk. Fenomenologisk meningsfortetting er utvikla av psykologen Giorgi, som hjelp til å analysere lange og komplekse intervjutekstar på ein systematisk og disiplinert måte uavhengig av kvantitative storleikar. Medan menings**fortetting** reduserer tekstmengda, fører menings**fortolking** ofte til ei utviding av teksten. I meningsfortolking ser ein informantane sine utsegn innanfor ei breiare referanseramme, og finn fram til meiningar som ikkje er synlege ved første blick (Kvale et al. 2009:208-214).

I fokusgruppeintervjuet nytta eg ein semistrukturert intervjuguide som tok utgangspunkt i forskingsspørsmåla. Her hadde kvart spørsmål underkategoriar basert på teori. Ved analysen nytta eg desse kategoriane som utgangspunkt for koding av den transkriberte teksta. På den måten vart kodinga gjort innanfor ei teoribasert referanseramme som knyter informantane sine utsegn til allereie definerte teoretiske omgrep. I tillegg oppretta eg nye kategoriar for utsegn som ikkje kom inn under dei opphavelige kategoriane. Kodinga vart såleis basert på kategoriar som dels var teoribasert og dels databasert. Dette er i tråd med Barbour, som hevdar at koderamma bør vere fleksibel nok til å inkludere nye tema som blir introdusert i fokusgruppa (2007:117).

Under kodinga kom det fram at mange av utsegnene passa inn i fleire kategoriar, og at fleire av kategoriane gjekk inn i kvarandre. Dette er vanleg for kvalitativ forskning, av di datamaterialet er komplekst og differensiert (Barbour 2007:123). Eg fann det difor føremålstenleg å slå saman dei kategoriane som overlappa mest, til nye og vidare kategoriar. På neste side følgjer ei oversikt over dei opphavelige og dei nye kategoriane:

Tabell II: *Oversikt over opphavelge og nye kategoriar:*

<b>Forskingsspørsmål</b>	<b>Opphavelge kategori</b>	<b>Ny kategori</b>
Kva for faktorar opplever eldre fremjar eller hemmar deira deltaking i frivillige organisasjonar	Organisasjonsutval	Organisasjonsutval og tilgjenge
	Fysiske strukturar /tilgjenge / stad /kompetansekrav	
	Organisatoriske strukturar	
	Eigne haldningar og oppfatningar om alderdom	Verdiar, haldningar og oppfatningar
	Pågåande diskursar om alderdom	
	Andre diskursar	
	Kunnskap og kritisk bevissthet om egne behov og ressursar	
	Kjenner ansvar (frå data)	
	Dialog med andre /støtte	Dialog og støtte
	Bli anerkjend / etterspurd	Meining og vørndnad
	Tru på eiga meistringsevne (self-efficacy)	Tru på eiga meistringsevne
	Erfaring / kultur/ interesse	Bakgrunn og erfaring
	Lystbetont (frå data)	Lyst og glede
Kva innverknad opplever eldre at deira deltaking i frivillige organisasjonar har på korleis livet deira artar seg her og no	Identitet og tilhøyrse	Identitet, tilhøyrse og sosial støtte
	Sosial støtte /nettverk	
	Meistring og autonomi	Sjølvkjensle og individuell empowerment
	Individuell empowerment/ kunnskap	
	Å ha noko meningsfullt (frå data)	
Livsglede /trivsel (frå data)	Livskvalitet / trivsel	
Korleis verkar eldre si deltaking i frivillige organisasjonar inn på eldre sin situasjon generelt?	Kollektiv empowerment	Kollektiv empowerment
	Samanbindande sosial kapital	Bonding sosial kapital
Korleis verkar eldre si deltaking i frivillige organisasjonar inn på lokalsamfunnet?	Sosial kapital	Sosial kapital
	Demokrati	Demokrati
	Folkehelse	Folkehelse
	Ressursar /berekraft	Ressursar/berekraft

Kategoriene er relativt vide og generelle, og inneheld ulike mengder data. For å få fram dei spesifikke funna frå min studie, laga eg underkategoriar for kvar kategori basert på data. Desse kategoriene er henta frå informantane sine formuleringar og speglar fellestrekk i utsegnene. Eg samla så meiningsinnhaldet i underkategoriene i påstandar som representerer ei meiningsfortetting av informantane sine utsegn. Påstandane svarar direkte på forskingsspørsmåla.

Skal kondenseringa av data til påstandar vere gyldig, må alle relevante utsegn vere inkludert (Barbour 2007:151). Dette blei ivaretatt ved at eg i løpet av analysen fleire gonger gjekk tilbake både til den opphavslege teksten og til samlinga av tekst innanfor kvar kategori. Når eg fann utsegn som ikkje var inkludert i påstandar, vart påstandane utvida.

Siste fase av analysen er meiningsfortolkning. Her prøver eg å tolke meninga til dei ulike påstandane i lys av problemstillinga til studien og den teoretiske konteksten. I følge Kvale og Brinkmann vil tolkinga av ein tekst vere avhengig av kva for spørsmål ein stiller til teksten. Ulike spørsmål fører til ulike meningar (2009:218). Føremålet mitt er, gjennom dei eldre si skildring, å finne fram til kunnskap om kva som fremjar eller hemmar deltaking, og verdien av eldre sin organisasjonsdeltaking. Dette er difor utgangspunktet for tolkinga. Meiningsfortolkninga av informantane sine utsegn er presentert i kapittel 6. I kva grad desse påstandane byggjer opp under, eller bryt med gjeldande kunnskapsgrunnlag, er tema for drøftinga.

Som tidlegare omtala, er eit særpreg ved fokusgruppedata at dei også omfattar interaksjonar i gruppa. Transkribering av samtalen saman med notat gjort under intervjuet inneheld data om samhandlinga. Halkier og Gjerpe skriv at samhandlinga i gruppa er med på å skape ei forståinga som utgjer ramma for samtalen. For å analysere gruppeinteraksjonar treng ein særskilte analysereiskapar (Halkier and Gjerpe 2010:102-105). Grunna avgrensingar i ressursar og tid, har eg valt å ikkje gjere ein strukturert analyse av samhandlinga. Eg vil likevel i kapittel 6 presentere funn og refleksjonar knytt til samhandlinga, då dette har innverknad på tolkinga av øvrige data. Samhandlinga blir og drøfta kort utifrå eit samfunnsarbeidsperspektiv.

#### 4.9 ETISKE VURDERINGAR

Forskingsetikk handlar både om forskinga sin verdi for samfunnet, og om etiske omsyn i forskingsprosessen. Kvale skriv at samfunnsforskning bør tene både vitenskaplege og menneskelege interesser (Kvale 1997:79). Målet med denne studien er utvida kunnskap omkring livskvalitet hos eldre. Metoden som blir brukt kan, som nemnt tidlegare, i seg sjølv vere styrkjande for deltakarane. Dette tilseier at forma og målet til studien tar i vare etiske omsyn.



Kunnskap som blir produsert i intervjusituasjonar, er avhengig av at informantane opplever at dei kan snakke trygt og fritt. Dette krev at intervjuaren viser respekt for informantane sin integritet. Nødvendige etiske omsyn må takast i alle fasar av undersøkinga. (Kvale 1997:35, 79). Studien er godkjend av NSD, og er utført i samsvar med formelle krav om informert samtykke og konfidensialitet. Alle informantar fekk informasjon om målet med studien samtidig som dei blei spurde om å delta. Før intervjuet starta blei det informert om anonymisering av data og korleis data frå intervjuet ville bli handsama vidare. Informantane blei også oppmoda om å utøve teieplikt utanfor gruppa.

Kvalitativ forskning kan få deltakarar til å gi opplysningar som dei seinare vil angre på (Kvale 1997:91). Tema for oppgåva gir derimot liten risiko for krenking av deltakarane sine intime sfærar. Også metoden reduserer risiko for å komme inn på kjenslevare område, då dialog/samtale-forma gjer at informantane sjølv vel kva dei vil uttale seg om. På ei anna side betyr intervju i gruppe større risiko for at det ein seier kan få personlege følgjer – spesielt på ein liten stad der personane kjenner til kvarandre. Eg var merksam på dette under intervjuet, og klar til å gripe inn i samtalen om eg opplevde at informantar gjekk for langt i å blottleggje seg. Dette blei ikkje nødvendig.

Forskaren sin integritet er avgjerande for kvaliteten på kunnskapen og dei etiske avgjerslene. Rolla til forskaren kan romme ei spenning mellom profesjonell distanse og personleg vennskap. Etiske spørsmål knyter seg ofte til den asymmetriske maktrelasjonen mellom intervjuaren og informantane (Kvale 1997:92-93). For å ivareta etiske omsyn, har eg lagt vekt på å ha ei mest mulig nøytral haldning i intervjusituasjonen. Informantane har fått uttale seg mest mulig fritt, og alle data er forsøkt gjeve att så nøyaktig som mulig. Eg har vore open på eigen ståstad i høve til studien, og har reflektert over korleis eiga for forståing kan ha innverknad på den produserte kunnskapen.

#### 4.10 DRØFTING AV METODE

Metodologiske val skal medverke til at forskingsresultata er gyldige eller *valide*. I fylgje Kvale dreier validitet i samfunnsvitskapen seg om i kva grad ein metode er eigna til å undersøkje det den skal undersøkje. Validering betyr å kontrollere og evaluere forskingsprosessen og den vitskaplege kunnskapen som blir produsert. Validiteten blir kontrollert ved å undersøke feilkjeldene (Kvale et al. 2009:250,253-254). Eg vil no drøfte mulige feilkjelder i ulike deler av forskingsprosessen.

I forskningsspørsmåla spør eg m.a. om kva som fremjar og hemmar deltaking, og kva konsekvensar eldre si deltaking får for eldre som gruppe. Skal ein finne gode svar på desse spørsmåla, er det ikkje nok å spørje dei som deltar. Ein treng og perspektiva til dei som ikkje deltar. Sjølv om nokre av informantane også har slike erfaringar, er dette perspektivet i liten grad inkludert i denne studien. Det er difor trong for fleire studiar som har opplevinga til dei som ikkje deltar i fokus.

Eg har tidlegare grunngeve val av fokusgruppe som metode. Det fokusgruppa i mindre grad får fram, er ei djupare forståing av den einkilde si livsverd (Halkier and Gjerpe 2010:13). Ei slik forståing kan tenkjast å vere spesielt relevant for å forstå skilnad i deltaking mellom ulike grupper, t.d. sosiale skilnader. I følgje Halkier kan den sosiale kontrollen i gruppa og vere eit hinder for at alle ulike erfaringar og perspektiv kjem fram (2010:14). Det kan utifrå dette vere ei løysing å kombinere fokusgruppe med individuelle intervju. Ein individuell metode vil kan hende vere enda viktigare i ein studie med personar som ikkje deltek i organisasjonar, då grunnar til ikkje å delta kan vere vanskelegare å snakke ope om i ei gruppe.

I kva grad funna er representative, er viktig for validiteten (Kvale et al. 2009:255). Ved rekruttering av deltakarane, vart 17 organisasjonar kontakta. Desse var valt ut for å gi spreing i interesse/aktivitet, geografi og sosial bakgrunn. Det viste seg at alle personane som var interesserte i å delta i studien, høyrde til organisasjonar som er lokalisert i eller nær kommunesenteret. Kanskje kunne ei anna tilnærming til feltet, t.d. at eg møtte medlemmene i organisasjonen og informerte dei direkte, ført til at fleire utanfor sentrum vart villige til å delta. Forskingsarbeid er eit ukjent felt for mange, noko som kan føre til redsel for å ikkje meiste oppgåva godt nok. Personleg informasjon kunne kan hende i større grad ufarleggjort deltakinga.

Få kvinner var interesserte i å delta, trass i at dei fleste laga har fleire kvinnelege enn mannlege medlemmer over 65 år. Eg er usikker på kva dette skuldast. Det kan hende at personleg frammøte hadde vore betre også for rekruttering av kvinner.

Som tidlegare nemnt, vart utvalet til fokusgruppa gjort for å få best mulig spreing. Når deltakarane presenterte seg, kom det fram at dei fleste har eller har hatt leiande roller i organisasjonen, og at dei er svært engasjerte i frivillig arbeid. Utifrå dette kan ein seie at gruppa representerer eit "eliteutval". Dette kan vere ein veikskap fordi deira perspektiv kanskje ikkje er representativt for den store medlemsmassen. På den andre sida er dette medlemmer som har mykje erfaring og synes å ha reflektert mykje rundt organisasjonsdeltaking. Dei kan difor vere ei god kjelde til informasjon både om eiga oppleving, om andre sine erfaringar, og om organisasjonsleiinga sine perspektiv.

Ved gjennomføring av intervjuet og ved analysen av data, nytta eg førehandsdefinerte kategoriar basert på teori. Slike kategoriar kan føre til at ein ikkje får fram andre moment som kan ha stor verdi. Samtidig er det nødvendig med ei teoretisk ramme som knyter funna til problemstillinga. For å unngå at kategoriane hemma dataproduksjonen, vart intervjuet gjennomført etter ein traktmodell der eg opna med vide spørsmål for å få fram flest mulig perspektiv. Under analysen var eg merksam på å inkludere nye kategoriar basert på data.

Samhandlinga mellom deltakarane i fokusgruppa er ein viktig del av dataproduksjonen. Analyse av samhandling i fokusgrupper blir sjeldan utført (Halkier and Gjerpe 2010:102-105). Også denne studien manglar strukturert analyse av samhandlinga. Ein slik analyse ville kunne avdekke samhandlingsmønster og moment som kan vere verdifull kunnskap i seg sjølv, og også ha innverknad på tolkinga av informantane sine utsegn. Sjølv om det

ikkje er utført ein strukturert analyse, er mykje av samhandling notert ned og inkludert i transkriberinga, og påverkar korleis datamaterialet blir forstått. Funn knytt til samhandling blir presentert og drøfta i neste kapittel.

Eg har tidlegare argumentert for val av berre ei fokusgruppe. Det er derimot liten tvil om at fleire fokusgrupper ville tilføre studien eit breiare datagrunnlag og slik føre til større forståing og meir gyldig kunnskap. Spesielt ville ein då inkludere deltakarar frå andre deler av kommunen, ulike sosiale lag og ulike typar organisasjonar. Dette betyr derimot ikkje at kunnskapen som er skapt i denne studien ikkje har verdi. Men det er trong for fleire studiar for å få ei meir heilskapleg forståing.

Studien vart gjennomført i min eigen heimkommune. Dei fleste informantane kjenner meg frå før, enten som privatperson eller knytt til ei yrkesrolle. Spesielt blir eg sett som representant for kommunen si helseteneste. Dette gjer det vanskeleg å ha ei nøytral rolle i intervjusituasjonen. Det er også tydeleg at informantane ikkje alltid skil mellom forskarrolla og andre roller eg har. Denne samanblandinga av roller kan lett påverke kva som blir vektlagt i samtalen. Informantane kan ha ein annan agenda med det dei seier, utifrå kva rolle dei tillegg meg. Min bakgrunn kan også påverke kva dei trur er ”rette og gode svar”. I følgje Repstad kan forskaren sin posisjon av og til føre til strategisk oppførsel frå aktørane. Dersom forskaren sine synspunkt er velkjente, kan det påverke forskingsresultata (Repstad 1998:56). På ei anna side kan kjennskap til mine andre roller få fram perspektiv som elles ikkje ville blitt vektlagt.

Forskaren sin innverknad på resultatet er ei viktig feilkjelde. Kvale et al. skriv at forskaren må synleggjere sine perspektiv og ha eit kritisk syn på sine tolkingar for å motverke selektiv forståing og skeiv tolking (2009:254). Eg har tidlegare gjort greie for mine faglege og vitskapsteoretiske ståadar. Mi forståing er farga av at både fagleg bakgrunn og personleg erfaring byggjer opp under hypotesen om at deltaking i frivillige organisasjonar fremjar livskvalitet og berekraft. For å redusere innverknad på forskingsresultatet, er eg medviten om mine egne perspektiv samtidig som eg prøver å vere mest mulig open for informantane sine tolkingar, både under intervjuet og ved analysing av data.

## 5 PRESENTASJON OG DRØFTING AV FUNN

Dette kapittelet presenterer viktige funn frå datainnsamlinga, og mine tolkingar og drøftingar av funna. Først blir funn knytt til samhandlinga i fokusgruppa presentert og drøfta. Så følgjer ei oppstilling av sentrale funn i høve til dei fire forskingsspørsmåla. Forskingsspørsmåla blir så utforska kvar for seg, med ein utfyllande presentasjon og drøfting av relevante funn.

### 5.1 SAMHANDLING OG SAMFUNNSARBEID I FOKUSGRUPPA

I eit sosialkonstruktivistisk perspektiv, er ikkje kunnskapen til fokusgruppa berre lagra hos informantane. Kunnskap blir og produsert i samhandlinga mellom deltakarane (Kvale et al. 2009:72). Ved å studere samhandlinga i gruppa kan ein få kunnskap om meningsdanning og sosiale praksisar (Halkier and Gjerpe 2010:14-15). I fokusgruppeintervjuet blei tema for samtalen introdusert av forskaren. Kva retning samtalen gjekk i, hang ofte saman med perspektivet til den som så først tok ordet. Dialogen vidare viste til, støtta opp under og utvida den første sitt perspektiv:

*..slik som du NN sa.. - Og dette her å, som NN seier, at.. -Og det er nok, som NN seier, av desse som..*

Underlid peikar på at gruppepress eller dominerande medlem kan føre til konformitet (1997:150-152). Slik eg opplevde det, var det ikkje teikn til at einskilde i gruppa var dominerande. Deltakarane veksla m.a. på kven som tok ordet først om eit nytt tema. Sjølv om dei ofte tenkte likt om ting, var det også rom for å uttrykke andre perspektiv:

*-Eh.. eg tenker snarare tvert imot...*

Det som kan ha gjort seg gjeldande, er behov for å framstille seg sjølv positivt utifrå slik ein trur dei andre i gruppa (og meg som forskar) vurderer det. Både eg sjølv og fleire av informantane er kjente i lokalsamfunnet som aktive og samfunnsengasjerte. Halkier viser til Goffman-inspirert samhandlingsanalyse som legg vekt på at folk framstiller seg sjølv strategisk (2010:107). Dette kom også fram ved at fokusgruppa konstruerte eit skilje mellom den kategorien dei sjølv representerte og ”dei andre”

*-Me er jo veldig aktive, alle som set her, men kor mange er det som på ein måte ikkje er det, så aktive i organisasjonslivet mens dei er opptatt med yrkeslivet og alle ting som dei balar med i livet elles. Og så plutselig blir dei pensjonistar,...*

Å bli plassert i ein slik kategori kan vere ein form for gruppepress som påverkar kva for synspunkt ein gjer til kjenne, og kva ein unnlét å seie.

Dialog som kjelde til refleksjon er sentralt i Freire sin teori (1999). Kvale et al. peikar på at kollektive ordvekslingar kan få fram synspunkt som ein ikkje får i individuelle intervju (2009:162). Det var fleire døme på at samhandlinga førte til refleksjonar hos deltakarane.

*-Eg tok tak i det der som du snakka om sogelaget. For det synes eg er veldig lurt(..)*

-----

*(..)eg trur du var borti noko veldig viktig i stad, for(..)*

-----

*- Ja, det var nokon som nemnde dugnad her,(..)*

I følge Barbour kan gruppeprosessen opne for nye perspektiv ved at ein ser skjulte deler av seg sjølv hos andre (2007:27). Halkier skriv at deltakarar i fokusgrupper stiller spørsmål ved utsegn og kommenterer kvarandre sine erfaringar ut i frå ei kontekstuell forståing ein ikkje har som forskar. Slik får ein fram kunnskap om sosiale praksisar som det er vanskeleg å få med andre metodar (2010:14-15).

Ein faktor ved samhandlingsanalyse er å utforske motsetningar i gruppa og korleis desse blir handsama (Halkier and Gjerpe 2010:106). Eg opplevde at deltakarane i fokusgruppa la vekt på å støtte kvarandre og stå fram samla. Dialogen under er eit eksempel på korleis ulike oppfatningar om foreldra si rolle for barna sitt engasjement blir presentert slik at det ikkje bryt den ”pålagte” konsensusen i gruppa:

*Einar: Ja, eg har lyst å dela nokre sånne erfaringar som eg har gjort meg,... det gjeld oppfølging. Å følgja opp, spesielt ungar*

*Anne: ..Men ungane er jo så forskjellige og, så det er det er ikkje råd å gjere likt.*

*Einar: Akkurat. Men du har lyst å gi det samme...*

*Anne: Ja, eg forstår.*

*Einar:.. til alle ungane. Men dei er heller ikkje interessert i å få det samme.*

*Anne: Nei det er forskjell på det veit du. Men sånn oppfølging av foreldre, det eksisterte ikkje i min barndom.*

*Einar: Eg opplevde det slik at dei hadde tid til det dei ville ha tid til dei og i den generasjonen..*

*Anne: Ja, det er så ulikt veit du, men.. for det..*

Ved å vise til fleire perspektiv, og stadfeste kvarandre sine perspektiv, tek dei vare på kjensla av å stå samla som gruppe, og unngår interne konflikhtar. Dette er, slik eg ser det, døme på det Halkier kallar ”uutalte antakelser” som grunnlag og rammer for sosial samhandling (2010:108).

Eit argument for å velje fokusgruppe som metode i samfunnsarbeidsfaglege forskingsprosjekt, er at metoden i seg sjølv kan vere eit tiltak innan samfunnsarbeid. Fokusgruppesamtalen kan føre til styrking av deltakarane, m.a. ved å leggje til rette for dialog og kritisk refleksjon (Barbour 2007:7). Gruppesamtalen fører også til auka

kunnskap ved at ein deler erfaringar med kvarandre. Til dømes korleis ein kan rekruttere fleire medlemmer:

*-Eg trur det er forferdelig viktig. At de.. viss de finn nokon som ikkje er så aktive, så går de og snakkar med dei og seier "me er her, det er kjekt viss du kan vera med oss"...det viser seg det at det er få som seier nei når dei blir spurt. Det er berre å ta kontakt, så er det få som seier nei.*

Fokusgruppa skaper relasjonar mellom deltakarane som dei kan ha nytte av i andre samanhengar. Eit døme er at nokre av informantane har historier som er aktuelle for sogelaget si minnesamling:

*-For eg har ofta lurt på det der. Dåke har vore ute etter historier, kom til oss med dei. Men så sitte me jo inne, ikkje sant Jonas, me ein bråte med historier (latter) (Einar).*

*- Nei, det er gjenna ei avsporing no, men eg tenke på nett det same (Jonas).*

*-Så eg har jo sete her og høyrte på dåke no, Og det som eg har gledd meg over er jo dei gode historiene som (latter) eg ... tenk om eg kunne fått dei med (Arne).*

Kontakten mellom deltakarane fører slik til at Jonas og Einar opplever at deira historier blir verdsatt, medan sogelaget får høve til å utvida si minnesamling, og får stadfesta sin verdi for andre innbyggjarar.

Gruppesamtalen fører også til deling av erfaringar og kunnskap som m.a. kan føre til utvida aktivitet. Til dømes tenkjer fleire at dei kan bidra til integrering av flyktingar:

*- Eg lurte litt på korleis de fekk kontakt med desse på asylmottaket?*

Wallerstein skriv at eksterne aktørar kan fremje empowerment ved m.a. å skape rom for læring (Wallerstein 2006). I følgje Dominelli, kan dynamikken som oppstår i grupper føre til empowerment for deltakarane. Felles identitet og felles interesser styrkar engasjementet og løfter fram ressursane til den einskilde og til gruppa. Dette er viktig for å motverke undertrykking (2002:109-112). Fokusgruppesamtalen har mange døme på at deltakarane synleggjer og verdset kvarandre sine ressursar:

*-Ja, eg syns det er veldig bra det der, og veldig flott arbeid den dugnadsgjengen har gjort*

-----

*-Det er jo viktig og, med sogelag, det er viktig å ta vare på kulturen..*

-----

*-Så de har vore flinke til det, det høyrer eg.*

Når eldre frå ulike organisasjonar møtest på denne måten, blir det skapt nye relasjonar. Ein styrkjar såleis den sosiale kapitalen i samfunnet. Her gjeld dette både samanbindande sosial kapital innan gruppa eldre, og overbyggjande sosial kapital mellom ulike

organisasjonar. Dette betyr at gruppesamtalen, i tillegg til styrking av deltakarane og deira organisasjonar, kan ha positive konsekvensar for heile lokalsamfunnet.

## 5.2 KORT PRESENTASJON AV SENTRALE FUNN

Eg vil her presentere ei konsentrert meiningsfortolking av informantane sine utsegn knytt til dei fire forskingsspørsmåla. Ein breiare presentasjon av funn blir gjort saman med drøfting i dei påfølgande underkapitla.

### **1. Kva for faktorar opplever eldre at fremjar eller hemmar deira deltaking i frivillige organisasjonar.**

#### Faktorar som fremjar deltaking:

- Eigne seniortilbod kan synast å fremje deltaking hos eldre utan tidlegare medlemserfaring.
- Ei haldning til at det å delta i ein organisasjon har ein verdi i seg sjølv, uavhengig av aktiviteten, fremjar deltaking.
- Å sjå deltaking i ein organisasjon som noko som har nytteverdi for andre enn seg sjølv, fremjar deltaking
- Ei grunnleggjande haldning som fokuserer på fellesskapet meir enn på individet synes å fremje deltaking.
- Deltaking blir fremja ved at ein har (eller får) ein personleg relasjon til nokon av medlemmene.
- Motivasjon og støtte frå familie og vener kan fremje deltaking
- Deltaking blir fremja av at ein sjølv, eller andre, opplever aktiviteten som meiningsfull og/eller nyttig.
- Tru på eiga evne til å meistra, og kritisk medvit om eigne ressursar og avgrensingar, synes å fremje deltaking.
- Tidlegare erfaringar, vanar, tankar og ønskjer knytt til organisasjonsdeltaking, fremjar deltaking.
- Oppleving av at organisasjonen representerer viktige område frå eige liv, fremjar deltaking
- Ei forventning om at deltaking fører til glede og gode kjensler fremjar deltaking.

#### Faktorar som hemmar deltaking:

- Aldersrelatert reduksjon i fysisk og/eller mental funksjon hos ein sjølv eller hos ektefelle kan gjere det vanskeleg å delta.
- Ei oppleving av å ha lågare evne til meistring enn andre medlemmer hemmar deltaking

### Faktorar som både kan fremje og hemme deltaking:

- Deltakinga blir påverka av utval av organisasjonar i lokalmiljøet, og korleis desse er tilrettelagt og blir marknadsført for eldre.
- Ei haldning om at eldre er ein ressurs for samfunnet fremjar deltaking, medan ei haldning om at eldre er ei byrde for samfunnet hemmar deltaking.

### **2. Kva for konsekvensar for eige liv opplever eldre at deltakinga har.**

- Frivillige organisasjonar er viktige arenaer for danning og vedlikehald av sosiale nettverk, og kjelde til sosial støtte.
- Deltaking medfører at ein får ei ny samfunnsrolle og tileignar seg ny kunnskap. Dette kan vidare påverke oppleving av eigen identitet og tilknytninga til lokalsamfunnet
- Frivillige organisasjonar er arena for bevisstgjerings, styrking og bruk av eigne ressursar, og fører til betre sjølvbete og ei meir aktiv haldning overfor samfunnet rundt.
- Deltaking gir gode opplevingar, og aukar den generelle livskvaliteten.
- Deltaking gir høve til å fokusere på saker ein synest er viktig, og bruke ressursane sine til det beste for saka.
- Deltaking styrkar den eldre sin posisjon som samfunnsborgar ved å synleggjere eldre sine ressursar

### **3. Kva for konsekvensar har eldre si deltaking for eldre som gruppe?**

- Deltaking styrkar eldre sine kollektive identitetar gjennom dialog og deling av livshistorier
- Deltaking styrkar dei eldre sin sosiale kapital

### **4. Kva for konsekvensar har eldre si deltaking for lokalsamfunnet?**

- Eldre si deltaking i frivillige organisasjonar medverkar til danning og bevaring av sosial kapital i lokalsamfunnet, og legg grunnlag for framtidig sosial kapital.
- Eldre si deltaking kan synast å styrke lokaldemokratiet.
- Eldre si deltaking styrkar folkehelsa gjennom auka aktivitet og inkludering, og ved å særleg fokusere på identitet, tilhøyrse og trivsel.
- Frivillige organisasjonar er arena for å overføre eldre sin kunnskap og kompetanse til nye generasjonar.



- Eldre sitt frivillige arbeid i kultur- og fritidsorganisasjonar er ein ressurs for samfunnet.

### 5.3 FAKTORAR SOM FREMJAR ELLER HEMMAR DELTAKING

Vilkår for sosial deltaking er sentralt i samfunnsarbeid (Henriksbø and Sudmann 2011). Å delta i frivillige organisasjonar er ei form for sosial deltaking som har sterke tradisjonar i samfunnet vårt. I følge Pitchford og Hendersen (2008), er det å fremje sosiale relasjonar mellom menneske nøkkelen til kollektiv endring. Samfunnsarbeid byggjer på prinsipp om relevans, dvs. at ein tar utgangspunkt i situasjonen slik dei det gjeld ser det (Minkler and Wallerstein 2005). Kunnskap om kva dei eldre sjølv opplever som barrierar og fremjande faktorar er nødvendig i arbeidet for større sosial deltaking.

I løpet av samtalen rundt faktorar som påverkar deltaking, vekslar informantane mellom å uttale seg som person (eg..), og som representant for organisasjonen dei er med i (me..). Som person er dei oftast opptatt av individuelle faktorar, som egne haldningar, bakgrunn eller funksjon. Men når dei uttalar seg på vegne av organisasjonen sin, trekkjer dei i større grad fram strukturelle faktorar. Dette er i tråd med Fuchs, som hevdar at nærleik til fenomenet medfører sterkare aktørperspektiv, medan avstand fremjar strukturperspektivet (2001). Både Martinussen og Shilling legg vekt på at ein må sjå på samvirke mellom aktør og struktur når ein skal forklare handling (Shilling 1999; Martinussen 2008:183-184).

#### 5.3.1 UTVAL OG TILGJENGE

Ein føresetnad for deltaking er at det finns tilgjengelege tilbod som passar med dei eldre sine behov. Blant informantane var det semje om at egne tilbod for seniorar har medført auka deltaking frå denne gruppa. Spesielt meinte dei dette var viktig for å få med personar som ikkje hadde vore aktive tidlegare. Jan seier det slik:

*-Og eg såg, eg har jo vore med i idrettslaget heila tida, eller i turlaget heila tida, og eg såg jo det at, det var no ein del som blei pensjonistar, so forsvann dei. Og me var nokre som snakka om dette her at, her må me prøva å gjer eit eller anna for å få... kanskje laga til aktivitetar for desse her som er blitt littegranne opp i åra. Og det var då me fann ut at dette her, det passte ikkje med gutta på tur, det er damegrupper, og det er ikkje alle som er interesserte.. så eg tenkte at no laga me til ei seniorgruppa i turlaget sin regi. Og det viste seg var veldig positivt, for i frå første dagen så har me hatt veldig god oppslutning på den gruppa (Jan).*

Eldre har oftast ein annan livssituasjon enn yngre innbyggjarar. Dette påverkar både levevanar og interesser. Saman med aldersendringar i funksjon medfører dette andre behov og ønskje i samband med deltaking. Utryggleik i høve til om ein organisasjon kan møte den eldre sine behov, kan hemme deltaking. Dette gjeld både strukturelle og kulturelle

faktorar. Eigne seniortilbod kan her vere ei løysing. At tiltaket rettar seg hovudsakleg mot eldre, synes å gi auka tryggleik til at tilbodet er tilrettelagt og tilpassa.

At eldre søker saman med andre eldre, er i følgje Daatland (2008), ein konsekvens av alderssegregering. Samfunnsutviklinga har medført at den sosiale avstanden mellom aldersgruppene har auka. For dei eldre har dette forsterka kjensla av framandgjering (Daatland 2008:43,232; Daatland and Solem 2011). Saman med andre likesinna blir omgjevningane derimot meir forståelege og føreseielege. Dette er viktig for helse og livskvalitet (Antonovsky and Lev 2000:37). Fellesskap med andre eldre kan skape relasjonar som styrker samanbindande (bonding) sosial kapital. Denne typen sosial kapital er i følgje Sund viktig for styrking av felles identitet og for sosial støtte i kvardagen (Sund 2009).

At mange eldre vegrar seg frå å delta i organisasjonar for alle aldrar, kan og ha samanheng med korleis ein forstår eldrerolla. I følgje Martinussen er aldersgrupper kontekstar som set rammer for kva for handling som er tilgjengeleg. Dette er knytt til både ressurstilgang og til haldningar og normer (Martinussen 2008:175-187). Stereotypiske oppfatningar kan vere til hinder for livsutfolding og sosial deltaking (Daatland and Solem 2011:117-126). Her kan organisasjonane ha ei rolle i å motverke hemmande oppfatningar ved å spreie kunnskap om sine tilbod og korleis dei legg til rette for eldre medlemmer.

Sjølv om eigne seniortilbod synes å vere populære, er det og eldre som føretrekkjer organisasjonar med ulike aldersgrupper. Arne er ein av dei:

*-For meg har det vore viktigast, og eg trur det er viktigast enda, eg likar best å vera i lag der det er ulike aldersgrupperingar. Men det som er viktig for den gruppa, som eg har opplevd i plassar som eg har vore med, at det er oppgåver, at dei legg til rette oppgåver for dei ulike, enten funksjonen er der eller alderen er der. Men at dei får vera ilag med ulike aldersgrupper, det er for meg viktig (Arne).*

Også Anne har gode erfaringar med organisasjonar som er for alle. Ho trekkjer fram orienteringsgruppa i idrettslaget som eit godt døme:

*Ja, o-gruppa er forøvrig eit godt eksempel på å få med alle generasjonar, ja.. det er liksom plass til både store og små og halte hadde eg nær sagt (Anne).*

Både Arne og Anne legg vekt på at eit tilrettelagt og fleksibelt tilbod er viktig dersom ulike generasjonar skal finne seg til rette i ein organisasjon. Dette handlar både om organisatoriske strukturar og om kjensle av å vere velkommen. I følgje Tesoriero, er oppleving av at tilbodet er like tilgjengeleg for alle, ein sentral motiverande faktor for å delta (2010:140-145). Tette band til lokalmiljøet gir kunnskap om kulturelle faktorar, noko som er viktig for å unngå å skape interne barrierar. Organisasjonen treng dessutan kompetanse, økonomi og vilje til å ta i bruk gode strategiar for inkludering (Enjolras et al. 2012). Det handlar om å forstå kva for faktorar som påverkar deltakinga, og å sjå dei individuelle faktorane og dei strukturelle faktorane i samanheng (Shilling 1999; Martinussen 2008:183-184).

Ein viktig grunn til at eldre deltek mindre i organisasjonar, er reduksjon i fysisk eller mental funksjon. Kjensle av at ein ikkje meistrar aktiviteten fører til at ein sluttar eller vel å ikkje byrje. Randi fortel om si erfaring med dette:

*-Å sånn som folkedanslag, eg var jo med i over 20 år, så fekk eg så dårleg rygg – måtte berre slutta. Eg kunne ikkje dansa meir. Så då var det gjort (Randi).*

Arne har opplevd å få redusert funksjon som følge av ein skade tidleg i vaksen alder. Han skildrar sine opplevingar slik:

*(..)etter kvart som eg blir eldre og mange helseproblem, så er det to ting som oppstår. Enten at du ikkje kan vera med på det du likar lenger. Og så sig du tilbake i godstolen. Og så, når du sit der, så.. visst du då skal komma inn i eit anna lag, som ikkje du er kjend i, då må du gjera noko veldig aktivt, og det kvir du deg ofte til (Arne).*

I tillegg til vanskar med sjølve aktiviteten, medfører funksjonsfall også ein del praktiske vanskar i høve deltakinga. Informantane har fleire refleksjonar rundt dette:

*-La oss no seie at føtene svikta, då. Kva gjere du då? Jo, du kan vera med å kjøra i ein bil, du kan gjenna greia å gå litt i ein gåstol, og slike ting.. og du må gjenna ha hjelp til å få kle på deg, for å seie det slik då, for å kunna komma deg denne veien. Og det og er sånne ting som ofte ramlar inn på ein del pensjonistar (Tor).*

*(..)eg tenkjer på sjukeheimane og sånn, alle som berre sitter for ingen har tid å gå med dei,.. Ja,.. det er ikkje så godt for dei å melde seg inn i noke lag eller noko, veit du(..) (Anne).*

Desse utsegna illustrerer at deltaking er avhengig av hjelp frå andre. Det same kan vere tilfelle når ein er pårørande til nokon med redusert funksjon, noko som er ei vanleg utfordring for mange eldre. Tor fortel:

*- Men så er det jo.. det er så individuelt koss den enkelte pensjonist har det og, ein har gjenna ei kona som er ... som ikkje er så frisk og sprek som ein må ta hensyn til og hjelpa til i hus og heim, og .. mange sånne situasjonar og så gjere at pensjonisttilværelsen får ei heilt anna meining enn det du gjenna tenkte i utgangspunktet (Tor).*

Tid er og ein faktor som spelar inn. Andre innbyggjargrupper peikar ofte på tidsklemma som ein hemmande faktor for deltaking i frivillig sektor. Mange alderspensjonistar opplever derimot å ha for lite å fylle tida med. Den nye situasjonen med mykje fritid kan, i følge informantane, fremje deltaking i frivillig aktivitet.

Informantane kjem med ulike framlegg til tiltak for å fremje deltaking. Arne er opptatt av organisasjonen sitt ansvar i å leggje til rette:

*(..)så det at lagene tenkjer litt på det, korleis dei kan leggje tilrette anten folk blir eldre eller dei blir handicappa eller sjuke, eller eit eller anna som skjer, det er grådig viktig .. at dei legg tilrette oppgåver for dei ulike, enten funksjonen er der eller alderen er der (Arne).*

For Arne har tilrettelagt aktivitet i organisasjonen fungert svært bra. Men dette er ikkje noko som kjem av seg sjølv:

*-Eg har funne noko innanfor den organisasjonen som passar til det eg klarer. Og det går fint an, men det må vera ein, liksom ein ..nokon som tar fatt i det i den organisasjonen og hjelper til litt (Arne).*

Å leggje til rette for at fleire kan delta treng ikkje bety så store endringar. Anne tenkjer på turgruppa sine tilbod:

*-Men det er jo nokon som er litt på grensen, at det er litt for stridt, dei kan jo ha nytte av å gå ein stuttare tur (Anne).*

Type aktivitet og korleis aktiviteten er organisert er faktorar som verkar inn på kven som kan delta. Nokre aktivitetar eignar seg betre for personar med redusert funksjon:

*-I sogelaget, der..der går det jo stilt for seg, då. Der passar det veldig å .. om dei ikkje er så god til helsa. For der legg me veldig opp til at det er rolege ting som foregår (Arne).*

Organisering av aktiviteten er eit døme på det Tesoriero kallar indre strukturelle barrierar (2010:140-145). Andre strukturelle barrierar i organisasjonen er t.d. reglar og vedtekter, mål, fysisk tilgjenge, kultur og maktfordeling. For å identifisere og redusere slike barrierar, treng organisasjonen tette band til lokalmiljøet og kompetanse på tilrettelegging (Enjolras et al. 2012).

Staden der aktiviteten går føre seg har mykje å seie for kven som opplever å ha tilgjenge. Lefebvre påpeikar at stad/rom er sosiale produkt som blir kontrollerte av dominante interesser (Lefebvre sitert i Purcell 2011). Ved å velje stadar som er lite tilgjengeleg for einskilte grupper, kan ein medverke til auka marginalisering. Barrierar knytt til stad kan vere både fysiske og kulturelle. Gieryn skriv at val av stad og lokale har stor innverknad på kven som kjenner seg velkommen (2000). For å finne ein stad som inkluderer alle, er det difor nødvendig med kunnskap både om deltakarane og deira trong for tilrettelegging, og om kulturelle fenomen som påverkar tilgjenge.

Også kommunikasjonsformer kan skape barrierar. Martinussen skriv at delkulturar i samfunnet utviklar diskursar, dvs. felles forståing, språk og symbolbruk. Dette kan medføre at individ og grupper som ikkje deler denne forståinga blir skuva ut av fellesskapet (2008:77-86). Bruk av sosiale medium er eit døme på ei kommunikasjonsform som fremjar deltaking for mange, men som samtidig kan vere ei barriere for personar som ikkje er fortruleg med slik kommunikasjon.

Å ha tilgang handlar og om å vite om tilbodet. Mange innbyggjarar kan ha lite kjennskap til kva tilbod som finst. Spesielt gjeld dette dersom ein ikkje har delteke i frivillige organisasjonar tidlegare.

Jonas: *-Å, det pulserande organisasjonslivet i (kommunenamn), det er det som er kulturen i kommunen(..) Så her er igrunn frå den minste til alderdommen. Men, det må gjerast kjent.*

Også organisasjonane strevar med å nå ut til målgruppene med informasjon:

*(..) men korleis skal me prøva å få det ut, at her er ein klubb, her er noko som passar sjølv om de blir opp i åra og litt kranke. Det er ei utfordring (Arne).*

Å finne gode framgangsmåtar for å gi innbyggjarane informasjon om aktivitetar og tilbod er ein viktig faktor i arbeidet for å fremje deltaking. Som drøfta tidlegare, kan kommunikasjonsformer vere ei barriere for deltaking. For å nå ut til dei eldre, treng ein kunnskap om kva for arenaer dei fleste eldre er å treffe. Det er ikkje sikkert at kommunen sine nettsider er den beste staden. Lokalavis og oppslag i nærbutikk eller på bydelssenter kan vere gode alternativ. Mest effektivt er ofte munnleg informasjon som også kan verke motiverande. I tillegg til organisasjonane sine egne medlemmer, kan helsetenestene vere nyttige informasjonskanalar. Den nye folkehelsemeldinga seier at utfordringane med fleire eldre og nye utfordringar for helse krev at ein ser folkehelsearbeid og helse- og omsorgstenester i samanheng. Helsetenestene når fram til innbyggjarar som er vanskelege å nå gjennom andre kanalar (Meld.St.34 (2012-2013):125-126).

---

### 5.3.2 VERDIAR, HALDNINGAR OG OPPFATNINGAR

Kva for val ein tek og korleis ein handlar er m.a. bestemt av haldningar og kunnskap. Trendar i tida og hegemoniske idear har innverknad på den enkelte sine avgjersler. Eigne stereotypiske oppfatningar om aldring og eldre kan påverke dei eldre si åtferd (Levy 2003). Verdiar er stabile og varige standardar for eige liv (Underlid 1997:63). Dersom ein har hatt ein aktiv livsstil før alderdommen, er det sannsynleg at ein ønskjer å vere aktiv også i eldre år, og såleis er meir motivert for å delta i organisasjonar som pensjonist.

Ei årsak til at ein vel å delta i ein organisasjon kan vere tankar om at deltaking er viktig for eigen livskvalitet. Å ha ein aktiv livsstil er ein verdi som i dag er sentral for det som blir framstilt som idealet. Dette gjeld også dei eldre, der ”active aging” er eit mykje brukt omgrep. Å vere aktiv og engasjert blir her rekna som nødvendig for å ha ein god alderdom. Utsegn frå fleire av informantane viser eit medvit til dette:

*-Så eg lurte no veldig på da når eg blei pensjonist då, for eg har vore van med ein travel dag, kva eg då sku gjera på når eg sku gå av, så eg lagde meg no te, litt, og førebudde meg på det (Tor).*

Aktivitet, særleg i tydinga fysisk aktivitet, er ein faktor som blir løfta fram i nasjonale føringar. Helsestyresmaktene legg vekt på å formidle at kvar enkelt har ansvar for eiga helse ved å ha sunne levevanar (Meld.St.34 (2012-2013)). Deltakarane i fokusgruppa synes å vere eininge i at helsefremjande levevanar er eit individuelt ansvar :

*-Og det er nok, som Jonas seier, av desse som får større og større mage, og sig lengre og lengre ned i stolen, Og det skal ikkje så mykje til, altså (Jan).*

*-Og no når me er vaksne, så seie eg at, seie til kona at.. me har ansvar for eiga helsa (Jonas).*

Utsegnene kan tyde på ei haldning om at helsefremjande aktivitet ikkje berre er eit frivillig val, men og ei moralsk plikt. I tillegg til å fremje eigen aktivitet, kan dette også føre til engasjement for andre.

Informantane viser ei haldning til at ein god alderdom betyr å vere aktiv. Dette samsvarer med Hjort, som har aktivitet som ein sentral faktor i mål for god alderdom (Hjort 2010:67). Daatland set spørsmål ved eit slikt ideal, som han hevdar byggjer på verdiar knytt til midtlivsfasen. Han meiner omgrep som aktiv aldring og vital aldring er normative omgrep som ikkje verdset alderdommen sine egne særpreg og verdiar (2008:39-43). Alderdommen sine verdiar er kulturelle verdiar som i større eller mindre grad er farga av dei ultimate verdiane i samfunnet (Underlid 1997:64). Det synes lite realistisk at ein person sine verdiar endrar seg brått ved ein bestemt alder. Samtidig treng ein rom for ulike verdisyn, også når det gjeld dei eldre.

Det kan tenkjast at informantane sine haldningar ikkje handlar så mykje om god alderdom, men meir om god helse og livskvalitet. Tradisjonelt har førebyggjande helsearbeid hatt fokus på verdien av fysisk aktivitet, og ansvaret den enkelte har for eiga helse. Også dette perspektivet blir kritisert for å vera styrt av dominante diskursar knytt til legevitenskapen (Askheim 2007:29). Fugelli og Ingstad hevdar at samfunnet si formidling av korleis ein oppnår god helse har eit ovanfrå-og–ned perspektiv som ikkje samsvarar med det menneska sjølv erfarer (2009:104, 436-443). Men om fysisk aktivitet i seg sjølv ikkje er viktig, så er sjølvstendighet, uavhengighet, meistring og integritet sentrale faktorar både for den gode alderdomen, og for livskvalitet generelt. (Daatland 2008:39-43; Hjort 2010:67; Næss 2011). Her er alle former for aktivitet viktig for å vedlikehalde grunnleggjande funksjonar.

Utanom verdi for eigen livskvalitet, er haldningar og ønske om å vere til nytte for andre noko som fremjar deltaking. Jonas har ei reflektert haldning til sitt frivillige engasjement:

*-Men sånn når eg blei pensjonist, så tenkte eg at no skal eg gi tilbake litt av det som eg savna når eg var ung sjølv. Og at samtidig må eg ta vare på mi eiga helsa (Jonas).*

Kva for haldning ein har påverkar kva som motiverer til deltaking. Jonas blir motivert av å bidra til fellesskapet. Å ha lyst til å gjere noko for andre, er døme på det Underlid kallar ein positiv motivasjon (1997:88). Å ta vare på helsa er derimot ein negativ motivasjon, noko ein gjer for å unngå å bli sjuk.

Jonas fortel at han opplever at andre kan ha ei anna haldning, der ein tenkjer at ein har gjort "si plikt" som samfunnsborgar og difor kan trekkje seg tilbake:

*(..)"eg har jo ofra nok for idrettslaget", seie han. Har du ofra du? Seie eg. Ja, han hadde vore med å spennt fotball, ødelagt så mange helgar, og alt dette her, Og då er det løye kor*

*forskjellig ein kan sjå da. Veit du, idrettslaget har gitt meg noko, seie eg. Så no vil eg gi tilbake (Jonas).*

Personen Jonas viser til, synes ikkje å bli motivert av å gjere ein innsats for andre. Her vil truleg forventning om eigen gevinst telje meir.

Tesoriero skriv at å velje å delta kan grunna i rasjonell vurdering av kva for gode ein kan oppnå. Oppleving av at deltakinga har ein gevinst for ein sjølv eller for fellesskapet motiverer til deltaking (2010:123-128). I følgje Gulbrandsen og Ødegård er frivillig sektor i dag prega av at ein i samfunnet har ei utvikling mot auka individualisme og svekka kollektive verdiar (2011). Sjølv om mange av dei eldre framleis har sterke røter i solidaritetsrørsla, er det sannsynleg at postmoderne straumar gjer seg gjeldande i aukande grad også i denne gruppa.

Haldningar skaper orden og mening i tilveret, og kan gi identitet og sosial tilhøyrsla. Samtidig kan stereotypiar og fordømmar vere eit hinder for livsutfalding. Samfunnet sine haldningar til eldre, både hos dei eldre sjølv og hos andre, påverkar eldre si sosiale deltaking både på godt og vondt (Daatland and Solem 2011:117-126). Ei oppleving av at ein har ressursar samfunnet treng, synes å fremje deltaking. Tor ser pensjonistane som ein viktig ressurs for lokalsamfunnet, så lenge helsa er god:

*-Slik at.. om du jobbar 10 timar dugnad for kommunen, heilt kjempefint. Viss at kommunen ikkje har muligheter sjølv. Men då seier eg opp igjen at då må det vera folk som har helsa igjen. Men det er ikkje noko problem å få gjort ting viss det at ein vel å gjera sånne ting. Sjå parken no, koss pensjonistane hjelpest til der. Omsorgstiltak og som aktiviserer folk (Tor).*

Eigne haldningar til eldrollerolla kan i følgje Levy, skuldast stereotypiske oppfatningar om eldre og aldring (2003). Slike stereotypiar blir danna medan ein ennå er ung (Daatland and Solem 2011:19). Det kan og tenkjast at haldningane er resultat av pågåande diskursar. Solvang skriv at medvit om relevante diskursar er ein måte å forstå meininga til sosiale kategoriar (2000). Eldre reagerer på diskursen rundt "eldrebylgja" som framstiller eldre som ei bør for samfunnet. Ser ein seg sjølv som ei bør, kan det hemme deltaking. Meir synleggjering av eldre sine ressursar vil kanhende motverke dette.

Ei positiv grunnhaldning til livet og utfordringar ein møter, er også noko informantane kjem inn på. Jonas har halde seg aktiv trass i sviktande helse:

*(..)men eg seier ikkje eg er sjuk, eg seier det er gammal moro (Jonas).*

Dette er eit døme på at verdiar om å fokusere på muligheiter framfor avgrensingar kan vere viktig for eldre si deltaking. Randi meiner at ei positiv innstilling til dei tilboda som finns, opnar opp for gode opplevingar:

*-Det er mykje kjekt ein kan vera med på, viss ein berre vil (Randi).*

Å ha ei generelt positiv innstilling til livet, inngår i personlegdomen. Både haldningar og personlegdom blir brukt til å forklare åtferd. Medan haldningar er konkrete og retta mot bestemte objekt, blir omgrepet *personlegdom* brukt om meir generelle og stabile eigenskapar (Daatland and Solem 2011:117). Det er sannsynleg at personar med ein optimistisk personlegdom, opplever færre barrierar for deltaking, og difor er lettare å motivere.

---

### 5.3.3 DIALOG OG STØTTE

Menneska gjer ikkje sine val berre basert på rasjonell tenking. Handling skjer også som ein konsekvens av samhandling med andre. Dialog er i følgje Freire, kjelda til bevisstgjerung av eigne ressursar og behov (Freire and Nordland 1999). Eldre organisasjonsmedlemmer kan også bruke sine erfaringar til å fremje refleksjon hos andre:

*(..)eg sa til kona; no må du engasjera deg og. Det passar dårlig å byrja i mannskoret, så du må finna på ditt (Einar).*

Dialog og støtte kan ha sterk påverknad på handling, spesielt dersom støtta kjem frå personar ein har tillit til. Fleire av informantane fortel at dei sjølv eller andre medlemmer har valt å delta fordi nære personar har motivert dei. Ofte er det familiemedlemmer.

Det å ha ein relasjon til nokon av medlemmene, eller å bli personleg kontakta av organisasjonen, er i følgje informantane viktig for å fremja deltaking:

*-Men det er viktig at du går på personane, du ser kanskje at dei er interessert i det som du balar med, og at du får dei med som aktive i organisasjonen ..det viser seg det at det er få som seier nei når dei blir spurt (Jan).*

*-Eg trur det er forferdelig viktig. At de.. viss de finn nokon som ikkje er så aktive, så går de og snakkar med dei og seier "me er her. Det er kjekt viss du kan vera med oss" (Arne).*

Tesoriero skriv at oppleving av støtte og vørndnad frå andre, er viktige faktorar som fremjar deltaking (2010:140-154). Å bli etterspurd gjer at ein kjenner seg verdsett. I følgje Bauman og May deler menneska verda inn i *oss* og *dei*. For at *dei* skal bli til *oss*, treng ein ei oppleving av tilgjenge og tilhøyrslø (2004:38-45). Det å ha ein personleg relasjon, synest å vere ein nøkkel til å kjenne seg inkludert. Samtidig vart støtte som motivasjon til eigen deltaking lite vektlagt i informantane sin samtale. Kan hende er oppmuntring og støtte viktigast for nye deltakarar?

---

### 5.3.4 MEINING OG VØRDNAD

Både opplevinga av at ein sjølv er viktig for gruppa, og det at gruppa er viktig for andre, fremjar deltaking. Fleire av informantane er opptatt av at aktiviteten til organisasjonane



deira har verdi for andre enn dei sjølv. Dei fortel om positive reaksjonar og tilbakemeldingar frå andre, og at dette gjer engasjementet meiningsfullt. I følgje Tesoriero, er det å bli anerkjend og verdsett faktorar som motiverer til å delta (2010:140-154). Mening og vørndnad er begge omgrep som blir knytt til livskvalitet. I Antonovsky sin teori om saltogenese, er mening ein sentral faktor i det som fremjar helse (2000:37). Næss løfter fram behovet for respekt som ein faktor som påverkar livskvaliteten (2011:69-80). For mange eldre kan kjensla av å gjere noko nyttig for samfunnet vere viktig for sjølvkjensla. I følgje Hjort er vørndnad og respekt sentrale faktorar for ”den gode alderdommen” (2010:67).

Einar er med i fleire organisasjonar. I ein av dei har han spesiell kompetanse som organisasjonen treng. Det har innverknad på deltakinga hans:

*(..)der har eg vore aktiv sidan dei starta opp med den, og slepp ikkje klar sidan eg er ein sånn forbundsdommar (Einar).*

I ein annan organisasjon er det meir kjensla av å støtte opp om den felles aktiviteten som motiverer til deltaking:

*(..)men.. det det versta er jo det at du trur jo ikkje dei klarar seg utan deg (latter) (Einar).*

Randi opplever at bygdekvinnelaget utfører samfunnsnyttige oppgåver som andre set pris på:

*(..) når me blir invitert med på ting som skjer her i kommunen, så er det alltid ”kan de stille med mat?” (Randi).*

Bygdekvinnelaget er først og fremst ein interesseorganisasjon for kvinner med interesse for bygda sine tradisjonar. Men dei ser også aktiviteten sin i eit vidare perspektiv. Til dømes har dei engasjert seg i integrering av flyktingar og asylsøkjjarar. Dette har gjort deltakinga enda meir meiningsfylt. Dei opplever og at dei fyller eit behov som er lite ivaretatt i samfunnet:

*-Så me invitere damene på motakssenteret til å gå tur med oss, og me har lagt mat ilag, dei inviterar oss til seg, og me prøve å ta imot våre nye landsmenn, for å seie det rett ut. Å vera litt opne. For det er det ikkje alle som er, nemlig (Randi).*



*Bygdekvinnelaget medverkar til integrering av innvandrarak. Foto: Bygdekvinnelaget.*

Også Jan opplever at å utføre samfunnsoppgåver som kjem andre til nytte gir meining og er ein viktig motivasjonsfaktor for frivillig arbeid:

*-Og det er ikkje fordi at me vil ha noko betaling for det, men at me ser at dette vert brukt, det er jo .. det betaling godt nok for oss, syns eg iallefall. Då får me noko tilbake igjen, me har gjort noko for at kommunen kannskje.. gje litt igjen til dei innbyggjarane eller kommunen sine ansatte eller..ja dei som bur i kommunen. For det er det som eg syns er god nok både betaling og ytelse. For vårt vedkommanede (Jan).*

Å halde liv i organisasjonen slik at nye generasjonar kan ha glede av aktiviteten, er noko som gir meining og motivasjon til å delta. Tor synes Mannskoret har stor verdi for lokalsamfunnet:

*-Og ein kommune som vår bør ha råd til å kunna sjå at det er eit levande mannskor i bygda, syns eg .. det er ungdomar som veks til med veldig flotte talent, og .. både på det musikalske, og på song og alt mulig. Ein må ta vare på den arva, syns eg. Veldig viktig, syns eg (Tor.)*

Jan har ei leiarrolle i turlaget. For han er den store interessa blant innbyggjarane for å vere med på turar noko som motiverer og gir meining til engasjementet:

*-Og det er jo ein del som seier dette her at desse onsdagane med turlaget, seniorgruppa, dei ser dei fram til heile veka (Jan).*

Kva for meining den enkelte opplever, er i følge Martinussen sentralt for å forklare handling (2008:183-184). Utifrå teoriar om rasjonelle val, kan deltaking fremjast av at ein opplever at eigen innsats gir ein gevinst for seg sjølv eller for fellesskapet (Tesoriero 2010:140-154). Wollebæk og Sivesind finn at motivasjonen for frivillig innsats i seinare tid handlar mest om instrumentelle og ekspressive grunnar, dvs. høve til å styrke sine egne muligheter og få personlege gevinstar. Dei saksorienterte motiva er svekka (2010:89). Informantane mine fortel derimot noko anna. Her er fleirtalet tydelege på at saka og den kollektive gevinsten er viktig for motivasjonen. Ei forklaring på dette kan vere alderen til informantane, noko som samsvarar med generasjonsskilnader i studien til Wollebæk og Sivesind. Det kan difor tenkjast at organisasjonane i framtida må fokusere meir på positive opplevingar for det einskilde medlem, også når det gjeld dei eldre.

---

#### 5.3.5 TRU PÅ EIGA MEISTRING (SELF-EFFICACY)

Informantane opplever at tru på at ein meistrar den aktiviteten som følgjer med deltaking, og ei realistisk haldning til egne ressursar og avgrensningar, er faktorar som fremjar deltaking. Utryggleik om ein meistrar aktiviteten eller den sosiale samhandlinga kan føre til at ein ikkje deltek. Informantane sine erfaringar viser at slike haldningar kan endrast dersom ein får kontakt med miljøet der aktiviteten skjer. Anne gjekk lenge og hadde lyst til å vere med turistforeininga på tur, men trudde ikkje det var noko ho kunne klare. Men då ho endeleg tok mot til seg og meldte seg på, fekk ho mange positive opplevingar:

*-Eg trudde det var så magisk og umulig og vanskeleg. Men så meldte eg meg på, og det var nokre få turar da, det er det kjekkaste eg har vore med på nokon gong, faktisk(..). Eg trudde liksom at ein måtte vere reser i alt for å vere med, både på beina og på ski, men du trenger ikkje det, nei..nei (Anne).*

Mannskoret opplever at manglande tru på eiga meistring hindrar nye personar i å delta, noko Tor meiner det ikkje er grunnlag for:

*(..)det som er så interessant er at alle kan, viss dei prøver. Alle kan viss dei prøver (Tor).*

Dersom ein opplever å ha dårlegare evne til meistring enn andre deltakarar, vil det kunne hemme deltaking. Dette er særleg tydeleg i organisasjonar der aktiviteten går føre seg gruppevis. Anne har belastningsplager i beina, og dette gjer at ho vegrar seg for å delta i turgrupper og liknande, fordi ho er redd for å vere andre til bry:

*(..)eg har ikkje vore så veldig flink til å vere med på seniorturane for eg er redd dei er litt for lange..eg er dessverre litt skrøpeleg i beina, så at eg er litt redd for å hefte folk når eg er med på ting (Anne).*

Men når aktiviteten går føre seg individuelt, blir det lettare å delta:

*-Eg er ikkje veldig aktiv men eg er medlem i mange grupper, til og med i skigruppa enda det blir no mindre skigåing med meg, men eg prøver så godt eg kan (Anne).*

Også Arne har erfaring med at rom for individuell aktivitet gjer det lettare å delta trass i at ein opplever å ikkje meiste så godt som andre:

*(..)eg har ikkje kunne vore så aktiv på samme måten som andre har, eg har funne noko innanfor den organisasjonen som passar til det eg klarer. Og det går fint an (Arne).*

Desse utsegna tyder på at organisasjonane ikkje er flinke nok til å formidle kva krav dei stiller til nye medlemmer. Tydelegare informasjon kan vere ein måte å senke terskelen for deltaking.

I følgje Cornwall er redusert tillit til eiga meistring ein sentral grunn til at personar vegrar seg for å delta (2008). Også Bandura hevdar at tru på eiga evne til meistring (self-efficacy) skapar handlingsrom og er viktig for å fremje sosial deltaking (2006). Det kan synast som personleg støtte og oppmuntring er ein faktor som fremjar sjølvtiliten. Kunnskap om organisasjonen og aktiviteten er ein annan viktig faktor. I tråd med den tidlegare presenterte trekomponent-modellen for haldningar (Figur 5 s.27), kan kunnskap endra oppfatningar, som igjen påverkar haldninga og fører til endring av kjensler og åtferd.

---

#### 5.3.6 BAKGRUNN OG ERFARING

Alle deltakarane i fokusgruppa hadde erfaring med organisasjonsmedlemskap før dei blei pensjonistar. Fleire hadde vore aktive samanhengande frå ungdomstida. I samtalen kjem dei fleire gonger inn på dette at deltaking i eldre år truleg er enklare for personar som har erfaring frå tidlegare.

*-Me er jo veldig aktive, alle som set her, men kor mange er det som på ein måte ikkje er det, så aktive i organisasjonslivet mens dei er opptatt med yrkeslivet og alle ting som dei balar med i livet elles. Og så plutselig blir dei pensjonistar, så har dei gjenna ikkje erfaring noko særleg i frå organisasjonslivet (Arne).*

Anne var godt vaksen før ho blei medlem av idrettslag og turlag. Men fysisk aktivitet og interessa for idrett og friluftsliv har alltid vore ein del av livet:

*(..)det er nok lettare for dei som har vore litt interessert og aktive før. Å byrje først når du er pensjonist.. eg veit ikkje.. nokon gjer nok det og. Viss det er planlagt. Men.. det er liksom verre å komme inn i nye vaner, kanskje, eg veit ikkje..(Anne).*

I følgje informantane er levevanar som inkluderer frivillig engasjement ein faktor som fremjar deltaking. Også tankar og ønskje om deltaking tidlegare i livet, har innverknad. Dette betyr at å vere del av ein kultur som inkluderer frivillig organisasjonsaktivitet, er ein

viktig faktor for at ein sjølv skal velje å delta. Levevanar blir for ein stor del danna i barne- og ungdomsåra. Arbeidet med å leggje til rette for at alle barn og unge skal kunne delta i frivillige organisasjonar kan såleis også vere viktig for framtidige eldre si sosiale deltaking.

Jonas var med å starta opp ei turgruppe då han blei pensjonist:

*(..)eg jo har drive ein eller annan, kan du sei, idrett i alle år då, og når eg blei pensjonist, så var me fire stykker som seier at me hadde jo hørt det at sofaen var ikkje rette plassen å havna i når me var pensjonistar, så me blei enge om å, me fire, at me skulle gå tur kvar torsdag. Å så blei det sju, og så blei det 12, og så blei det 20, og så vatt det på seg (Jonas).*

Også Arne har vore aktiv heilt ifrå ungdommen. Han er framleis aktiv i fleire organisasjonar, trass i helseproblem:

*-For min del så er det interessa eg hadde, slik som du Jonas sa, ifrå eg var ung på ein måte. Eg hadde jo veldig sånn breie interesser egentlig eg. Så eg hadde.. men spesielt idrett har eg hatt stor interessa og drive mykje med frå eg var ung (Arne).*

Oppleving av at organisasjonen representerer viktige områder frå eige liv, er noko informantane meiner fremjar deltaking. Anne har alltid likt friluftsliv, men jobb og familie gjorde at ho ikkje prioriterte organiserte friluftaktivitetar. Men tankane og draumane var der, og gjorde valet om å delta enklare når tida var inne:

*-Eg har tidlegare ikkje vore så mykje med på turar og den slags, det var liksom aldri tid til det, det vart ikkje. Men eg er vant til å vere i aktivitet, vi arbeidde støtt når vi var unge, og så herja vi no på om vinteren, gjekk litt på ski og sånn, men.. Så det var da når eg skulle fylle 60 år så hadde eg lenge tenkt å det hadde vore grueleg kjekt å kunne gått ein tur frå hytte til hytte på fjellet (Anne).*

For Tor blei interessa for song skapt i barndomsheimen. Draumen om å få syngja bar han med seg heilt til høvet om å delta i kor baud seg.

*-Men mor mi, ho song alltid. Og når ho song om morgonen, var det frukost. Og ho kunne syngja heile dagane. Om sommaren, då kom det heim to gamle tanter frå Bergen, og då spelte dei citar og song på gamle songar som .. det er lengje si dei er utdøydd. Men, det var alltid spennande. Og me song mykje heima. I mitt vaksne liv så har eg ikkje hatt så mykje muligheter til denslags. Men eg bestemte meg for at viss eg fekk tjangs til det, så skulle eg vere med å delta litt i song (Tor).*

Idretten er ein kulturell arena som mange kjenner tilknytning til og som for mange også er ein del av identiteten. Arne er ein av dei:

*(..)for eg tenkte at eg måtte sikkert slutta med all idrett, men då opplevde eg at i dei miljøena som eg hadde då vore med på som aktiv utøvar, der var det plass til meg og (Arne).*

Identitet og tilhøyrslse til det organisasjonen står for, er ein viktig faktor som både fremjar og hemmar deltaking. Dette er noko Bygdekvinnelaget har erfart på godt og vondt når det gjeld rekrutteringa til laget:

*-Å, me prøve jo å få nye, men.. (kommunenamn) er by! (Randi).*

Når kommunen avgjer at bygdesenteret skal ha by-status, set det og nye standardar for identiteten til innbyggjarane. Omgjevnadane og menneska er dei same, men den nye statusen med sine preferansar blir etterkvart internalisert i individa og gjev dårlegare vilkår for bygdekvinnelaget. På den andre sida kan denne endringa etterkvart også skape nye handlingsvilkår ved at organisasjonen står fram som eksotisk, og som etterlengta representant for røtene våre, i eit meir urbant samfunn.

Samanhengem mellom kulturell bakgrunn og deltaking i frivillig sektor kjem fram i fleire studiar. Ein finn at det i dag er aukande sosial skilnad i deltakinga, med ei overvekt av personar frå høgare sosiale lag (Wollebæk et al. 2008:67-69; Wollebæk and Sivesind 2010). Doyal og Gough skriv at individa blir sosialisert inn kollektivt bestemte rammer som set grenser for kva handlingar som er tilgjengelege (1991:76-79). I følgje Bauman og May er dette sosialiseringsprosessar som går føre seg heile livet (2004:116-117). Dette betyr at sjølv om barndom og oppvekst har stor innverknad, kan også vaksne endre sine haldningar og vere opne for nye kulturar og nytt livsinnhald. Som vist i trekomponentmodellen for haldningar (Figur 5) kan t.d.ny kunnskap føre til endra åtferd. Men det er ikkje tvil om at det skal meir til for å endre levevanar til eldre ein blir.

Overgangar i livet, som det å bli pensjonist, fører med seg endringar i forventningar og normer som rammer for handling (Bauman and May 2004:116-117). Det kan sjå ut som om mange opplever ei forventning om at frivillig engasjement bør reduserast i lag med nedtrapping i yrkeslivet. I følgje Stortingsmeldinga *Frivillighet for alle*, har kultur- og fritidsorganisasjonar mindre deltaking av eldre enn av andre samfunnsgrupper (St.meld. nr.39 (2006-2007)). Personar som melder seg ut av frivillige lag før pensjonsalder, vil i følgje Solem delta mindre som pensjonistar, sjølv om det elles ligg til rette for dette(2012). Å melde seg inn i ein ny organisasjon i godt vaksen alder kan vere vanskeleg uansett tidlegare erfaring frå andre organisasjonar. Arne fortel om sine opplevingar med dette:

*(..) visst du då skal komma inn i eit anna lag, som ikkje du er kjent i, då må du gjera noko veldig aktivt, og det kvir du deg ofte til. For at då skal du møte folk som du ikkje kjenner så godt, og som er opptatt med sin klubb (Arne).*

Arne kjente organisasjonen frå tidlegare medlemskap, noko som gjorde det enklare å ta kontakt. Anne fekk kontakt med aktiviteten gjennom barna sin deltaking. Det blei den døroppnaren ho trong for å tenkje at dette kunne vere aktuelt for ho sjølv.

*-Eg skjønnte ikkje riktig kva dei haldt på med ute i skogen (ler). Men etterkvart så skjønnte eg det, eg tenkte eg skulle jammen prøve sjølv(..) (Anne).*

Det kan tenkjast at personar som ikkje har erfaring frå, eller kontakt med ein organisasjon eller eit miljø, ofte har ei haldning om at ein ikkje passer inn. Medvit om dette i organisasjonane sitt arbeid for å rekruttere nye medlemmer, kan motverke at slike haldningar hemmar deltaking. Men sjølv om dette står i fokus, er det vanskeleg å vite korleis det kan gjerast. Arne fortel:

*-Me har diskutert det fleire gonger f.eks. i sogelaget, korleis skal me bli enda flinkare å nå ut til sånne som ikkje kjenner oss, eller veit... og korleis skal me ta imot dei, for eksempel. Men det er eit evig spørsmål, trur eg. Det er vanskelig å sei så mykje om det. Det er viktig, viktig trur eg (Arne).*

Martinussen skriv at språk og symbolbruk innanfor eit fellesskap kan skape barrierar for nye deltakarar (2008:77-86). Samhandlinga inneheld uskrivne reglar og kulturelle styringssystem som påverkar høve til deltaking (Henriksbø and Sudmann 2011). Dette kan vere vanskeleg for organisasjonen å sjå, då dei som er medlemmer truleg ikkje lengre har noko medvit om at slike reglar eksisterer.

At organisasjonen er synleg i lokalmiljøet er viktig for at fleire skal bli kjent med den, og etter kvart oppfatter den som ein tilgjengeleg arena for seg sjølv. Ved å følgje organisasjonen "frå utsida", t.d. gjennom barna sin aktivitet, kan ein lære seg språket og kulturen, og slik senke terskelen for å delta.

---

### 5.3.7 LYST OG GLEDE

Når informantane fortel om kva som fremjar deira deltaking, er det ein ting som går igjen som ein raud tråd: Det at det er kjekt og gjer ein glad! Uansett kor meiningsfull, sunn, samfunnsnyttig og oppbyggande aktiviteten er; den må vera hyggeleg og skape gode kjensler. Kanskje er trivselen ein opplever, eller forventninga om å ha det triveleg, den viktigaste faktoren for å fremje deltaking. Som Randi i Bygdekvinnelaget seier: (...) *me har det altså så kjekt!*

I følgje Loga sine studiar er det samanheng mellom frivillig deltaking og livskvalitet. Særleg er dette tydeleg for dei eldre (2010). Kva som gjer det kjekt kan derimot variere frå person til person. Ein av informantane seier at det er aktiviteten som er den viktigaste kjelda til glede. For andre er det det sosiale fellesskapet. I turlaget opplever dei stor pågang av personar som vil vere med på dugnad. Jan trur ikkje dette berre skuldast ønske om å gjere nytte for seg, men at dei rett og slett synes det er kjekt å gjera noko i saman:

*-Så det viser at dette her senior.. det er ikkje berre arbeidet, det er det sosiale i tillegg, når du kan setje deg ned og skrova litt og.. (Jan).*

Som Næss påpeikar, fører glede og gode opplevingar til høgare livskvalitet (Næss 2011:18). Det kan tenkjast at ein grunn til å delta er dei gode stundene, der ein gløymer problem og vonde opplevingar, og får ein pause frå ein krevjande kvardag.

## 5.4 KONSEKVENSNAR AV DELTAKING FOR DEN EINSKILDE

Eit mål for samfunnsarbeid er å skape eit meir likeverdig samfunn med høg livskvalitet for alle. Samfunnsarbeid har eit nedanfrå-og-opp perspektiv, der ein støtter samfunnsgrupper i å utvikle strategiar og mobilisere ressursar for å nå sine mål (Minkler and Wallerstein 2005). Det handlar med andre ord om kollektiv empowerment (Tesoriero 2010:155). Kollektiv empowerment byggjer på individuell empowerment (Bracht 1999). For å forstå deltaking i frivillige organisasjonar si rolle for styrking av eldre, treng ein å vite noko om kva deltakinga betyr for den enkelte.

### 5.4.1 IDENTITET, TILHØYRSLE OG SOSIAL STØTTE

Informantane opplever at frivillige organisasjonar er viktige arenaer for danning og vedlikehald av sosiale nettverk, og kjelde til sosial støtte. Dette er kanskje spesielt viktig når ein er ute av arbeidslivet. Tor opplever at organisasjonen held vedlike sosiale nettverk frå tidlegare i livet, som elles lett ville forsvunne.

*(..)der er veldig mange av dei som du har delt arbeidsplassen din med opp gjennom tida, og som er der, og dei er det veldig kjekt å treffa igjen sånn i slike samanhengar (Tor).*

Arne har liknande erfaringar:

*-Gamle kjente altså, sånne som me kjenner i frå før. Det er veldig kjekt å halde litt kontakt med når du blir eldre (Arne).*

Fleire av informantane legg vekt på at den sosiale kontakten betyr mykje. Jan seier det slik:

*(..) å ikkje berre dette her å bevega seg, men og det sosiala, at du kan komme i saman og få diskutera litt, heilt sånn uformelt, og få dei gode opplevingane. (..)Så dugnad, det er ikkje berre å gjera arbeid, det er og det sosiale, og det du får igjen for ein dugnad, det syns eg er veldig viktig (Jan).*

Å høyra til i eit fellesskap der ein kjenner seg heime, er viktig for trivselen. Arne opplevde å komme til ein organisasjon som tok godt imot han:

*-Der fekk eg eit sosialt miljø, og kjentsfolk som det var kjekt å vera ilag med (Arne).*

Anne synes turlaget gir gode høve for å bygge sosiale relasjonar:

*-Ja, det er sikkert det at sånn turgåing at det er jo veldig sosialt (Anne).*

Organisasjonar fremjar nettverk både mellom medlemmer og med andre. For Randi har deltakinga i organisasjonen gitt høve til å knyta kontaktar med personar frå andre land. Det har gitt positive opplevingar for begge partar:



*-Det var altså så flott å bli kjend med dei damene. Og den eine familien blei eg litt ekstra kjende med også (Randi).*

Organiseringa av samfunnet medfører, i følge Daatland, at dei eldre blir plassert på sidelina som tilskodarar. Dette kan føre til framandgjerung og redusert livskvalitet (Daatland 2008:26; Daatland and Solem 2011:232). Sosial deltaking er sentralt for å motverke isolasjon, framandgjerung og marginalisering (Ledwith and Springett 2010:57). Sjølv om deltakarane i fokusgruppa ikkje synes å ha opplevd kjensle av marginalisering, viser dei til at deltakinga er viktig for det sosiale livet og for livskvaliteten. Særleg blir deltakinga viktig for sosial støtte i vanskelege periodar av livet. I følge Daatland treng ein fellesskap med andre for å ha det godt med seg sjølv (2008:116-117).

Ein frivillig organisasjon er eit døme på det som blir kalla inn-gruppe. Bauman og May skriv at konstruksjon av inn-grupper og ut-grupper blir gjort for å forstå eigen identitet og for å gjere verda oversiktleg og handgripeleg. Inngruppa representerer gjensidig hjelp, tryggleik og venskap (2004:38-45). Martinussen skildrar inn-grupper som sosiale kontekstar der medlemmene opplever tilhøyrslø og solidaritet. Ein person kan vere knytt til ulike inn-grupper som kvar har sin verdi. Saman formar dei personen sin sosiale identitet. Dei andre medlemmene i inn-gruppene inngår i personen sitt sosiale nettverk. Dette nettverket er ein viktig ressurs i møte med livet sine utfordringar (Martinussen 2008:175-180).

Som vi har sett, er sosiale nettverk kjelda til sosial støtte. Alderdommen er ein livsfase der mange opplever å miste sine næraste. For mange eldre er einsemd ein trussel mot helse og livskvalitet. Her kan organisasjonane vere viktige. Tor opplever at medlemmene i koret støttar kvarandre:

*-Me har det bra, me snakkast mykje saman når me har dette her friminuttet vårt, og.. ja, prøve å gjera så godt som me kan ilag og hjelpest åt. Å det sosiala er veldig bra (Tor).*

For Randi, var organisasjonane ei avgjerande støtte i ei vanskeleg tid:

*-Dei er gode vener. Rett og slett veninner. Og den situasjonen som eg blei i for to år sidan då mannen min døde... eg er så glad for at eg var medlem både i bygdekvinnelaget og i husflidlaget.. for egentlig me er jo forskjellige, men eg er eit sosialt vesen. Og då var eg med og fekk veldig mykje støtte i den situasjonen der, og får det fortsatt (Randi).*

Å delta i sosiale fellesskap legg til rette for å danne nære relasjonar. Næss skriv at ein innan behovsteori ser m.a. behovet for venskap som sentralt for livskvaliteten (2011:69-80). Folkehelsemeldinga slår fast at frivillige organisasjonar, gjennom si evne til å nå fram til folk, har vist å ha særskilte føresetnader for å bidra til meistring og sosial støtte (Meld.St.34 (2012-2013)). Sørensen omtalar sosial støtte som ein viktig faktor både i kvardagslivet og i møte med vanskelege livshendingar (Sørensen 2011). Ser ein spesifikt på einsemd, så er det i følge Slagsvold og Daatland ikkje grunnlag for å seie at deltaking i organisasjonar i seg sjølv reduserer einsemd. Det er her dei nære relasjonane som betyr

mest (Daatland and Slagsvold 2006). Erfaringa til Randi viser derimot at organisasjonane skaper nære relasjonar som kan vere svært viktige når andre sosiale nettverk blir svekka.

Organisasjonsdeltaking kan ha innverknad på tilhøvet til dei ein har rundt seg. Jan erfarer at felles deltaking er positivt for samlivet i heimen:

*(..)visst du kan greia til å engasjera dei som du er ilag med, å få dei med same interessene, så trur eg det at du.. du kan arbeida litt – du har det litt kjekkare i saman, ilag , når du bur.. kan du sei .. med kona viss ho(..) (Jan).*

Deltaking medfører at ein får ei samfunnsrolle og tileignar seg kunnskap. Dette kan vidare påverke oppleving av eigen identitet og tilknytning til lokalsamfunnet. For Einar har mannskoret vore med å forma identiteten:

*-Eg synes dette her med identifikasjon; du identifiserer deg med noko. Men no sånn som.. det er selvfølgelig med mannskoret etter 50 år så blir du det, du er ein bit av det (Einar).*

Tor opplever at deltakinga gir han kunnskap som forsterkar tilknytninga til heimstaden:

*-Og det er veldig givande, syns eg, å få sjå litt rundtom på den plassen me har budd i alle år (Tor).*

I eit samfunn som endrar seg raskt, med veksande globalisering og mangfald, kan ein lett kjenne seg rotlaus og framandgjort. Organisasjonane kan her vere ”øyar i havet” der ein får styrka eiga tilhøyrsløse og identitet. Bygdekvinnelaget er døme på ei slik ”øy”. Som Randi seier:

*(..)det er veldig mange som er oppvaksne på landsbygda, og føler at dei har tilhørighet (Randi).*

Samfunnet i dag har stadige og raske skiftingar, og kan gi oppleving av at det som er kjent og trygt forsvinn. Nye forventningar og normer fører til forvirring om eigen identitet (Bauman and May 2004:120). Sterke røter og god kontakt med eigen kultur og identitet er viktige element for å unngå framandgjering og redusert livskvalitet. Desse faktorane skaper ”oppleving av samanheng”, som i følgje Anonovsky sine teoriar er det som fremjar god helse (2000:37). Frivillige organisasjonar er i utgangspunktet tilgjengeleg heile livet, og kan slik utgjere ein relativ stabil, føreseieleg og trygg kontekst i eit raskt skiftande samfunn. Samhandlinga innanfor dei trygge rammene kan også føre til at ein taklar verda utanfor betre. Martinussen skriv at organisasjonane bidrar til sosial integrasjon og forståing av røyndomen (2008:180-181).

#### 5.4.2 SJØLVKJENSLE OG INDIVIDUELL EMPOWERMENT

Å ha noko meiningsfullt å fylle tida med, er viktig for korleis ein ser på seg sjølv. Tor var engsteleg for korleis han ville takla å bli pensjonist. Han la difor planer i god tid, slik at han ikkje skulle bli gåande gjerandslaus. Faste aktivitetar var viktig, - som han seier..

*(..)så eg hadde noko å gå te (Tor).*

Han fortel om oppgåver som deltakinga i organisasjonen fører med seg, og kva dei betyr:

*-Eg melde meg inn i mannskoret, og det har gitt meg mange oppgåver. Eg har ikkje vore arbeidslaus. Eg lika å jobba med det, for eg vil sei det at når folk spør meg koss eg har det som pensjonist, så pleie eg sei det at eg veit ikkje, men eg trur ikkje eg kan ha det betre en det eg har no.(..) og mannskoret har ført mykje arbeid inn i stova mi stundom, og eg er glad for å kunne gjera eit bidrag for å få ting til (Tor).*

Også Jan opplever at deltaking i organisasjonen har positiv innverknad på sjølvkjensla:

*-Eg syns det at når du er ferdig med arbeidslivet, då er det veldig viktig å ha eit eller anna å engasjere seg i. Du.. kan du seie, du føle deg både betre og yngre når du får vera med på noko og engasjera deg i noko (Jan).*

Alderdommen inneheld fleire overgangar mellom roller, t.d. yrkesaktiv-pensjonist, samlivspartner-einsleg, funksjonsfrisk-funksjonshemma. I følge Kaasa (2012) opplever eldre endringar som tap av sjølvkontroll, identitet og livsinnhald, noko som kan føre til krise. Sosial deltaking, t.d. som medlem i frivillig organisasjon, kan motverke dette.

Arne vart tidleg i livet utsett for ei hending som gjorde at han måtte slutta som aktiv idrettsutøvar. Dette opplevde han og som ein trussel mot sjølvkjensla. Men gjennom nye oppgåver i organisasjonen fekk han tilbake trua på seg sjølv:

*-Og der fann me nokre ting som eg og kunne hjelpa til med og engasjera meg i . Og det har vore ein veldig bra ting. Så det at dei, for eksempel skigruppa i idrettslaget, at dei fann oppgåver som eg kunne bala med opp gjennom åra det var godt (Arne).*

For dei eldre handlar deltaking i aktivitetar både om å halde ved like funksjonar, og om å ha ei rolle i samfunnet. Daatland og Solem (2011) skriv at eldrerolla er vag og inneheld ingen viktige oppgåver å fylle. Resultatet er ei lausare tilknytning til samfunnet, framandgjerung og mangel på normer. Denne situasjonen er ei kjelde til tap, krise og tilbaketrekking, men også til fridom, opprør og vekst.

Anne hadde lenge hatt draumar om å oppleve høg fjell og brear. Gjennom fellesturar med turlaget fekk ho prøvd ut nye sider ved seg sjølv, og sprengt grenser. Dette gav nye perspektiv på kva som var mulig, og førte til at ho tok i bruk strategiar for å nå nye mål. Som medlem i skigruppa melder ho seg på Birkebeinarrennet for første gang, 65 år gammal:

*-Så var eg med, og så gjennomførte eg, og eg gjekk 5 gonger i alt. Og siste gangen gjekk det aller best, då var eg over 70. Det var veldig kjekt å ha prøvd det liksom, og så fantastisk å gå over fjellet der, alt er kvitt, og flott fjell og.. Eg blei jo sliten, det gløynte eg, det var først etterpå eg var så stiv eg kunne nesten ikkje gå (latter). Men eg hadde ikkje trent så mykje heller. Men etterkvart så trente eg vel litt meir då (Anne).*

Gleda over å meistre er tydeleg i sitatet over. Meistring og evne til å takle utfordringar er viktig for livskvaliteten (Nes 2011). Aktivitet er i følge Hjort viktig for å ha det godt i eldre år (2010:67). Dette samsvarer med Tor sine erfaringar:

*(..)det må vera uhyre viktig at ein greier å aktivera seg, som pensjonist, på ein eller annan av desse her tilboda som allereie eksisterer. For det der til å setja seg ned i ein stol, det er ikkje god medisin i det heile tatt, det merkar du ganske fort (Tor).*

Fokus på aktivitet handlar også om å fylla krava til det som samfunnet ser på som ein "vellykka" alderdom. Daatland peikar på at det viktige ikkje er kor aktiv ein er, men om ein kjenner seg integrert i samfunnet og i sitt eige liv (2008:39-43). Informantane her er alle opptatt av å vere aktive. Men eldre er ikkje ei homogen gruppe, det er personar med ulik bakgrunn, interesse og behov. Det kan tenkjast at nokon har meir trong for t.d. refleksjon og ro, enn aktivitet og nye oppgåver. Ved å anerkjenne og leggje til rette for ulike måtar å møte alderdommen, kan truleg fleire oppleve ein god alderdom. Dette er i tråd med WHO sitt syn på korleis ein best møter dei demografiske endringane. I følge Nilssen (2011) ser WHO aktiv aldring som eit samfunns mål som ikkje handlar om reduserte kostnader, men om sosial deltaking og livskvalitet.

Å knyte kontaktar utanfor lokalmiljøet kan opne nye dører. Dei fleste frivillige organisasjonar høyrer til nettverk med andre liknande organisasjonar regionalt og nasjonalt. Dette gir tilgang både til engasjement, ressursar og kunnskap som kan komme den enkelte deltakar til gode. Jan har fått mange flotte turar som turleiar på andre kantar av landet:

*-No er eg jo også turleiar for DNT i Oslo, så eg fortsetter med det fremdeles, og har gje der i 15 år som turleiar for dei. Og det og syns eg, å få treffa andre folk utanfor dette nære miljøet her, og prøva å formidla litt av denne naturinteressa, eller turinteressa, det syns eg er veldig viktig (Jan).*

For Jan har pensjonisttilvære gitt høve til å bruka tid og ressursar på aktivitetar som betyr mykje for han. Daatland skriv at overgangar som yrkesaktiv til pensjonist ikkje berre fører til tap av roller, men opnar for nye, meningsfulle roller (2008:127-132). Dette er ei kjelde til individuell empowerment. Frivillige organisasjonar representerer ein arena der det er høve til å oppnå formelle maktposisjonar. Å ha eit verv i ein organisasjon kan gi både auka sjølvkjensle og meir makt til å påverke endringsprosessar. Fleire av informantane fortel at dei har eller har hatt leiarverv. Denne vektlegginga tyder på at dette er noko som er viktig for sjølvkjensla, og kanskje noko dei opplever gir meir tyngde til utsegna deira.

I følgje Martinussen er frivillige organisasjonar eit av dei viktigaste bindeledda mellom enkeltpersonar og storsamfunnet (2008:180-181). Dette betyr ikkje berre overføring av storsamfunnet sine verdiar til personen, men også at personen sine verdiar og kunnskapar kan bli overført til samfunnet. Empowerment er eit omgrep som handlar om å styrkje og ta i bruk egne ressursar for å påverke omgjevnadane. Slettebø viser til prosessar der ein reduserer avmakt og aukar styringa i dagleglivet (Slettebø 2000). I følgje Wallerstein fremjar ein empowerment ved å skape rom for læring og leggje til rette for handling (2006). Dialog og samhandling med andre er viktig både for læring og for å få til endring (Freire and Nordland 1999). Dominelli finn at dynamikken mellom medlemmane i eit fellesskap, styrkar individa i å utvide sine handlingsrom (2002:109). Det kan difor synast viktig å delta i sosiale fellesskap dersom ein ynskjer meir makt og auka styring i eige liv. Poletta og Jasper(2001) peikar på at fellesskap for dialog ikkje er tilfeldige samlingar av individ, men interessefellesskap plassert i tid, stad og rom. I følgje Ledwith og Springett er sivilsamfunnet med sine organisasjonar ein godt eigna arena for frigjerande intervensjonar (2010).

Bracht skriv at frivillige organisasjonar fremjar empowerment gjennom å vere arena for kunnskap og erfaring. Han skil mellom psykologisk (individuell) empowerment og empowerment av fellesskap (kollektiv empowerment) (Bracht 1999). Utsegna til informantane er, slik eg ser det, døme på at organisasjonane bidrar til individuell empowerment. Gjennom deltaking i aktivitetar har dei fått styrka sin kompetanse og erfaring. Dette fører igjen til større og utvida deltaking. Bracht sin modell (Figur 4, s. 24) over faktorar som påverkar empowerment, viser at deltaking i organisasjonar både er ein konsekvens av, og ei kjelde til individuell empowerment.

---

#### 5.4.3 LIVSKVALITET OG TRIVSEL

Når informantane snakkar om kva deltakinga gjev dei som personar, så er det ein ting som går igjen hos alle; dei har det kjekt! Gleda dei opplever blir synleg når dei fortel – både blick og mimikk understrekar det dei seier. Hos Randi sit latteren laust:

*-Me har det veldig kjekt, meget sosialt, og alltid god mat (latter) (Randi).*

For nokon er det sjølve aktiviteten som er kjelda til auka livskvalitet. Tor er glad i å syngja:

*(..)folk skjønner ikke verdien av å kunne syngja. Men det er en viktig del av livet (Tor).*

Han finn også glede i å kunne bruke tid på oppgåver han trivest med:

*-Eg har lov til å gjera litt meir av det eg overhodet ikkje kunne gjera den tid eg var arbeidsaktiv. Og eg kosar meg med det (Tor).*

Å delta i ein organisasjon opnar for nye opplevingar som ein elles kanskje ikkje hadde fått. Jan set stor pris på dei gode opplevingane som kjem som følgje av deltakinga i turlaget:

*-Å eg må seie det at desse turane, og dette her å komma seg ut i skog og mark og i naturen, det har gitt meg veldig mykje. Både opplevingar og andre ting. (..)og få dei gode opplevingane. Det syns eg er veldig viktig (Jan).*

Sjølv om det er aktivitetane som blir trekt fram, så ligg det i dei fleste utsegnene ei forståing av at det sosiale fellesskapet er eit vilkår for dei positive opplevingane. Det er ikkje aktiviteten aleine, men det å gjere det saman med andre som er det avgjerande. Jan har sterke opplevingar frå allsongen om kvelden på turlaget sine fellesturar:

*-Og det er veldig viktig altså, det sosiale, det som songen gjer altså, det .. du får ein heilt anna dimensjon for å seie det sånn. Du samlar deg på ein heilt annan måte. Så den songen den er veldig viktig (Jan).*

Anne opplever at summen av fellesskap og aktivitet fyller eit behov og gjer ho meir tilfreds:

*(..) så eg syns nok det er veldig sosialt og veldig kjekt, eg er litt rastlaus av meg, eg er ikkje så veldig flink, så det er veldig kjekt å vere med (Anne).*

Informantane fortel at dei opplever glede når dei deltek i organisasjonen sine aktivitetar. Å ha det kjekt gir gode opplevingar her og no, men kan også ha positive konsekvensar for livet elles. I eit helseperspektiv er sosial deltaking viktig for salutogenesen – det som skapar helse (Antonovsky and Lev 2000:37). Bauman og May skriv at å vere saman med menneske ein kjenner, skapar tryggleik og stabilitet. Dette er spesielt viktig i dagens samfunn der dei stadige skiftingane føre til ei oppleving av at den verden ein meinte var kjent og trygg, ikkje finst lengre. Reglar og forventningar endrar seg raskt, og skapar utryggleik og forvirring om eigen identitet og stilling (Bauman and May 2004:120). I følgje Kaasa (2012) tilbyr organisasjonane meining i eit samfunn som mange opplever som grunnleggande utrygt.

Det er, som vist under kunnskapsstatus, dokumenterte samanhengar mellom organisasjonsdeltaking og høgare livskvalitet (Fugelli and Ingstad 2009:104; Loga 2010; Nes 2011:120-125; Næss 2011:18). Ei oppleving av betre helse kan m.a. bety at ein taklar utfordringar i kvardagen på ein betre måte. Anne har ein del fysiske plager ho strir med. Å delta på turar gjer godt både for kropp og sinn:

*-Reint psykisk så betyr det mykje for meg å komme meg ut og gå ein lang tur, då blir eg liksom ein heilt annan etterpå, sjølv om eg verker både her og der. ..Du blir liksom litt inspirert av å røre på deg for du kjenner at det er godt for deg (Anne).*

For Randi gjorde deltakinga det lettare å leve vidare etter at ho mista ektefellen i ei båtulykke:

*-For meg blei det så viktig å komma meg ut, ikkje setja meg der inne på garden og sjå på sjøen. Så det har vore utruleg godt for meg å vera med (Randi).*

Hjort definerer helse som å ha eit overskot i møte med kvardagslivet sine krav (2010:181). Informantane sine erfaringar viser at deltaking i frivillige organisasjonar kan vere ei viktig kjelde til eit slikt overskot. I teori om kva som inngår i den gode alderdommen, er ikkje trivsel og glede nemnt blant dei sentrale faktorane (Hjort 2010:67). Dette samsvarer lite med det informantane fortel. Kanskje er hygge og glede ein undervurdert faktor når det gjeld eldre sin livskvalitet?

---

#### 5.4.4 ENGASJEMENT FOR SAKA

I følgje Wollebæk og Sivesind er ønske om å gjere noko for ei sak ein brenn for, ein viktig motivasjonsfaktor for å delta (2010:84). Dette kjem også fram i informantane sine tankar om kva deltakinga betyr for dei. Deltakinga gir dei høve til å engasjere seg i noko dei har stor interesse for, og som er ein viktig del av livet deira. Å bidra til styrking av hjertesaka si har ein eigen verdi for den enkelte.

Jan har sitt hjarta i friluftslivet. Han ynskjer at flest mulig skal få ta del i dei gode opplevingane i naturen:

*(..)at ein kan prøva å forma og få laga til aktivitetar som interesserar folk , det syns eg er veldig viktig. Få andre til å sjå viktigheten med dette her å komma seg ut i naturen, få oppleve naturen (Jan).*

For Arne er det viktig å ta vare på den lokale historia. I sogelaget finn han rom for dette:

*(..)me held på med noko veldig spennande som heiter minneinnsamling (Arne).*

Også Randi er opptatt av å ta vare på lokal kultur og tradisjon. Ho opplever at bygdekvinnelaget er ein god arena for dette arbeidet :

*(..)og eg er med ikkje berre for at me har det kjekt og sosialt, men eg syns det er viktig det me står for: Å ta vare på gamle tradisjonar, ikkje minst tradisjonsmat (Randi).*

Å bruke tid og krefter på noko ein brenn for, gir meining og innhald i livet. For nokre av informantane kan det synast som den bestemte organisasjonen dei høyrer til, er like viktig for engasjementet som saka. Martinussen skildrar organisasjonar som ledd i ei kjede av einingar med felles samfunns mål. Medlemmene utviklar kjensler for organisasjonen og opplever organisasjonen som eit gode i seg sjølv. Utanom den verdien det har for den enkelte, er denne identitetsskapinga også viktig for stabiliteten i organisasjonen (Martinussen 2008:225-237). I følgje Wollebæk og Sivesind er det ei utvikling mot svakare band mellom deltakar og organisasjon (2010:93). Dette kan tenkjast å føre til at organisasjonane blir mindre viktige for identiteten til den einskilde.

Å arbeide for ei sak handlar om å dele det ein sjølv finn verdifullt med flest mulig. For dei eldre er det truleg spesielt viktig å bringe saka vidare til generasjonane som kjem etter.

Fleire av informantane løfter fram det å ha skapt interesse hos barn og barnebarn som ein verdifull konsekvens av deira eiga deltaking:

*-Og det syns eg er veldig kjekt, at du har greidd.. fått sådd eit frø der at ein har fått den her interessa opp blant dei. Så det er noko som gjer veldig mykje tilbake, når du ser at du har fått, greidd å fått gitt noke til etterkommarane (Jan).*

Arne opplever at det frivillig engasjement i seg sjølv er noko som kan gå i arv:

*-Så.. og ein annan ting som eg har opplevd, og det trur eg nok dei fleste har erfaring med, at viss me, eg kom på det når du Jonas sa det med ungane, viss me er opptatt med å arbeide med frivillige organisasjonar, så tar ungane etter. Det trur eg dei fleste vil oppleve. Eg ser våre ungar og er opptatt av forskjellige organisasjonar. Ikkje heilt dei samme som meg, men dei engasjerar seg, det er veldig viktig. Syns eg då (Arne).*

Randi fortel om andre medlemmer som har lukkast med å bringe interessa si vidare:

*-Og ein av medlemmene våre no, ho har starta bakeri, i tillegg til jobben sin, så ho bakar lefser, og har fått svigerdottera med seg. Veldig heldige, veit du, få så kjekke svigerdotter.(latter). Og ein anna, ho og har klart å få svigerdottera si med, enda ho har det veldig travelt (Randi).*

Sjølv opplever ho at ei anna av interessene hennar er blitt vidareført til generasjonen etter:

*-Og sonen min, han er no leiar i o-gruppa der han bur. Så det har no blitt litt frukter (Randi).*

Dei raske endringane i det moderne samfunnet fører, som omtala i kunnskapsoppsummeringa, til større gap mellom generasjonane. Dei eldre kjenner ikkje og forstår ikkje det livet som barn og barnebarn lever. Etter kvar får ein få felles møtepunkt og avstanden aukar. Å dele ei interesse eller ein hobby kan tenkjast å motverke dette. Her kan ein snakke same ”språk” og dele felles erfaringar. Slik kan familiebanda på tvers av generasjonane styrkast. I følge Hjort er tette familieband ein viktig faktor for god livskvalitet i eldre år (2010:67).

## 5.5 KONSEKVENSAAR AV DELTAKING FOR ELDRE SOM GRUPPE

Deltaking i frivillige organisasjonar har, som vi har sett, positive verknader for helse og livskvalitet til den einskilde. Det er derimot ikkje sjølvstyk at eldre som gruppe har fått betre vilkår. Samfunnsarbeid handlar om å støtte grupper som ønskjer å betre vilkåra sine gjennom kollektiv handling (Henriksbø and Sudmann 2011). Det krev at ein ikkje berre ser individ, men også kva deltakinga betyr for gruppa som heilskap. Møteplassar for dialog og refleksjon er grunnlaget for felles forståing og kollektiv handling (Freire and Nordland 1999). I følge Slade er det nødvendig å utfordre stigmatisering og diskriminering for å fremje helse og livskvalitet (2010). Å arbeide for sosial rettferd og kollektiv livskvalitet



står sentralt i samfunnsarbeid. Dette betyr m.a. eit fokus på å forstå kva som bestemmer livsvilkåra, og å bruke denne kunnskapen for å skape endring (Ledwith and Springett 2010:16, 33, 157; Ledwith and Campling 2011:32). Det er difor relevant å sjå nærare på kva informantane sine utsegn fortel med omsyn til konsekvensar for kollektiv handling og kollektiv livskvalitet.

---

### 5.5.1 KOLLEKTIV EMPOWERMENT

I følgje Wallerstein er sosial deltaking aleine ikkje nok for å motverke marginalisering. Ein må også styrkje deltakinga sin innverknad på relevante avgjersler (2006). Å medverke til større kontroll over avgjersler er det same som empowerment. Kollektiv empowerment blir av Bracht definert som kollektiv handling som fører til meir rettferdig fordeling av ressursar eller avgjersler (1999:87). Tesoriero skriv at empowerment oftast skjer gjennom politiske prosessar, planlegging, kompetansebygging eller kollektiv handling (2010:74).

Som vist i Ledwith og Campling sin modell (Figur 6), er individuell bevisstgjerung grunnlaget for kollektiv handling (2011:67). Kritisk medvit blir fremja av dialog (Freire and Nordland 1999). Eit vilkår for både dialog og kollektiv handling er at det finst eit fellesskap. I følgje Sudmann og Henriksbø kan det å komme saman med andre utvikle ei kjensle av fellesskap og etter kvart også kritisk medvit om eigen situasjon. Dette legg grunnlag for kollektive mål og kollektiv handling (Henriksbø and Sudmann 2011). Frivillige organisasjonar eignar seg godt som arena for kollektiv bevisstgjerung (Ledwith and Springett 2010:13-34). Dominelli skriv at dynamikken som oppstår mellom medlemmer i ei gruppe, kan styrke den einskilde i å utvide sitt handlingsrom. Samhandling i gruppa fører til power of – makt til handling, i motsetnad til power over, som er den undertrykkande makta dei opplever frå dominante grupper (Dominelli 2002:109).

I følgje Dominelli er felles identitet viktig i arbeidet mot marginalisering. Felles identitet og felles interesser er drivkrafta for undertrykte grupper i arbeidet med å skape samfunnsendring (2002:111). Styrking av den felles identiteten kan m.a. skje gjennom deling av felles historier. Sogelaget ser dette som ei viktig oppgåve:

*-Me prøver å få folk til å fortelje eller skriva om ting dei opplevde då dei var små (Arne).*

Eldre er ei lite homogen gruppe, noko som kan svekka evna til kollektiv handling. Ved å løfte fram det som er felles, kan ein styrkje eldre som ei "inn-gruppe". I følgje Bauman og May treng eit fellesskap å skilje seg frå dei andre for å sikre sin identitet og samhörighet (2004:38-45). Opplevingar i barndomen er kanskje den felles faktoren som sterkast skil dei eldre frå resten av samfunnet. Ved å etterlyse, høyre på og skrive ned desse historiene bidrar organisasjonen til styrka fellesskap både innan eigen organisasjon, og mellom eldre generelt.

Deling av historier treng ikkje arrangerast som ein eigen aktivitet. Som oftast skjer det i form av naturleg samtale. Det avgjerande er, som Poletta og Jasper påpeikar, at det finns

etablerte interessefellesskap der slike samtalar kan finne stad (2001). Frivillige organisasjonar fungerer som slike sosiale møteplassar. Dominelli hevdar at for å motverke undertrykking, må organisasjonen redefinerer degraderte eigenskapar slik at dei får positiv verdi. Ein må skape ein ny diskurs der degraderte verdiar blir verdsett som ressursar. Dette er også viktig for å takle undertrykkande haldningar blant gruppa sine egne (2002:112). Dersom det blir tilrettelagt, kan organisasjonane truleg vere gode arenaer for dialog som kan føre til empowerment av eldre.

Ledwith ser kollektiv handling for sosial endring som ein prosess som inneheld både individet, små fellesskap, større samfunnsstrukturar og samfunnet i seg sjølv (2011:98). Dialogen i dei små gruppene er eit nødvendig ledd i prosessen. For å inkludere fleire, kan det, som Enjolras et al. (2012) påpeikar, vere nødvendig med offentleg tilrettelegging. *Samhandlingsreformen* løfter fram helsetenestene som tilretteleggjar for kollektiv handling ved å ha gruppebaserte tiltak, og ved å hjelpe pasientar til å få kontakt med relevante organisasjonar (St.meld. nr 47 (2008-2009)). Frisklivssentralar er eit helsefremjande tiltak som har denne funksjonen. Frisklivssentralen fungerer som eit bindeledd mellom helsevesenet og sivilsamfunnet. Den tilbyr egne gruppetilbod for ein kort periode, for deretter å hjelpe deltakarane over i frivillige organisasjonar eller tilsvarande tilbod.

Sentrale faktorar i empowerment er bevisstgjerung og kunnskap. Bracht argumenterer for frivillige organisasjonar som viktige arenaer for empowerment, både for individ og grupper, gjennom tileigning av kunnskap og erfaring (1999:87-88). Ledwith og Springett skriv at nødvendig kunnskap og forståing hos dei det gjeld, er grunnleggande vilkår for å få til endring (2010:13-34,100). Tor opplever at deltaking i organisasjonen gir tilgang på ny kunnskap:

*(..) der har dei foredrag og slike ting, og fortelle veldig mykje historie om kommunen og omegn. Å, ja, eg syns det har vore svært interessant å vera med (Tor).*

Tor si erfaring er døme på at organisasjonen blir nytta som arena for kunnskapsformidling utanfrå. Like viktig er utveksling av kunnskap mellom medlemmene. I husflidlaget deler medlemmene kunnskapen med kvarandre

*(..)i vevgruppa der eg er, er det (..) overvekt av pensjonistar (..)Og det er jo ein aktivitet som held på å døy ut, det er ikkje opplæring på det rundt om i landet lenger (Randi).*

Kunnskap og refleksjon styrkar autonomien til den einskilde, og kan vidare føre til kollektiv empowerment og kollektiv handling (Ledwith and Campling 2011:67). Men for at eldre si deltaking i organisasjonar skal føre til kollektiv empowerment, må organisasjonen ha eit fokus på dette i sin aktivitet (Bracht 1999:86). Kultur- og fritidsorganisasjonar er i følgje Wollebæk et.al. lite opptatt av politikk og interessekamp (2008). Ei årsak er auka individualisering generelt i samfunnet som fører til avideologisering og svekka interesse for demokratiske prosessar (Gulbrandsen and Ødegård 2011). Eit døme er medverknad i offentlege utviklingsprosessar. Sjølv om det ligg til rette for medverknad, er det få organisasjonar som deltek. Arne har erfaring med dette:

*-Kommunen innførte jo for nokre år tilbake at når dei arbeidde med budsjett om hausten, så hadde dei eit ekstra møte, der folk .. lag og organisasjonar og andre, dei kunne komma og fortelja kva behov dei hadde og kva dei dreiv med. Og i kulturkomiteen, der var jo då lag og organisasjonar som burde komme. Og det som var overaskande då, det var at stort sett kom idrettslaga. Og me høyrte, eg sat no ofta der og høyrte på, eg høyrte aldri frå alle dei andre laga, som hadde hatt behov for å fortelja kva dei balte med (Arne).*

Idrettslaga skilde seg ut som dei mest engasjerte. Arne forklarar det med at dei m.a. har betre organisatoriske strukturar. Strukturar som strekkjer seg ut over den lokale organisasjonen er i følgje Wollebæk et. al. nødvendig for å ha reell medverknad i viktige politiske saker (2008). Det handlar om, i tråd med teorien i kap.3.2, å styrkje den nivåenkande sosiale kapitalen. Her har idretten lange tradisjonar med lokale, regionale og nasjonale nettverk som støtter opp om den lokale aktiviteten.

Arne reflekterer vidare over kvifor ikkje fleire nytta seg av høvet til medverknad:

*-Men kvifor kom ikkje me andre, for å seia det sånn, då? Sogelaget og turlaget og dei andre? For alle er viktige sånn i ein kommune (Arne).*

I følgje Bracht kan fokuset på kollektiv handling endre seg dersom organisasjonen opplever eit behov for å påverke(1999:87). Idrettslaga er som regel avhengige av samarbeid med det offentlege om bygging av anlegg, og er etter kvart blitt ein sterk aktør i offentlege prosessar. Andre organisasjonar opplever mindre behov. Ein faktor som ofte kan utløyse eit sterkare kollektivt engasjement, er reduksjon av offentlege stønader:

*-Det som eg syns er byrja og gli litt ut når det gjelde den muligheten til å ha eit kor gåande, det er det at kommunen, kommunane .. eller denne kommunen iallfall, støttar ikkje lenger opp om koret på den måten som dei gjorde før økonomisk. Så det er i grunn første gongen at koret har opplevd det siste to åra at ikkje dei har fått noko støtte frå kommunen (..) og det innebærer på ein måte at ein set ein viss reduksjon på lagsarbeidet på den måten. Veldig trist, fordi ein er avhengig av å ha ein viss økonomi skal ein driva med denslags. Og viss ein skal driva slik at ein og kan ta nokre turar, og vera ilag med andre kor, orkester og slikt og nyta musikk og sang på den måten, så krevs det midlar, og mannskoret har klart seg ganske bra likevel, men det er klart at visst ein byrjar å strupa på desse tinga ein må ha for å få til ting, så går det galne veien. Det syns ikkje eg er kjekt. Men kva me kan gjera med det, er ein heilt annan sak (Tor).*

Sjølv om Tor ikkje knytter sine erfaringar til eldre som gruppe, handlar det om ein organisasjon der dei fleste medlemmene er pensjonistar. Som tidlegare omtala er organisasjonane spesielt viktig medverknadsarena for personar utanfor arbeidslivet. Tesoriero skriv at kollektivt engasjement og synlege handlingsalternativ er sentrale faktorar for å få til handling (2010:169). I mannskoret synest det som engasjementet er til stades, men dei manglar oversikt over strategiar. Kanskje treng dei meir kompetanse for å sjå kva som er mulige alternativ. Kompetansetiltak i form av organisasjonslæring er i følgje Ledwith og Springett eit nyttig tiltak for å få til kollektiv handling (2010:100).

Politikk og planarbeid er sentrale i empowermentstrategiar. Dette betyr som regel medverknad i offentlege prosessar. Som medlem i organisasjonar har ein større høve til medverknad, då organisasjonar i større grad enn einskildpersonar får delta i prosessen. Erfaringa til Arne, gjeve att på førre side, er døme på dette.

Det finns ulike former for medverknad. Arnstein hevdar at fleire av formene ikkje representerer reell medverknad, då det er opp til dei som sit med makta om dei vil ta omsyn til innspela. Skal medverknaden vere reell, må det vere liten skilnad på makta til partane (Arnstein 1969). I følgje Cornwall kan medverknad sjåast som ein prosess der maktbalansen mellom aktørane bestemmer rammer og mål for handling. Å ”få ein fot innanfor” kan ha verdi sjølv om andre sit med makta. Men det krev vilje hos makthavarane til å la meiningane til dei det gjeld få innverknad på styringa (2008).

Vilkår for medverknad er både at det blir lagt til rette, og at ein brukar retten sin. Offentlege prosessar har gjennom ulike lover krav om å leggje til rette for medverknad. Det er derimot stor variasjon i korleis dette blir gjort. Ofte er prosessane ekskluderande ved at språk og form er lite tilgjengeleg for folk flest. Å delta kan setje store krav til kunnskap og erfaring. Dette gjer det spesielt vanskeleg for marginaliserte grupper å nå fram. Martinussen påpeikar at språk og symbolbruk avgrensar kven som får delta, og kven som blir skuva ut av fellesskapet (2008:77-86).

Årsaker til undertrykking finst både hos individ, grupper, lokalsamfunn og storsamfunn. Dominelli peikar på at dersom ein i synet på undertrykking lagar skarpe skilje mellom dei ulike nivåa, kan ein oversjå interaksjon på tvers av nivå. Ei samfunnsgruppe kan då bli ”hengt ut” for fenomen som også andre i same lokalsamfunn opplever (Dominelli 2002:81). Samtalen i fokusgruppa illustrerer dette. Informantane i denne studien ser ikkje seg sjølv som marginaliserte. Tvert imot opplever dei at dei som pensjonistar har ressursar som samfunnet treng og verdset. Når dei snakkar om avmakt, viser dei til den generelle avmakta vanlege borgarar kan kjenne ovanfor lokale og sentrale styresmakter. Også her tar dei ei offensiv rolle, der dei kjem med forslag til løysingar på fellesskapet sine utfordringar. Jan fortel om turlaget sin innsats for å hjelpa ein fattig kommune:

*-Ja, nei eg vil sei det at det er slik at me har vel som pensjonistar ein god del ressursar, og det syns eg at, når kommunen er i den stilling som dei er, så syns eg at me og kan vera med å yta vår litle bidrag, å gjera kommunen kanskje litt.. endå litt betre å bu i (Jan).*

Kollektiv handling treng ikkje berre bety medverknad i politikk og planar. ”Å ta spaden i eigne hender” er ein direkte måte å påverke omgjevnadane. Offentleg fattigdom kan opne opp for frivillige initiativ. Einar opplever at organisasjonane har eit ansvar for å løysa utfordringar som dei offentlege tenestene ikkje har ressursar til, og at det er opp til den enkelte organisasjon å gjere ein innsats:

*-Kva kan me hjelpa kommunen med?.. når me høyrer, ser og lesar om kor dårligt det står til med kommunen, kommunen det er nemlig oss, alle i saman (Einar).*

Tor viser til korleis frivillige lag gjekk i gang med utbetring av ein park som det offentlege ikkje har ressursar til:

*(..) så manglar det ikkje... på aktivitetar som pensjonistar og kan gjera i kommunen som kan vera til nytta for kommunen som heilhet om ein går inn for det. (..)det er ikkje noko problem å få gjort ting viss det at ein vel å gjera sånne ting. Sjå parken no, koss pensjonistane hjelpst til der (Tor).*

Han har også ein plan for korleis kommunen kan få på plass eit sårt tiltrengt offentleg toalett:

*-Ein annan ting er det at kunne me fått ei tomt, så er det så mange forskjellige faggrupper innanfor pensjonistane, at me skulle gjerne fått sett istand eit bygg så folk kunne gå i skjul og lete vatn og anna utan at politiet stod og såg på (Tor).*

Tor foreslår her eit partnerskap mellom ei gruppe pensjonistar og dei lokale styresmaktene. Partnerskap er eit samarbeid mellom likeverdige deltakarar. I følgje Arnstein(1969), tilsvarer partnerskap høg grad av medverknad

Dette er døme på korleis organisasjonane er med på å frigjere eldre sine ressursar slik at dei fører til kollektiv handling for å betre samfunnet. I følgje informantane finst det mykje ubrukte ressursar blant eldre. Butterfoss skriv at mobilisering og organisering er nøkkelfaktorar for at innbyggjarane skal nå sosiale og politiske mål (2006). Einar saknar ei form for offentleg organisering:

*-På den andre sida så går det mange med nevane i bukselomma rundt omkring her på staden. Pensjonistar. Veldig oppegående folk, så ikkje er organisert i det heile tatt. Om me hadde fått til ein kommunal "bank" dei sette inn dei der ressursane som me går å bere på (Einar).*

Einar skisserer eit tiltak som kan minne om frivilligsentral. Dette tilbodet finns i kommunen, men har hatt vanskar med å engasjere frivillige. Årsakene til det kan vere mange. Men eit poeng er kanskje at eit slikt tilbod, slik eg kjenner det her, i mindre grad representerer eit fellesskap for deltakarane. Starrin hevdar at sosiale fellesskap med kollektivt medvit fører til emosjonell energi i form av entusiasme, solidaritet og handlekraft (Starrin 2007). Seniorgruppa i turlaget er eit godt døme på dette:

*(..) no har me, kan du sei, seniorgruppa i turlaget, me har bygd opp to gapahukar i vinter. Og den.. og det engasjementet det der har skapt, altså. Det har jo vore spørsmål.. kva tid er neste dugnad? Kan eg få vera med? (Jan).*

Slik eg ser det, representerer informantane i denne studien på mange måtar eit resultat av empowerment-prosessar. I kor stor grad desse prosessane har vore knytt til frivillige organisasjonar er vanskeleg å seie noko om. Men mest sannsynleg har organisasjonane spela ei rolle både i å skape - og å ta vare på styrken.

### 5.5.2 SAMANBINDANDE SOSIAL KAPITAL

Sosial kapital er eit omgrep som har ulike definisjonar og bruksområde. I denne samanheng finn eg det nyttig å bruke Sund sin definisjon, som ser sosial kapital som felles ressursar, skapt av sosiale relasjonar. Ressursane kan knytast til heile samfunnet, eller til samfunnsgrupper (Sund 2009). Tilgang til sosial kapital gjer at eldre taklar alderdommen betre (Cannuscio et al. 2003). Som vist i kapittel 4.2, blir sosial kapital inndelt i 3 kategoriar; samanbindande, overbyggande og nivålenkande. Sosiale relasjonar eldre imellom kan skape ressursar som kjem eldre som gruppe til gode. Slike ressursar blir omtala som samanbindande (bonding) sosial kapital. Ressursane består av m.a. tillit, støtte, solidaritet og engasjement for fellesskapet. Den samanbindande sosiale kapitalen bidrar til felles identitet og styrker medlemmene si evne til å takle utfordringar i kvardagen (Sund 2009).

I følgje Putnam er frivillige organisasjonar sentrale for danning av sosial kapital (1995). For samanbindande sosial kapital blant eldre vil truleg eigne seniorgrupper bety meir enn aldersblanda organisasjonar. Kanskje er dette ein medverkande årsak til at slike tilbod er populære. Jan opplevde stor tilstrøyming av eldre då dei etablerte eit eige seniortilbod:

*-Og me fann jo ut i 2008 at det var behov for ei gruppa med seniorar, og det har vist seg å vore rett. Me har hatt veldig mykje oppslutning om desse turane (Jan).*

For å få tilgang til (og bidra til) samanbindande sosial kapital, må ein identifisere seg med den gruppa det gjeld. Dette kan vere ei utfordring for eldre som gruppe, då medlemmane i utgangspunktet kan vere svært ulike. Organisasjonane er møteplassar for personar med felles interesse. I følgje Bauman og May er interessefellesskap prega av at ulikskap er underordna til fordel for likskapar (2004:59). Frivillige organisasjonar kan slik vere ein god arena for identitetsskaping, spesielt for dei yngste i gruppa. Tor fortel at organisasjonen samlar alle kategoriar eldre:

*-Eg treffe faktisk folk i alle aldersgrupper, ifrå dei er blitt pensjonistar og oppover (Tor).*

Nokre organisasjonar har aktivitetar som appellerer særskilt til eldre. Sjølv om organisasjonen i utgangspunktet er open for alle, fører interessefeltet til bygging av sosial kapital for dei eldre. Lokalhistorie er eit døme på eit fokus som synest å samle og styrke eldre generelt. Synleggjering og formidling av lokal historie og tradisjon set fokus på dei eldre sin unike kunnskap, og fører til ei forståing i samfunnet som styrker dei eldre sin posisjon. Dette kjem også eldre utanom organisasjonen til gode. Arne fortel at dei i sogelaget legg vekt på å nå ut til fleire enn medlemmene, gjennom ulike opne arrangement:

*-Elles har me møte og forskjellige tilstellingar som handlar om historiske ting, for å sei det sånn (Arne).*

Randi opplever verdien av heimbygda sitt sogelag frå utsida:

*-Eg vil tru at sånn som sogelaget, der er sikkert mange eldre som er interessert. For eg merka iallefall at til eldre eg blir, til meir interessert blir eg i det som har vore før. Og der eg kjem frå, der er det eit veldig aktivt sogelag, -kjenner gjerne til det?, dei gir ut sogeskrift kvart år, dei og, og dei får 100, 120 medlemmer på møtene sine (Randi).*

Samanbindande sosial kapital er, slik eg ser det, eit viktig våpen i møte med alderisme. Omgrepet alderisme handlar om diskriminerande haldningar og forakt overfor dei eldre (Daatland 2008:10). Det er ein diskurs som ser eldre som ei verdiløus samfunnsgruppe, ei bær for storsamfunnet. Dominelli hevdar at undertrykking kan motverkast ved at det blir skapt ein ny diskurs der degraderte verdiar blir sett som ressursar. Fellesskap rundt felles identitet kan fungere som ein motor i dette arbeidet. (Dominelli 2002:111-112). Den sosiale kapitalen kan her vere ”drivstoff” for dei eldre sin motor.

Organisasjonar for eldre skapar og held ved like felles identitet og generell solidaritetskjennele. Dette strekkjer seg ut over eigne medlemmer til eldre generelt. I følgje Wollebæk et al. (2008) er det å vite om at det finns sterke organisasjonar i lokalsamfunnet viktig for den sosiale kapitalen. For å styrkje samanbindande sosial kapital blant eldre, er det difor viktig at organisasjonen når ut til flest mulig i gruppa. Isolasjon og framandgjerjing er barrierar for kunnskap om kva som går føre seg i samfunnet, noko Tor kjenner til:

*-Viss du må sitja inne i stova ei helg, så byrja du å lura på kva egentlig som føregår (Tor).*

Sosial deltaking gir større tilgang til dei ressursane den sosiale kapitalen representerer. Tor meiner at tilrettelagte sosiale fellesskap for eldre er eit nyttig tiltak for å inkludere fleire:

*(..)det er meir og meir pensjonistar som leve lenger enn det som dei gjorde tidlegare, og derfor har det oppstått ein del sånne aktivitetsgrupper for å ta vare på dei, kan du sei. Og det er kjempeflott, uansett kva slags område det er innanfor (Tor).*

Det er ulike meiningar om kva frivillige organisasjonar betyr for den sosiale kapitalen i samfunnet. Seegard og Wollebæk hevdar at organisasjonane framfor alt bidrar til å ta vare på sosial kapital (2011). Arne opplever at veteranlag held ved like sosiale nettverk blant eldre idrettsutøvarar. Ved å oppretthalde fellesskapet tek ein og vare på den sosiale kapitalen:

*-Og elles så .. ein annan ting, det er jo nokre veteran..eh..veteranlag, som vil prøva å samla litt dei eldre .. det er spesielt innanfor idrett eg er med då. To forskjellige veteranlag. Eit for ski og eit for Hordaland veteranar. Og dei og gjer ein veldig god jobb, for at .. om ein ikkje møtes så ofte, så er det blad, og så får me skriv, og så kan me følgja med kvarandre littegrann. Gamle kjente altså, sånne som me kjenner i frå før. Det er veldig kjekt å halde litt kontakt med når du blir eldre (Arne).*

Samanbindande sosial kapital, er framfor alt ein viktig ressurs for den gruppa det gjeld. Det kan tenkjast at denne forma for sosial kapital er spesielt viktig for eldre, då reduksjon i funksjon og tap av dei næraste gir auka trong for støtte i dagleglivet. Men einsidig fokus på

samanbindande kapital kan og tenkjast å gå ut over den totale sosiale kapitalen i samfunnet. Mangel på relasjonar til andre grupper kan svekke den generelle tilliten og auke framandgjeringa. For organisasjonar som berre har eldre som medlemmer, kan det difor vere positivt at ein unngår å lukka seg for resten av samfunnet. Ei open og aktiv rolle der organisasjonen ser seg sjølv som ein samhandlande aktør, motverkar mistenkeleggjering og svekka tillit. Seniorgruppa i turlaget er eit godt døme på dette:

*-.Og eg sa jo til ordføraren når ho var med å opna den gapahuken oppå fjellet, at dette får vera turlaget sitt litle bidrag te at kanskje det er litt meira kjekt og litt meira interessant å bu i kommunen. Og det er jo det me arbeider for at me skal få andre, spesielt barnefamiliar, sånn at dei har ein plass å vera, der kan dei ta med seg mat og grilla, og litt forskjellig(..) (Jan).*

Ved å vise at dei brukar ressursane sine til det beste for alle, styrker dei samtidig si eiga gruppe.

## 5.6 KONSEKVEN SAR FOR LOKALSAMFUNNET

Eg har no sett på kva følgjer deltaking i frivillige organisasjonar kan bety for den einskilde eldre og for eldre som gruppe. Folkehelsearbeid, som er ein av mine ståadar, har eit salutogent perspektiv. Det vil seie at ein fokuserer på helsefremjande faktorar framfor risikofaktorar. Ved å styrkje den generelle livskvaliteten gjennom universelle tiltak, kan innbyggjarane sin risiko for redusert helse bli mindre. Dette er m.a. uttrykt i Folkehelsemeldinga, som seier at folkehelsearbeidet handlar om å leggje til rette for ei samfunnsutvikling som gir gode vilkår for helse(Meld.St.34 (2012-2013)). Det same perspektivet finn ein innanfor samfunnsarbeid. Ledwith og Springett skriv at samfunnsarbeid har som mål å skape eit mangfaldig og likeverdig samfunn (2010:16). Gjennom å fokusere på heile samfunnet, rettar ein innsatsen mot årsakene til at marginalisering oppstår. Tesoriero ser lokalsamfunnet som den viktigaste målgruppa for samfunnsarbeid. Det handlar om å støtte innbyggjarane i ein prosess for auka berekraft og sosial rettferd som kjem alle til gode (2010:120-138, 163-176). Bracht sin modell for å fremje helse og sosiale vilkår, legg vekt på mobilisering av innbyggjarar og organisasjonar for å fasilitere kollektiv empowerment (1999:83). Siste del av drøftinga tar føre seg kva informantane sine opplevingar fortel om deltakinga sine konsekvensar for lokalsamfunnet.

Lokalsamfunnsutvikling, sett frå eit samfunnsarbeidsperspektiv, handlar om å skape berekraftige samfunn med gode livsvilkår for alle, omtala som *livskraftige lokalsamfunn*. Spørsmålet eg stiller er: Korleis kan eldre si deltaking i frivillige organisasjonar fremje livskraftige lokalsamfunn?



### 5.6.1 SOSIAL KAPITAL

Sosial kapital er eit omgrep som har breidd om seg også innanfor folkehelsearbeid. Det handlar om felles ressursar, i form av relasjonar og strukturar, som fremjar samhandling til det beste for alle (Minkler and Wallerstein 2005:37). Sosial kapital i lokalsamfunnet fremjar eldre si evne til å oppretthalde eit uavhengig liv. Investering i sosial kapital kan difor vere ein god strategi overfor demografiske utfordringar fram i tid (Cannuscio et al. 2003).

Som omtala i kap. 3.2, kan omgrepet sosial kapital delast i tre kategoriar. Kategorien samanbindande (bonding) sosial kapital som gjer seg gjeldande innanfor ei gruppe, vart drøfta i førre kapitell. I eit lokalsamfunns perspektiv er dei andre kategoriane meir sentrale.

Overbyggjande sosial kapital er sosiale band på tvers av samfunnsgrupper. Slike nettverk er spesielt viktige for generell tillit og støtte i samfunnet. Desse eigenskapane er sentrale for eit effektivt, funksjonsdyktig og robust samfunn (Sund 2009). I følgje Wollebæk og Seegard er aukande klasseskilje og kulturskilje i Noreg ein trussel mot tilliten i samfunnet (2011:44). Dette gjeld truleg også tillit mellom aldersgrupper. Samfunnet i dag er prega av alderssegregering (Daatland 2008:43). Den raske samfunnsutviklinga har ført til større kulturskilnad mellom generasjonane, noko som særleg kan ha påverka tilhøve til dei eldre.

For å skape og ta vare på overbyggjande sosial kapital, må ein leggje til rette for kontakt mellom dei ulike gruppene. Strømsnes (2012) finn at frivillig engasjement har ein positiv effekt for alle i lokalmiljøet. Bakgrunnen for dette er m.a. at frivillige organisasjonar og dei aktivitetane dei driv, fungerer som møteplassar mellom samfunnsgrupper. Informantane fortel om korleis deira organisasjonar opnar for kontakt mellom ulike grupper, t.d. ved å lage tilstellingar som kan ha interesse for mange, og gjennom samarbeid med offentlege tiltak.

Bygdekvinnelaget har hovudvekt av eldre medlemmer. Dei bruker kunnskapen og erfaringa til medlemmane som ein ressurs for samhandling med andre. Slik fremjar dei kontakt mellom ulike grupper:

*-Å då har me kurs, og lagar mat .. med havre hadde me i fjor. Og det med grønsaker, det skal vara over to år, for me må jo så grønsakene, og så skal dei haustast, og så brukast. Så då blir det kurs i det (Randi).*

Mange organisasjonar er opne for alle aldersgrupper. Utfordringa er å gjere tilbodet så fleksibelt at det passar for alle. Greier ein det, har ein skapt ein unik møteplass der unge og gamle møtes som likeverdige. Einar har erfaring med dette:

*-Men så er det sånn som seilforeningen og..eg er medlem i seilforeningen sant, det er kjekt. Og der er ungar med, heilt i frå 5-6 år og oppover heile gjengen, og der har du eit stort spekter (Einar).*

Auka innvandring blir framstilt som ein særskild trussel mot den sosiale kapitalen (Segaard and Wollebæk 2011:42). Randi fortel korleis organisasjonen fremjar kontakt og tillit med asylsøkjjarar. Ved å samlast rundt felles interesser skaper dei eit fellesskap på tvers av kulturar:

*(..)mottakssenteret har me veldig godt samarbeid med. Så me invitere damene på mottakssenteret til å gå tur med oss, og me har laga mat ilag,(Randi) (..) Så alltid når eg traff ho nede i sentrum, så var det ein klem, og (..) (Randi).*

Utvikling av samfunnet mot meir sosial rettferd og berekraft krev, i følge Ledwith og Springett, at innbyggjarane har nødvendig kunnskap og forståing, og at det gjeldande verdigrunnlaget inneheld omgrep som likeverd, respekt, tillit og samhandling. Ved hjelp av organisasjonslæring, dialog og nytenking kan ein endre eksisterande praksis (2010:13-34, 100). Wollebæk og Seegard skriv at overskridande sosial kontakt gjennom frivillige organisasjonar kan tenkjast å spele stadig større rolle for tilliten i eit samfunn med aukande mangfald (2011:43). Sitatet over legg vekt på direkte kontakt som det mest verdifulle for å skape tillit. Wollebæk et al. (2008) stiller spørsmål ved kor viktig lokal ansikt-til ansikt-aktivitet i organisasjonane er for å skape meir tillit og større sivil engasjement. Dei argumenterer for at det er synlege, utoverretta organisasjonar som understrekar rasjonaliteten og nytten i kollektiv handling og gjer at folk får tillit og evne til å inngå i samarbeid med andre.

Frivillig sektor er i dag, som resten av samfunnet, prega av svakare kollektive verdiar og auka individualisme (Gulbrandsen and Ødegård 2011). Frivillige eldre skil seg frå andre deltakarar ved at dei i større grad er opptatt av saka framfor eiga vinning (Wollebæk and Sivesind 2010:86). Dette blir synleg gjennom eldre sitt engasjement for å leggje til rette for andre. Jan sine erfaringar er eit godt døme:

*-For meg personleg, så planla eg den pensjonisttilværelsen. Då hadde eg bestemt meg at då skal eg vera meir aktiv i turlaget. Eg var jo .. var med å starta barnas turlag då i den tida då eg blei pensjonist, og var med i organisasjonen i Bergen turlag, og liksom hadde planlagt dette at her skulle eg gje noko og prøva og yta noko, prøva å få andre med (Jan).*

Turlag er døme på ein organisasjon som har låg terskel, og difor kan vere viktig for sosial kapital blant ressursvake grupper. For utan å leggje til rette, så bidrar dei eldre også til deltaking ved aktiv rekruttering:

*-Men det er viktig at du går på personane, du ser kanskje at dei er interessert i det som du balar med, og at du får dei med som aktive i organisasjonen. Det trur eg og er viktig at du prøver å gjera ein liten innsats der så (..) (Jan).*

Som medlem i mannskoret opplever Einar kor viktig det er å høyre til eit slikt fellesskap. Dei positive erfaringane gjer at han oppmuntrar kona til å engasjere seg i frivillig arbeid. Hennar deltaking i Røde Kors skaper nye relasjonar, og fører til at begge får utvida kunnskap og forståing.

*(..)det gir henne veldig mykje. Samtidig som eg blir dratt med der og, og får forståelse for det arbeidet dei gjer, kor viktig det er. Og eg prøve til dels å få henne til å forstå kor viktig det er å gå i mannskoret (Einar).*

Sitatet over viser korleis relasjonar til ulike organisasjonar dannar horisontale nettverk. Denne typen nettverk er i følge Putnam, sentralt for danning av overbyggande sosial kapital. Dess tettare og meir utbreidde nettverka er, dess meir generalisert tillit og effektiv samhandling (Sund 2009). Sosial kapital er ein ressurs for alle innbyggjarane, også dei som ikkje deltek i nettverka (Loga 2010; Segard and Wollebæk 2011). Cannuscio m.fl. finn at lokalsamfunn med høg sosial kapital har betre folkehelse enn område med låg sosial kapital (Cannuscio et al. 2003).

Skal frivillige organisasjonar spele ei rolle for samfunnet sin sosial kapital, må det finnast tilgjengelege organisasjonar. Utviklinga i dei seinare år har vist ein reduksjon i tal organisasjonar (Wollebæk and Selle 2002:67-69). Samtidig er tilknytninga til ein bestemt organisasjon også blitt svekka, spesielt blant yngre (Segard and Wollebæk 2011:93). Det er dei eldre som er mest lojale og stabile, og mest villige til å arbeide for å oppretthalde organisasjonen sin. Eldre deltakarar kan såleis vere viktig for å ta vare på dei frivillige organisasjonane. Tor er ein av dei:

*- For det gir mykje. Og.. det gir mykje, men då skal du og låta gjera noko for at det gir, selvfølgelig. Det gir seg ikkje sjølv (Tor).*

Eldre er ein viktig ressurs for drifta av organisasjonen. Meir tilgjengeleg fritid gjer at dei i større grad har høve til å ta på seg verv og ansvarsoppgåver. Samtidig må ein vere merksam på at overvekt av eldre i ansvarsroller kan føre til at organisasjonen sine aktivitetar blir prega av dette og difor appellerer mindre til andre aldersgrupper.

Frivillige organisasjonar oppstår oftast som følge av grasrotengasjement. Men etablering og drift blir også til ein viss grad styrt av politikk, offentlege institusjonar og overordna organ. Det er innanfor teorien ulikt syn på kva overordna strukturar betyr for danning av sosial kapital (Sund 2009). Tor meiner offentlege stønadsordningar set grenser for det frivillige engasjementet:

*-Det har egentlig vore innfelt i .. i budsjettene så lenge som koret har eksistert, at dei skal ha ein liten stønad. Men det er vekke no, og det innebærer på ein måte at ein set ein viss reduksjon på lagsarbeidet på den måten. Veldig trist, fordi ein er avhengig av å ha ein viss økonomi skal ein driva med denslags (Tor).*

Jonas opplever at manglande støtte frå hovudorganisasjonen reduserer deltakinga:

*-Og det andre er at dette med idrettsmerke, der blei eg ein gong førespurd, og då synes eg det var eit glømt kapittel. Og det er det vel stort sett enda dessverre, og eg har fleire ganger prøvd å apellert til idrettslaget om å laga litt blest om da, eg har appellert til kretsen, heilt utan resultat. Så det er få så vidt ein liten skuffelse (Jonas).*

Sitata over er døme på opplevd maktesløyse ovanfor dei som sit og avgjer vilkåra for den lokale frivillige aktiviteten. Ei årsak til at ein organisasjon opplever avmakt kan, i følge Minkler og Wallerstein, vere mangel på nivålenkande sosial kapital (2005:38). Denne formen for sosial kapital blir definert som vertikale band mellom individa og dei overordna institusjonane i samfunnet. Sentrale element er normer, tillit og fordeling av makt (Sund 2009). Minkler og Wallerstein peikar på at nivålenkande sosial kapital har samheng med i kva grad maktstrukturar utøver undertrykking og ekskludering. Men det er ikkje sjølvsagt at meir kontakt og tillit påverkar fordeling av makt (2005:38). Regjeringa omtalar rammevilkår for frivillig sektor i den nye *Folkehelsemeldinga*. Dei politiske måla er m.a. betre økonomiske rammevilkår og å styrke kunnskap og forskning om frivillig sektor. I tillegg skal det etablerast eit nasjonalt kontaktforum mellom frivillige organisasjonar og aktuelle departement, og kommunane skal stimulerast til tettare samarbeid med frivillig sektor lokalt (Meld.St.34 (2012-2013)). Dersom dette blir realisert, kan den lenkande sosiale kapitalen bli sterkare. Eit viktig fokus må vere at dei ulike deltakarane i samarbeidet er likeverdige, slik at dei lokale aktørane sine perspektiv blir teke omsyn til.

Enjoras m.fl. finn i sin rapport at lenkande sosial kapital i form av aktiv deltaking frå lokale styresmakter, kan vere nødvendig for å få til brubygging på tvers av samfunnsgrupper (Enjolras et al. 2012:86). Det er i samfunnet si interesse at fleire grupper blir inkludert i den frivillige aktiviteten. Ressurssvake grupper kan ha vanskar med å delta, noko statistikk over deltaking viser. Dette gjeld også for eldre (Wollebæk and Sivesind 2010). Som vist i kapittel 6.3, er det ulike faktorar som påverkar deltaking, både i organisasjonane og hos den einskilde. Aktiv deltaking frå styresmaktene kan vere nødvendig for å fremje deltaking blant utsette grupper. Det handlar m.a. om å dele kunnskap og å støtte organisasjonane i å leggje til rette for fleire.

---

### 5.6.2 DEMOKRATI

Eit av krava til eit livskraftig samfunn er i følge Ledwith at ein har eit demokrati bygd på deltaking og kollektiv livskvalitet (Ledwith and Campling 2011:197). Dei norske styresmaktene reknar styrking av sosial kapital og demokrati som sentrale verkemiddel for å fremja gode levekår for alle (St.meld. nr.39 (2006-2007)). Samfunnsarbeid kan spele ei viktig rolle for demokratiet gjennom å hjelpe undertrykte grupper til å delta (Craig 2007). Cornwall og Coelho løftar fram trongen for fleire rom for deltakande demokrati for å motverke nedarva praksis og eksisterande rang (2007:82).

Frivillige organisasjonar er organisert og fungerer som eigne demokrati. Dei er viktige både for opplæring i demokratiske spelereglar, og som demokratiske aktørar (St.meld. nr.39 (2006-2007)). *Folkehelsemeldinga* seier at frivillige organisasjonar har stor verdi for det norske demokratiet, og for den einskilde sine høve til medverknad i avgjersler i samfunnet (Meld.St.34 (2012-2013)). Også teori om demokratisk styring omtalar frivillige organisasjonar som sentrale institusjonar i demokratiet (Wollebæk and Selle 2002:67-69).

Frivillige organisasjonar har ofte ei rolle som talerøyr i lokaldemokratiet. Ei vanleg form for medverknad er som høyringsinstans. Sjølv om dette, ifølgje Arnstein(1969), er ei relativ svak form for medverknad, så gir det eit høve for aktive og synlege organisasjonar å bli lytta til, både som pressgruppe og som berar av kunnskap. Frivillige organisasjonar blir av styresmaktene sett på som viktige støttespelarar til det offentlege i arbeidet med å skape eit livskraftig samfunn (St.meld nr.20 2007). Lokalt har eg erfaring med at dei som sit med makta i stor grad ønskjer å ta frivillige organisasjonar med på råd. Arne har opplevd at den politiske leiinga i kommunen oppretta eit forum der organisasjonane fekk komme med innspel:

*-For å få eit sånt.. samspel mellom politikarane og lag og organisasjonar som det var, politikarane tok jo initiativ til at dei skulle prøva å få det til, sjølv som det ikkje var mykje pengar, så syns dei det var spennande å sjå kva er det som foregår rundt om i kommunen. Og her kan me iallefall hjelpe til med å få det spreidd, vera litt aktive som politikarar .. Ikkje berre sånne spesielle anledningar når ein skal byggja eller noko. Men at politikarane får sjanse til å laga eit sånt system av dette her. Det at tinga heng saman. Det trur eg er viktig både for politikarane, men og for folk i kommunen (Arne).*

Eit grunneleggjande prinsipp i demokratiet, er at alle medlemmer av fellesskapet skal ha lik muligheit til å påverke avgjersler. Sjølv om dette prinsippet gjeld, vil det i røynda vere skilnader. M.a. har makt, posisjon og tilgang til kanalar for påverknad noko å seie. Utanom dei politiske organisasjonane, er truleg arbeidslivet den viktigaste arenaen for påverknad. At frivillige organisasjonar fungerer som demokratiaktør er difor spesielt viktig for å løfte fram meiningane til grupper utanfor arbeidslivet. Eit vilkår er sjølvsagt at desse gruppene deltek i organisasjonane.

Wollebæk og Selle hevdar at dreining av fokuset for det frivillige engasjementet frå ideelle organisasjonar til kultur og fritid, har ført til at organisasjonane er mindre viktige for demokratiet (2002:226-230). Dette byggjer på ei forståing av at deltakarar i kultur- og fritidsorganisasjonar er meir individualistiske og mindre opptatt av samfunnsnytte enn deltakarar i ideelle organisasjonar. I ein annan studie blir kor, idrettslag o.l. knytt til eit teoretisk perspektiv som ser denne forma for frivillig organisering først og fremst som sosial møteplass og kjelde til sosial kapital. Dei står i motsetnad til meir politiske folkerørsler som miljøorganisasjonar og fråhaldsrørsla, og er skildra som medlemsretta heller enn samfunnsretta, og konsensusorientert heller enn konfliktorientert (Wollebæk et al. 2008).

Eit spørsmål er om det er organisasjonen sin aktivitet, eller deltakarane sine verdiar som betyr mest for demokratirolla. Samtalen til informantane i denne studien viser, slik eg forstår det, stort engasjement for lokalsamfunnet. Som tidlegare drøfta, skil dei eldre seg ut ved å ha meir altruistiske og saksrelaterte motiv enn andre grupper. Denne haldninga syns å gjere seg gjeldande uavhengig av kva type organisasjon ein deltek i. Slike funn kan tyde på at også kultur- og fritidsorganisasjonar er viktige for demokratiet, og at eldre deltakarar synest å fremje denne rolla.

Dei som er eldre i dag, har levd i ei tid då ein kan hende var meir medviten om verdien av demokratiske rettar. Sterkt medvit og klare haldningar om demokratiske verdiar er eigenskapar som er viktige når demokratisk tenking skal overførast til nye generasjonar. Jonas meiner frivillige organisasjonar er ein god arena for denne utvekslinga:

*-Men eg har hatt det i meg, og det har eg prøvd å lært ungane og, at når du skal vera med på noke, så skal du ikkje berre vera med. Du skal vera med å forma det litt sånn du meiner det er rett at det skal vera (Jonas).*

Ei undersøking frå 2001 som er omtala i kap. 3.1, viste at eldre har meir tiltru enn resten av innbyggjarane på organisasjonane som viktig aktør i samfunnsutviklinga (Wollebæk et al. 2008). Funna i undersøkinga kan tyde på at slike oppfatningar er gjeldande, men vil vere mindre utbreidd i framtida, også blant eldre.

Eit sentralt poeng innan samfunnsarbeid er at prosessen inkluderer dei same prinsippa som gjeld for det ein vil oppnå (Tesoriero 2010:163-176). Organisasjonar prega av paternalisme eller maktelite er lite eigna som frigjerande arenaer. Dersom ein frivillig organisasjon skal kunne fremje demokratiet i samfunnet, må organisasjonen sjølv ha eit fungerande demokrati. I følgje Wollebæk og Selle er tendensen til aukande profesjonalisering i frivillig sektor ein trussel mot dei demokratiske verdiane (2002). Dette må sjåast i samanheng med offentlege rammevilkår som avgrensar fridomen til organisasjonane.

---

### 5.6.3 FOLKEHELSE

Folkehelse er, på same måte som sosial kapital og demokrati, ein kollektiv ressurs som medverkar til eit livskraftig samfunn. Som omtala i kap.2.4, handlar folkehelsearbeid om å styrkje innbyggjarane i å betre eiga helse og ta kontroll over vilkår for eiga helse (WHO 1986). Denne formuleringa har mange likskapar med samfunnsarbeid. Etterkvart som helseomgrepet er blitt utvida, har ein, som Bracht påpeikar, fått ei forståing av korleis ulike område av samfunnet påverkar helsa (1999:84). I følgje Minkler og Wallerstein(2005) vil samfunnsarbeid svært ofte også vere folkehelsearbeid.

Den norske folkehelselova sin definisjon av folkehelsearbeid har ikkje eit like tydeleg nedanfrå-og-opp perspektiv som definisjonen til WHO. Askheim og Starrin kritiserer strategiar i helsefremjande arbeid for ikkje å leggje brukaren sine egne verdiar til grunn. Brukarane sine ynskje er ikkje frie, men resultat av bestemte diskursive prosessar (Askheim 2007:29). Også Fugelli og Ingstad kritiserer folkehelsearbeidet for å ha eit ovanfrå og ned- perspektiv (2009:436-443).

Folkehelsa er knytt til levekår. Ledwith skriv at betring av levekåra ikkje lenger handlar om økonomisk vekst, men korleis vi organiserer samfunnet og relasjonane mellom oss (2011:2). Utvikling av aktive sivilsamfunn er rekna som eit sentralt verkemiddel for å skape gode levekår (St.meld. nr.39 (2006-2007)). Undersøkingar viser at eldre skil seg frå andre aldersgrupper ved at dei har større fokus på mjuke verdiar som trivsel og tilhøyrslø

(Wollebæk and Sivesind 2010:87). Dette samsvarar med det informantane i denne studien fortel. Slike verdival kan fungere som ei motvekt i eit nyliberalistisk samfunn der vekst og utvikling er overordna andre mål. Ved å løfte dei mjuke verdiane i frivillig sektor, kan eldre si deltaking bidra til betre levekår.

Sidan folkehelsa er summen av individa si helse, vil faktorane som påverkar folkehelse og individuell helse for ein stor del vere dei same. Informantane har, som tidlegare vist, ei oppleving av at deltaking i frivillige organisasjonar har positiv effekt både på fysisk og psykisk helse. Sosial deltaking, m.a. i frivillige organisasjonar, er frå statleg hald eit tilrådd tiltak for å fremje folkehelsa. Det skal leggjast vekt på å utvikle tilbod med låg terskel og inkludere fleire grupper i organisasjonane sine aktivitetar (Meld.St.34 (2012-2013)). Fleire offentlege utgreiingar løftar fram frivillige organisasjonar som sentrale i folkehelsearbeidet (Meld.St. 16 (2010-2011) ; St.meld. nr.39 (2006-2007) ; St.meld nr.20 2007). Nyare forskning har dokumentert samanheng mellom frivillig deltaking og samfunnet sin samla livskvalitet (Loga 2010).

Eldre blir rekna som ei gruppe som har auka risiko for redusert fysisk og psykisk helse utover vanleg aldring . Risikoen er knytt til utbreidde fenomen hos eldre som redusert aktivitet, dårlegare kosthald, einsemd og framandgjerding. Demografisk utvikling med aukande tal eldre er difor ein trussel mot folkehelsa. I følgje informantane er frivillige organisasjonar viktige for å oppretthalde fysisk aktivitet, betre sosiale nettverk og fremje livskvalitet generelt. Eldre si deltaking i organisasjonar er utifrå dette ein verdifull faktor for folkehelsa.

Funn presentert tidlegare viser at eldre organisasjonsmedlemmer er opptatt av at andre innbyggjarar skal få ta del i det dei opplever som positive aktivitetar. Dei brukar engasjementet sitt i organisasjonen til å leggje til rette for tilbod både for eiga aldersgruppe og for andre. Gjennom eigen aktivitet er dei rollemodellar som motiverer og inspirerer. Slik bidrar dei til betre folkehelse for heile lokalsamfunnet.

Ei av dei største utfordringane til folkehelsa er ein veksande sosial skilnad i helse. Folkehelsearbeidet fokuserer difor mykje på helsefremjande faktorar for marginaliserte samfunnsgrupper. Frivillig sektor har verdiar om å vere open for alle, uavhengig av bakgrunn. Frivillige organisasjonar blir difor rekna som ein god arena for inkludering og utjamning. Eit døme på dette frå denne studien er, som tidlegare omtala, Husflidlaget sitt samarbeid med asylmottaket. Men biletet er samansett. Utviklinga går mot større sosial skilnad i deltaking (Wollebæk and Sivesind 2010:70). Dette gjer at organisasjonane, slik det er no, forsterkar dei sosiale helseskilnadane. Sterkare satsing på å leggje til rette for og inkludere utsette grupper i frivillige organisasjonar synest difor å vere eit aktuelt mål for samfunnsarbeid.

#### 5.6.4 RESSURS FOR FELLESSKAPET

Tilgjengelege ressursar er eit vilkår for at eit samfunn skal vere berekraftig. Tesoriero skriv at berekraftige lokalsamfunn tar i bruk egne ressursar framfor støtte utanfrå (2010). I den norske velferdsmodellen er staten ansvarleg for ressursfordeling til dei offentlege velferdsordningane. Kommunane opplever knappleik på offentlege ressursar, og strevar med å dekkje alle behov. Ei forståing av omgrepet livskraftige lokalsamfunn, er at lokalsamfunnet kjem mangfaldet av behov hos noverande og framtidige innbyggjarar i møte, og medverkar til høg livskvalitet for alle (Colantonio and Dixon 2010:25-33). Slik det ser ut i dag, er ikkje dette mulig å få til berre med offentlege tenester. Det er trong for andre krefter som kan støtte dei offentlege tilboda.

Frivillige organisasjonar blir frå nasjonalt hald løfta fram som viktige aktørar i arbeidet for folkehelse og livskraftige lokalsamfunn. Browne (2003) ser det aukande talet eldre innbyggjarar som ein ressurs som aukar samfunnet sin kollektive kapasitet. Informantane i denne studien byggjer opp under dette, og viser at eldre medlemmer er sentrale ressursar i frivillig sektor. Slik eg tolkar det, er det tre område som kjem spesielt klart fram som område der eldre sin innsats er viktig. For det første er det frivillig arbeid i form av praktisk dugnadsarbeid. Når ikkje helsa er til hinder, har mange eldre både tid, kompetanse og dei kollektive verdiane som trengs til å utføre samfunnsnyttig praktisk arbeid. Tor seier det slik:

*-Kommunen er kommunen, og me må utnytta kommunen, me må hjelpast til i kommunen. Slik at .. om du jobbar 10 timar dugnad for kommunen, heilt kjempesint. Viss at kommunen ikkje har muligheter sjølv. Men då seier eg opp igjen at då må det vera folk som har helsa igjen (Tor).*

Mykje av arbeid som blir gjort i høve til organisasjonen sine interesser, har også verdi for heile lokalsamfunnet. Eit døme er turlaget si tilrettelegging av turveggar og rasteplassar. Jan er ein av dei som har ytt:

*-Ja, det var nokon som nemnde dugnad her. Og eg må seie det at når det gjeld pensjonistar, som pensjonistar så har me god tid. Og det.. no har me, kan du sei, seniorgruppa i turlaget, me har bygd opp to gapahukar i vinter (Jan).*

Eit anna viktig innsatsområde som informantane fortel om, er tilrettelegging og drift av aktivitetar. Frivillige tiltak kan vere gode alternativ til offentlege tilbod. Spesielt viktig er tiltak for utsette grupper. Til dømes er bygdekvinnelaget sitt samarbeid med asylmottaket av stor verdi for integrering av flyktningar. Eldre organisasjonsmedlemmer synes ofte å vere drivkrefter for slike tiltak.

Det siste området handlar om organisasjonane sin funksjon for å ta vare på og bringe vidare lokal kultur, kunnskap og tradisjon. Her har dei eldre medlemmene ei sentral rolle gjennom sin kunnskap, si interesse og sitt engasjement. Arne sitt utsegn om aktiviteten i sogelaget illustrerer dette:



*-Me samlar inn alt som de skriv, nokon skriv, i frå eldre tider, og me kan tilby at me tar lydbandopptak av det som de vil fortelja, og so... noko av det har me i årsskriftet vårt, og resten blir lagra og arkivert i folkebiblioteket. Heilt riktig, sånn at etterkommarane våre kan gå og leita i det stoffet. For det er fantastisk interessant stoff, som ikkje.. som hadde blitt mist viss ikkje nokon hadde gjort noko med det (Arne).*

Randi opplever at organisasjonen er viktig for overlevering av kunnskap om kunsthåndverk og gamle teknikkar som elles kan bli gløymd:

*-Så det er veldig viktig at dei gamle som er med, at dei er med å lære oss opp. Dei som kjem etter (Randi).*

Eldre har mykje kompetanse og erfaring frå eit langt liv. Men dette har liten verdi dersom kompetansen ikkje blir etterspurd. Organisasjonane kan vere ein god arena for å ta i bruk eldre sin kunnskap. For dei eldre kan det opne både for vørndnad og høve til utvikling. Einar har ansvar for opplæring av barn og unge:

*-Og det som er kjekt av og til, det er å fortelje desse smårollingane koss det var og koss det skal vera og koss det er forventa at det skal vera der og då når det har med opplæring å gjera. Og dei høyrer faktisk på gamlingar (Einar).*

I følge Daatland og Solem har eldre sitt frivillige arbeid tradisjonelt vore lite synleg. Nye generasjonar eldre har høgare utdanning, betre helse og generelt meir ressursar enn tidlegare. Dette vil truleg medføre at eldre sine ressursar vil bli meir etterspurd i framtida sitt samfunn (2011:256). Dette kjem klart fram i den nye Folkehelsemeldinga, der eldre sine ressursar blir løfta fram som svært viktige for samfunnet i framtida (Meld.St.34 (2012-2013)).

Informantane i denne studien synes å høyre til ei slik ressurssterk gruppe av eldre. Deira innsats er langt frå usynleg. Tvert imot opplever fleire stor merksemd og etterspurnad, både frå sivilsamfunnet og frå lokale styresmakter. Det kan tenkjast at dei gjennom sin aktivitet, opnar vegen for at fleire eldre får delta aktivt i samfunnet.

## 6 OPPSUMMERING

Bakgrunn for dette forskingsprosjektet er teikn på at eldre kan oppleve marginalisering i samfunnet i dag. Dette påverkar ikkje berre dei eldre, men er og ein trussel mot samfunnet si berekraft. Problemstillinga for studien er å undersøkje kva deltaking i frivillige organisasjonar kan bety, både for dei eldre og for lokalsamfunnet. Problemstillinga er utforska gjennom fire forskningsspørsmål som omhandlar barrierar for deltaking og konsekvensar av deltaking på individ-, gruppe- og samfunnsnivå. Hovudfokuset er dei eldre sitt perspektiv saman med valte teoretiske perspektiv. Studien sine data inneheld også

i noko grad organisasjonane sine perspektiv, då informantane også opptre som representantar for organisasjonar.

Ledwith hevdar at lokalsamfunnet er kjelda til eit godt liv for alle. Målet med samfunnsutviklinga må vere å skape berekraftige samfunn der alt og alle blomstrar. Dette krev eit demokrati basert på deltaking (2011:197). Å få til gode medverknadsprosessar der alle involverte sine syn blir tekne omsyn til er svært vanskeleg, men avgjerande for resultatet. Frivillig sektor kan tenkjast å fungere godt som arena for slike prosessar, då fellesskap rundt felles interesse fremjar forståing og tonar ned skilnader mellom medlemmene.

Konsekvensar av deltaking i frivillige organisasjonar er omtala i fleire stortingsmeldingar. Både *Nasjonal strategi for å utjevne helseforskjeller* og *Nasjonal helse- og omsorgsplan* seier m.a. at deltaking gir meningsfylt aktivitet, sosialt fellesskap og tilhøyrsløse, og at organisasjonane er eit viktig alternativ til sosial inkludering for personar utanfor arbeid og utdanning (Meld.St. 16 (2010-2011) ; St.meld nr.20 2007). Stortingsmeldinga *Frivillighet for alle* løftar fram livskvalitet og helse som ein sentral konsekvens (St.meld. nr.39 (2006-2007)).

Funn i studien viser at deltaking i frivillige organisasjonar har stor verdi for eldre som deltar. Organisasjonane erstattar arbeidsplassen som stad for identitetsskaping og tilknytning til samfunnet. Dei fungerer som arena for sosial kontakt og gir høve til å bruke egne ressursar til oppgåver ein opplever som meningsfylte. Dette styrkar sjølvbiletet og betrar den generelle livskvaliteten.

Informantane sine erfaringar tydar også på at deltakinga har verdi for eldre som gruppe og for lokalsamfunnet. Organisasjonane bidrar til å synleggjere dei eldre sine ressursar. Dette er spesielt viktig for å motverke rådande oppfatningar om eldre som byrde for samfunnet. Frivillige organisasjonar med hovudvekt av eldre medlemmer, t.d. seniorgrupper, synes å styrke samanbindande sosial kapital og dei eldre sin kollektive identitet. Deltaking gir også tilgang på ny kunnskap og forum for medverknad i offentlege prosessar. Dette legg til rette for auka bevisstgjerings- og kollektiv handling. Samtidig ser ein at mangel på struktur og nivåenkande sosial kapital hemmar reell medverknad i samband med overordna avgjersler.

Når det gjeld lokalsamfunnet, er eldre si sosiale deltaking ein viktig del av den totale sosiale kapitalen i samfunnet. Eldre som gruppe er prega av kollektive og demokratiske verdiar, og er opptatt av å vidareføre sine erfaringar til andre. Eldre medlemmer i kultur- og fritidsorganisasjonar fokuserer ikkje berre på eiga interesse og nytte, men medverkar til aktivitetar som styrkar den generelle folkehelsen og lokaldemokratiet. Dei bidrar også til at tradisjonar og tradisjonskunnskap blir vidareført til nye generasjonar. Eldre er ein stor og viktig ressurs i det frivillige arbeidet, ofte til og med avgjerande for at frivillig arbeid skal finne stad.

Desse funna visar at dei eldre sitt perspektiv støtter opp under påstanden om at deltaking i frivillige organisasjonar kan fremje livskvalitet og livskraftige lokalsamfunn. Å fremje organisasjonsdeltaking er såleis eit relevant mål for samfunnsarbeid. Samfunnsarbeid som metode rettar seg mot ei gruppe eller eit fellesskap, og går ut på å få til endring og vekst frå innsida ved å styrke felles identitet, skape kollektivt medvit, og utvikle og ta i bruk felles ressursar for å nå felles mål (Minkler and Wallerstein 2005). Det er viktig å vere klar over grunnlaget for at ein set i gang ein endringsprosess. Er målet definert av dei det gjeld, eller er det andre sine verdisyn og preferansar som ligg til grunn? I følgje Craig (2007) har marginaliserte grupper erfaring med å bli utsatt for samfunnsarbeid der andre har bestemt kva målet er. Slike prosessar forsterkar undertrykkinga og strir mot dei grunnleggande verdiane i samfunnsarbeid.

Utifrå funna i studien er det to område som peikar seg ut som aktuelle fokus for samfunnsarbeid: *Omfang av deltaking* og *kollektiv empowerment*. Første fokusområde viser til nedgang i deltaking og ujamn fordeling av kven av dei eldre som deltar i frivillige organisasjonar. Organisasjonane blir meir selektive, og den sosiale skilnaden i deltakinga aukar. Dette forsterkar marginalisering og generell sosial skilnad.

I studien kjem det fram ulike faktorar som påverkar kven som deltar. Deltaking føreset organisasjonar som er tilgjengelege og tilrettelagte for eldre. Tidlegare erfaring/kultur for deltaking er ein viktig fremjande faktor. For eldre utan slik erfaring har personleg invitasjon og relasjon til andre medlemmer stor verdi. Det same gjeld støtte frå familie og vener. Eldre med lang erfaring som organisasjonsmedlem føretrekkjer ofte aldersblanda grupper, medan eldre utan erfaring helst vel eigne seniortilbod. Eldre legg vekt på dei kollektive verdiane ved deltaking. Viktige motiv er ønskje om å bidra til fellesskapet eller til det beste for "saka". Ei oppleving av at ein har noko å bidra med, og vørdnad frå andre, fremjar deltaking, medan tvil om eiga evne til meistring hemmar deltaking. Ønskje om å få gode opplevingar i kvardagen kan vere ein sterk motivasjonsfaktor. Diskursar i samfunnet fremjar deltaking for nokre, men er og med på å forsterke barrierar for dei som ikkje deltar.

Kunnskap om kva som hemmar og fremjar deltaking er nødvendig for å finne fram til gode tiltak. Å utvikle denne kunnskapen er ein viktig del av samfunnsarbeidet. Neste steg er å ta kunnskapen i bruk, som grunnlag for samarbeid med offentleg og frivillig sektor, for å fremje sosial deltaking for fleire. Betre høve til deltaking for marginaliserte grupper vil her vere eit prioritert område.

Det andre fokusområdet for samfunnsarbeid handlar om å medverke til at deltakinga styrkjer både dei eldre som gruppe og lokalsamfunnet som heilskap. Synleggjering og verdsetjing av eldre sine ressursar er viktig både for samfunnet si berekraft, og for etablering av motmakt og alternative diskursar til alderismen. Dette byggjer på ei forståing av at sosial deltaking kan føre til sosial endring ved hjelp av prosessar som fører til empowerment og auka sosial kapital.

Denne forståinga bli kritisert for å ikkje ta omsyn til strukturane over si rolle. Rønning skriv at å ta i bruk empowermentstrategiar for å motverke diskriminering er ei form for "blaming the victim" (2007:45). I følgje Ledwith, må empowerment starte med kritisk analyse av bakgrunnen for undertrykkinga og leggje dette til grunn for tiltak. Strategiar som ignorerer strukturelle årsaker forsterkar diskrimineringa (2011:13). Også Minkler og Wallerstein hevdar at bruk av omgrepet sosial kapital rettar fokuset mot sosial relasjonar i samfunnsgrupper, og overser dermed strukturelle vilkår (2005). Politikk, økonomi, stat og institusjonar er dei viktigaste strukturane som set rammer for handling (Wallerstein 2006). Tesoriero peikar på at arbeid for sosial endring må fokusere på ideologi og politikk, då desse områda er kjelda til ulikskap og undertrykking (2010:153-155).

Når informantane omtalar struktur, handlar det mest om fysiske, økonomiske og organisatoriske rammer, og rammevilkåra organisasjonane har for si drift. Det som ikkje blir omtala direkte, men som blir synleg gjennom dei eldre si forståing, er poststrukturelle faktorar. Tesoriero skriv at det poststrukturelle perspektivet rommar faktorar som språk, diskurs og gjeldande forståing. Dersom ein vil arbeide for større sosial deltaking, er det avgjerande at også dette perspektivet er inkludert (2010:55-57). I følgje Ledwith og Springett fører poststrukturelle faktorar til undertrykking ved at maktstrukturar og hegemoni set rammer for korleis individ og grupper kan leve liva sine (2010).

Empowerment tar utgangspunkt i at individa sin posisjon i samfunnsstrukturen er eit resultat av menneskeskapte, historiske prosessar. Sidan strukturane er skapt av sosial samhandling, kan dei også endrast (Askheim 2007:23). Samfunnsarbeid handlar om å leggje til rette for kollektiv handling som kan gjere samfunnsstrukturane meir rettferdige. Empowerment og sosial kapital er, slik eg forstår det, katalysatorar for kollektiv handling. I drøftinga rundt desse omgrepa kjem det klart fram at kollektiv handling kan vere ein kraftfull endringsstrategi, både på aktør- og strukturnivå. Skal sosial endring vere frigjerande, må dei undertrykte sjølv medverke. I følgje Freire, startar sosial endring med små steg der personane er, i det lokale kvardagslivet (Freire and Nordland 1999).

Purcell (2011) peikar på at kritisk refleksjon og kollektiv handling ikkje fører til endring om ein manglar kunnskap om krefter som formar samfunnet. Kunnskap om overordna strukturar byggjer, slik eg ser det, også på ei forståing av kva som styrer egne val. Sosial deltaking er difor ein nøkkel til å kunne påverke ideologi og politikk. Dette er i tråd med Bracht(1999) som skriv at deltaking i sosiale fellesskap fører til læring, bevisstgjering og individuell empowerment som er nødvendig for å få til kollektiv handling og endring.

Informantane i studien kjenner seg i stor grad myndiggjort, og opplever at dei har ressursar som samfunnet etterspør og set pris på. Men dei legg vekt på at tilrettelegging og støtte frå lokale styresmakter er nødvendig for å ta vare på og utvide den frivillige aktiviteten. Dei etterspør også betre høve til å påverke avgjersler. Nivålenkande sosial kapital er ein nøkkel for reell medverknad. Utvikling av strukturar på tvers av nivå, og forum for meir likeverdig innverknad på avgjersler som gjeld frivillig sektor, synes å vere relevante tiltak for samfunnsarbeid.

Dei fleste funna i studien samsvarar med forskning presentert i kapittel 2. Men det er også funn som peikar i andre retningar. Eitt av desse er den sterke vektlegginga informantane har på sjølve saka, og det å bringe det dei opplever som positive verdiar, vidare til andre. Det er i stor grad desse faktorane, og ikkje eigeninteresser, som er viktigast både som motivasjon for deltaking, og som kjelde til individuell empowerment og høgare livskvalitet.

Tilsvarende er det òg funn som peikar på lyst, glede og gode opplevingar som sentrale motiverande faktorar og positive konsekvensar av deltaking. Desse faktorane er lite framme i anna forskning. Informantane fortel og at deltaking i ein organisasjon kan ha stor verdi for å motverke einsemd, noko som blir avvist i andre studiar.

Eit anna funn som avvik frå kunnskapsstatusen, er organisasjonane sitt fokus på samfunnsnytte og demokratiske verdiar. Slike verdiar har, som vist i Figur 1, tradisjonelt vore knytt til kritiske eller kommunitære organisasjonar. Informantane sine erfaringar viser at slike verdiar også er sterkt til stades i kultur- og fritidsorganisasjonar, og at deltaking utifrå eigeninteresse ikkje treng bety mindre prioritering av samfunnsnytte – snarare tvert imot. Dette er i tråd med Habermann, omtala i Kaasa (2012), som seier at altruisme og eigennytte ikkje nødvendigvis må oppfattast som motsetningar, men kan også sjåast som gjensidige føresetnader. Om demokratisk tenkning og vektlegging av andre si nytte er eit fenomen som er sterkare blant eldre enn andre deltakar er usikkert, men andre studiar kan tyde på dette. M.a. finn Wollebæk og Sivesind at frivillig deltaking i dag, når ein ser alle aldersgrupper under eitt, i større grad handlar om å utvikle seg sjølv (2010:101).

Denne oppgåva tek utgangspunkt i ein diskurs som ser eldre som marginaliserte, og der "eldrebylgja" i følgje Daatland er ein metafor for eldre som belastning og trussel for samfunnet (Daatland 2011:21). Denne diskursen er, i følgje Nilssen (2011), vanleg i offentlege framstillingar i heile Europa. I samtalen informantane i mellom, er denne diskursen nærast fråverande. Dei viser derimot ei forståing av eldre som ein ressurs både for seg sjølv og for samfunnet. Undertrykkande strukturar blir ikkje forstått som noko som gjeld eldre spesielt, men meir som eit generelt samfunnsproblem.

Solvang (2000) skriv at ved å sjå sosiale kategoriar i lys av ulike diskursar, kan ein få ei meir heilskapleg forståing og opne for styrkande prosessar. I følgje Henriksbø og Sudmann (2011) kan sosial marginalisering også romme nye mulegheiter som ikkje er tilgjengelege for andre. Dei eldre har i dag få roller i samfunnslivet (Daatland and Solem 2011:26). Dette er ein trussel mot sosial deltaking, men også eit høve til å bruke ressursane sine på nye måtar som dei sjølv kan definere. Informantane i denne studien synest å ha ei slik forståing, samtidig som dei erkjenner at andre eldre ikkje opplever det på same måte. Det kan tenkjast at ei meir nyansert framstilling av dei eldre i den offentlege debatten kan føre til at fleire, både eldre sjølv og andre, ser og tar i bruk dei unike ressursane til denne gruppa.

Eldre er ingen einsarta kategori, men emner om personar med svært ulike bakgrunnar, livssituasjonar, ønskjer og behov. Utvalet i denne studien er hovudsakleg eldre med lang

og brei erfaring som organisasjonsmedlem. For ei meir heilskapleg forståing, er det nødvendig med fleire studiar som kan gi fleire perspektiv på problemstillinga. Spesielt vil det vere viktig å få fram perspektivet til eldre som ikkje deltek i frivillige organisasjonar.

- Antonovsky, A. and A. Lev (2000). Helbredets mysterium: at tåle stress og forblive rask. København, Hans Reitzel Forlag.
- Arnstein, S. R. (1969). "A ladder of citizen participation." Journal of the American Institute of planners 35(4): 216-224.
- Askheim, O. P. (2007). Empowerment - ulike tilnæringer. Empowerment i teori og praksis. O. P. o. S. Askheim, B. Oslo, Gyldendal akademisk.
- Bandura, A. (2006). "Toward a psychology of human agency." Perspectives on psychological science 1(2): 164-180.
- Barbour, R. (2007). Doing focus groups. London, SAGE.
- Bauman, Z. and T. May (2004). Å tenke sosiologisk. Oslo, Abstrakt forl.
- Bracht, N., Kingsbury, L., Rissel, C. (1999). A Five-Stage Community Organization Model for Health Promotion. Health Promotion at the community level. N. F. Bracht. Thousand Oaks, California, SAGE Publications: 83-104.
- Bracht, N. F. (1999). Health promotion at the community level: new advances. Thousand Oaks, Calif., Sage Publications.
- Brinkmann, S., Tanggaard, L., Hanssen, W. (2012). Kvalitative metoder: empiri og teoriutvikling. Oslo, Gyldendal akademisk.
- Browne, B. W. (2003). "Liberating imagination about ageing." Foresight 5(6): 69-72.
- Butterfoss, F. D. (2006). "Process evaluation for community participation." Annu. Rev. Public Health 27: 323-340.
- Cannuscio, C., Block, J., Kawachi, I., (2003). "Social capital and successful aging: The role of senior housing." Annals of Internal Medicine 139 (5 Part 2): 395.
- Colantonio, A. and T. J. Dixon (2010). Urban regeneration & social sustainability: best practice from European cities. Chichester, West Sussex, UK, Wiley-Blackwell.
- Cornwall, A. (2008). "Unpacking "Participation": models, meanings and practices." Community Development Journal 43(3): 269-283.
- Cornwall, A. and V. S. P. Coelho (2007). Spaces for change? : the politics of citizen participation in new democratic arenas. London, Zed Books.
- Craig, G. (2007). "Community capacity-building: Something old, something new...?" Critical Social Policy 27(3): 335-359.
- Creswell, J. W. (2007). Qualitative inquiry & research design: choosing among five approaches. Thousand Oaks, Calif., Sage.
- Daatland, S. O. (2008). Aldring som provokasjon : tekster om aldring og samfunn. Bergen, Fagbokforl.

- Daatland, S. O. (2011). Den søte alderdom? Livskvalitet. S. Næss, Moum, T, Eriksen, J. Bergen, Fagbokforlaget: 184-189.
- Daatland, S. O. and B. Slagsvold (2006). Eldre år, lokale variasjoner. NOVA-rapport, NOVA. 15.
- Daatland, S. O. and P. E. Solem (2011). Aldring og samfunn: innføring i sosialgerontologi. Bergen, Fagbokforl.
- Dominelli, L. (2002). Anti-oppressive social work theory and practice. Basingstoke, Hampshire [England], Palgrave Macmillan.
- Doyal, L. and I. Gough (1991). A theory of human need. Basingstoke, Macmillan.
- Enjolras, B., Steen-Johnsen, K., Ødegård, G., (2012). Deltagelse i frivillige organisasjoner. Forutsetninger og effekter. Bergen/Oslo, Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Freire, P. and E. Nordland (1999). De undertryktes pedagogikk. Oslo, Ad notam Gyldendal.
- Fuchs, S. (2001). "Beyond agency." Sociological Theory **19**(1): 24-40.
- Fugelli, P. and B. Ingstad (2009). Helse på norsk: god helse slik folk ser det. Oslo, Gyldendal akademisk.
- Gieryn, T. (2000). "A space for place in sociology." Annual review of sociology **26**: 463-496.
- Gilje, N. and H. Grimen (1993). Samfunnsvitenskapenes forutsetninger: innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi. Oslo, Universitetsforlaget.
- Grotle, E. (2012). Vi var her først! Bergens Tidende. Bergen.
- Gulbrandsen, T. and G. Ødegård (2011). Frivillige organisasjoner i en ny tid. Utfordringer og endringsprosesser. Oslo, Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Halkier, B. and K. Gjerpe (2010). Fokusgrupper. Oslo, Gyldendal akademisk.
- Henriksbø, K. and T. T. Sudmann (2011). "Kollektiv handling skaper endring." Fontene **2011**(12): 50-56.
- Hjort, P. F. (2010). Alderdom: helse, omsorg og kultur. Oslo, Universitetsforlaget.
- Kaasa, A. (2012). Sosialt arbeid i samarbeid med frivillige. Bergen, Diakonhjemmets høgskole, avdeling for sosialt arbeid.
- Kawachi, I., Kennedy, B., Glass, R., (1999). "Social capital and self-rated health: a contextual analysis." American Journal of Public Health **89**(8): 1187-1193.
- Kvale, S. (1997). Det kvalitative forskningsintervju. Oslo, Ad notam Gyldendal.
- Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T., Rygge, J., (2009). Det kvalitative forskningsintervju. Oslo, Gyldendal akademisk.



- Ledwith, M. and J. Campling (2011). Community development: a critical approach. Bristol, Policy Press: xvi, 226 s.
- Ledwith, M. and J. Springett (2010). Participatory practice: community-based action for transformative change. Bristol, Policy Press.
- Levy, B. R. (2003). "Mind matters: Cognitive and physical effects of aging self-stereotypes." The Journals of Gerontology Series B: Psychological Sciences and Social Sciences 58(4): P203-P211.
- Loga, J. (2010). Livskvalitet. Oslo/Bergen Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- LOV-2011-06-24 Folkehelseloven. Oslo, Helse og omsorgsdepartementet.
- Martinussen, W. (2008). Samfunnsliv: innføring i sosiologiske tenkemåter. Oslo, Universitetsforl.
- Meld.St.34 (2012-2013) (2013). Folkehelsemeldingen. God helse - felles ansvar. Oslo, Helse- og omsorgsdepartementet.
- Meld.St. 16 (2010-2011) Nasjonal helse og omsorgsplan. Oslo, Helse- og omsorgsdepartementet.
- Minkler, M. and N. Wallerstein (2005). Improving Health through Community Organizing and Community Building. A Health Education Perspective. Community Organizing and Community Building for Health. M. Minkler. London, Rutgers University Press: 26-51.
- Nes, R. B., Tambs, K. (2011). Helse og livskvalitet. Livskvalitet. Forskning om det gode liv. S. Næss, Moum,T, Eriksen, J. Bergen, Fagbokforlaget: 120-125.
- Nilssen, E. (2011). Forståelse av aldring og helse, en sammenligning av EU og WHO. Folkehelsedagen 2011. Bergen, UNI Reserach.
- NOU 1998 Det er bruk for alle. Helse- og omsorgsdepartementet. Oslo.
- Næss, S. (2011). Språkbruk, definisjoner. Livskvalitet. Forskning om det gode liv. S. Næss, Moum,T., Eriksen, J., Bergen, Fagbokforlaget: 15-47.
- Næss, S. (2011). Teorier. Livskvalitet. Forskning om det gode liv. S. Næss, Moum,T., Eriksen, J., Bergen, Fagbokforlaget: 69-80.
- Næss, S., Moum, T., Eriksen, J., (2011). Livskvalitet. Forskning om det gode liv. Bergen, Fagbokforl.
- Paulssen, E. and A. Moltumyr. (2012). "Dagens folkehelseutfordringer." Retrieved 01.04.13, 2013, from <http://www.kommunetorget.no/Temaomrader/Folkehelse/Hva-og-hvorfor-folkehelse/Dagens-folkehelseutfordringer>.
- Pitchford, M. and P. Henderson (2008). Making spaces for community development. Bristol, The Policy Press.

- Polletta, F. and J. M. Jasper (2001). "Collective identity and social movements." Annual review of sociology: 283-305.
- Purcell, R. (2011). "Community development and everyday life." Community Development Journal 47(2): 266-281.
- Putnam, R. D. (1995). "Bowling alone: America's declining social capital." Journal of democracy 6: 65-78.
- Repstad, P. (1998). Mellom nærhet og distanse : Kvalitative metoder i samfunnsfag. Oslo, Universitetsforl.
- Rønning, R. (2007). Brukermedvirkning og empowerment - gammel vin på nye flasker? Empowerment: I teori og praksis. O. P. Askheim, Starrin, B. Oslo, Gyldendal Akademisk.
- Segaard, S. B. and D. Wollebæk (2011). Sosial kapital i Norge. [Oslo], Cappelen Damm akademisk.
- Shilling, C. (1999). "Towards an embodied understanding of the structure/agency relationship." The British journal of sociology 50(4): 543-562.
- Sivesind, K. H. (2005). Seniorers deltakelse i frivillig arbeid. Oslo, Institutt for Samfunnsforskning.
- Slade, M. (2010). "Mental illness and well-being: the central importance of positive psychology and recovery approaches." BMC Health Services Research 10(1): 26.
- Slettebø, T. (2000). "Empowerment som tilnærming i sosialt arbeid." Nordisk sosialt arbeid 2: 75-85.
- Solem, P. E. (2012). "Endring i husarbeid, fritidsaktiviteter og frivillig arbeid etter yrkesavgang." Tidsskrift for velferdsforskning 15(3): 207-221.
- Solvang, P. (2000). "The emergence of an us and them discourse in disability theory." Scandinavian Journal of Disability Research 2(1): 3-20.
- St.meld nr.20 (2007). Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller. Helse- og omsorgsdepartementet. Oslo, Akademika AS.
- St.meld. nr 10 (2011-2012) Kultur, inkludering og deltaking. Kulturdepartementet. Oslo.
- St.meld. nr 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen. Helse- og omsorgsdepartementet. Oslo.
- St.meld. nr.39 (2006-2007) Frivillighet for alle. Oslo, Kulturdepartementet.
- Starrin, B. (2007). Empowerment som livsinnstilling - kan vi lære noe av Pippi Langstrømpe. Empowerment i teori og praksis. O. P. Askheim, Starrin, B. Oslo, Gyldendal Akademisk: 59-70.
- Strømsnes, K. (2012). "Sosial kapital og frivillighet." Tidsskrift for velferdsforskning 15(2): 122-133.

- Sund, E. R. (2009). Sosial kapital Teorier og perspektiver - en kunnskapsoversikt med vekt på folkehelse. Helsedirektoratet. Oslo, Helsedirektoratet.
- Sørensen, T. (2011). Sosial støtte, lokalsamfunn. Livskvalitet. S. Næss, Moum, T, Eriksen, J. Bergen, Fagbokforlaget: 199-205.
- Tellnes, G. (2007). "Salutogenese-hva er det." Michael 4(2): 144-149.
- Tesoriero, F. (2010). Community development: community-based alternatives in an age of globalisation. Frenchs Forest, Pearson Education Australia.
- Underlid, K. (1997). Gruppesykologi. Bergen-Sandviken, Fagbokforl.
- Wallerstein, N. (2006). What is the evidence on effectiveness of empowerment to improve health? Copenhagen, WHO Regional office for Europe.
- WHO (1986). Ottawa Charter for Health Promotion. International Conference on Health Promotion. Ottawa, WHO: 1-5.
- WHO (2008). Closing the gap in a generation. Genova, World Health Organization, The Commission on Social Determinants of Health.
- Wollebæk, D. and P. Selle (2002). Det nye organisasjonssamfunnet: Demokrati i omforming. Bergen, Fagbokforl.
- Wollebæk, D., Selle, P., Strømsnes, K., (2008). Endringsprosesser i norsk frivillighet. Bergen, Senteret.
- Wollebæk, D. and K. H. Sivesind (2010). Fra folkebevegelse til filantropi? Frivillig innsats i Norge 1997-2009. Oslo, Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.

Vedlegg 1: Svar frå NSD

Vedlegg 2: Brev til organisasjonane

Vedlegg 3: Brev til deltakarane

Vedlegg 3: Temaguide til fokusgruppa

